

«Samfunnsengasjementet som aldri døyr?»

Ein kvalitativ studie av SV og HF studentar si  
deltaking i politisk protest, i dag og på 1960/70  
talet

Anette Berge



Masteroppgave

Haust 2015

Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen



## Samandrag

Denne oppgåva tar for seg ei samanlikning av deltaking i politisk protest blant studentar ved det Samfunnsvitskaplige (SV) og Humanistiske (HF) fakultet ved Universitetet i Bergen i dag og på 1960/70 talet. Bakgrunnen for dette var i å forstå kva som gjer individ tek del i politisk protest. Det er mykje som er skrivet om dette, særleg i forhold til 68-generasjonen, men lite er skrivet om aktivisme blant dagens studentar.

Denne oppgåva tek for seg kva som motiverer studentane i begge generasjonar til å ta del i politisk protest, men også korleis deira oppleving av å ta del verkar inn på korleis dei er aktive.

Oppgåva bygger på 14 kvalitative intervju med sju venstreradikale studentar frå kva av desse generasjonane. Det teoretiske utgangspunkt bygger i hovudsak på James M. Jasper sitt kulturelle rammeverk, der han fokusere på kulturelle prosessar som formar verdiar, kjensler og syn på verda, men også biografiske prosessar som gjer oss til særeigne og kreative individ. Det er gjennom brot med desse at opplevingar av misnøye, frustrasjon, sinne og andre kjensler, ofte driver ein til å ta del i protest.

Gjennom eit rikt historisk material frå begge generasjonar tilbyr oppgåva ein forståing av villigheita ut i frå ulike formar for moralske sjokk knyttet til opplevingar, informasjon eller hendingar, der ein blei bevisste på at noko bryt med eget syn på verda.

Funna viser ulike formar for deltaking hos begge generasjonar, må forståast saman med livssituasjonar, individuelle særtrekk. Opplevinga av å ta del har vist seg å vere like særeigen som motivasjonane til å ta del. Dette er for begge generasjonar knytt til både gleder og utfordringar. Det er framståande at sjokka som får ein til å reagere, men det er gjennom påverknad av andre som får aktørane til å ta del. Dette byggjer også på tradisjon, og ei kjensla av å vere med i ei rørsle som arbeida for å endre verda til noko betre. Dette er viktig i forhold til begge generasjonar si oppleving av ein kollektiv identitet.

Tal på ord i hovudtekst: (Eks. samandrag), forord og litteraturliste: 3800 ord

## Førord

Det å skrive masteroppgåve er ein krevjande prosess, men no når eg ser tilbake på den har den også vore veldig interessant og lærerik.

Først og fremst vil eg takke alle informantane mine! Tusen hjerteleg for at dykk stilte opp, og for alle erfaringane og historiene. Eg har lært veldig mykje, og beundra dykkar engasjement.

Deretter vil eg takke rettleiar, Alf Gunvald Nilsen, som har vore til stor hjelp med gode innspel og råd, sjølv når du har vore i India. Tusen takk for at du har vore så positiv.

Tusen takk til alle 'gamle' og 'nye' masterstudentar på Sofie Lindstrøms! Ein herleg gjeng, som har bidrege med livelege diskusjonar, latter, og lange kaffipausar. Eg vil særleg takke Kristine M, Hege, Elisabeth S, Arna, Henrik, Nadine og Baste for godt humør, gode tips og støtte.

Eg vil gjerne takke pappa, og særleg mamma som alltid veit kva ho skal sei når tårene triller og ingenting går. Og takk til litesysta, Eva, som har bidrege med humørspreiande telefonsamtala, samt korrekturlesing.

Tusen takk til Jeanette, som alltid er positiv og herlig, sjølv når eg er i totalt motsett ende av skalaen. Og takk for Lena, for korrektur, og for godt humør.

Til slutt vil eg takk verdens herligaste sambuar, Eivind, som har helde ut med meg, laga mat til meg og stressa meg ned når det trengst. Du har vore positiv heile vegen, sjølv når eg for hundrande gong fortel kva analysen min handlar om. Du har vore heilt konge!

Anette Berge,

Bergen, 16.12.15,

# Innholdsfortegnelse

Samandrag .....	3
Forord .....	4
Kapittel 1. Introduksjon.....	7
1.1. Problemstilling og kapitteloversikt.....	8
Kapittel 2. Kontekst .....	10
2.1. Innleiing .....	10
2.2. Omgrepsavklaring .....	11
2.2.1. Venstreradikal .....	11
2.2.2. Sekstiåttar .....	11
2.3. Historisk bakteppe .....	13
2.3.1. Eit globalt blick på 68 opprøret .....	13
2.3.3 Nasjonalt blick.....	14
2.4. Dagens bakteppe.....	18
2.4.2. Alternativ globalisering .....	19
2.4.3. Finanskrisa: Internasjonale og nasjonale konsekvensar.....	20
2.5. Oppsummering.....	23
Kapittel 3. Teoretisk rammeverk .....	24
3. 1 Innleiing.....	24
3.2. Kulturelle tilnærminga til protest .....	25
3.2.1. Tidlegare forståingar av protest .....	25
3.2.2 James M. Jasper sitt kulturelle rammeverk .....	26
3.3. Utdjuping av sentrale omgrep .....	29
3.3.1 Emosjonar, moral og biografi i protest .....	29
3.4 Bruk av omgrep i analysen .....	36
Oppsummering .....	37
Kapittel 4. Metodiske refleksjonar .....	38
4.1. Innleiing .....	38

4.2. Oppgåva si utvikling .....	38
4.3. Den kvalitative metoden .....	39
4.4. Kvalitative intervju .....	40
4.4.1. Utvalet .....	40
4.4.2. Gjennomføring .....	42
4.5. Reliabilitet og validitet.....	45
4.5.1 Reliabilitet .....	45
4.5.2 Validitet.....	46
4.6 Etske problemstillingar .....	47
4.7. Oppsummering.....	49
Kapittel 5. Analyse.....	50
5.1. Innleiing .....	50
5.2. Kultur, biografi og deltaking .....	51
5.2.1. Bakgrunn og identitet.....	51
5.2.2. Ulike protestlivsløp og deltaking .....	54
5.3. Moral, kjensler, biografi og villigheit .....	61
5.3.1. Sekstiåttarane .....	61
5.3.2 Dagens generasjon .....	67
5.4. Kollektive kjensler, og særeigne opplevingar.....	74
5.4.1. 68-studentane .....	74
5.4.2. Dagens studentar .....	80
Kapittel 6. Avslutning .....	86
Kapittel 7. Litteraturliste .....	90
Vedlegg 1. Informasjonsskriv.....	97
Vedlegg 2. Intervjuguide 1. (60/70 tals studentar) .....	98
Vedlegg 3. Intervjuguide 2. (Dagens studentar) .....	99

## Kapittel 1. Introduksjon

Du må ikke gå til ditt kjøpmannskap og tenke hvad der gir vinning og tap!  
Du må ikke skylde på aker og fe og at du har mer enn nok med det!  
Du må ikke sitte trygt i ditt hjem og si: Det er sørgelig, stakkars dem!  
Du må ikke tåle så inderlig vel den urett som ikke rammer dig selv!  
Jeg roper med siste pust av min stemme: Du har ikke lov til å gå der og glemme!  
(Øverland, 1937: 68).

Rundt om i verda i dag har vi sett ei oppblomstring av sosiale rørsler, med menneskjer som tek til gatene, både i sinne og frustrasjon over situasjonar som dei ønskjer å endre (Pleyer, 2013). Nokre gongar er dette handlar dette om dei sjølve og deira eigen eller nære sin situasjon, mens andre gongar er dette på vegne av andre si urettferd. Dette er menneskjer som opplever ulike formar for misnøye og frustrasjonen. Deriblant høg arbeidsløyse, auke i klasseskilnadar, fattigdom, kuttpolitikk, innskrenking av moglegheiter, men også mistru og/eller krav om demokrati (Pleyers, 2013). Dette er utviklingstrekk som vi kan sjå i kjølevatn av finanskrisa, som ein opplever både i det globale sør og det globale nord.

Protest er ikkje noko nytt fenomen, men har sidan tidenes morgon vore eit middel for menneskjer som ønskjer å endre forhold dei er misnøgdde med, eller opplever som urettferdig på eigne eller andre sine vegne.

Dette kan vi sjå at i alle sosiale og politiske formar for rettar vi har i dag, som er vunne fram menneskjer som har teke del i kollektive rørsler. Likevel kan ein undrast kvifor det er nokre som tek del, mens andre let vere. Kvifor tek nokre del på vegne av bakgrunn av ein indignasjon på vegne av menneskjer ein aldri har møtt?

Med dette vil eg trekke oss attende til 1968. Den tida då studentar tok til gatene, også her i Noreg, for å vise solidaritet for dei undertrykka, men også for å kjempe for endring nasjonalt og internasjonalt. 1968 er eit år som er mykje omtalt, både i norsk og i verdssamanheng, både fordi det var eit år som mange forbinder med at ei anna verd blei mogleg, men også fordi det er eit årstal som har gjeve namn til ein heil opprørsk generasjon. Dette er ein generasjon som ofte er blir samanlikninga med norske studentar i dag. Mange undrast kvar alle aktive unge, og då særleg studentar, er i dag, og kvifor ingen viser den same gløden som ein viste den gangen.

Framfor å dra alle under ein kam og legge aktivismen død er det viktig å dra fram dei studentane som er aktive, og forstå prosessane som driver dei til å ta del. For meg er studentar som er aktive på den radikale politiske venstresida mest interessante, fordi desse har ein tradisjon for å vise solidaritet til undertrykte grupper (Anderson og Jacobsen, 2011: 11). Desse studentane er også medlemmar av grupperingar som har ei erkjent plassering på den radikale venstresida, slik også mange av dei aktive studentane på 60/70 talet hadde. Til tross for at desse ikkje er like synlege og høglydte som 68-er generasjonen var.

### **1.1. Problemstilling og kapitteloversikt**

Eg er interessert i å forstå kva som gjorde/gjer nokre menneskjer villige til å ta del i politisk protest, men også korleis deira opplevingar av å ta del som kan tenkjast å virke inn på korleis ein tek del. Dette ønskjer eg å gjere gjennom å samanlikne to generasjonar av norske venstreradikale studentar,<sup>1</sup> som studera/studerte enten på det humanistiske og/eller samfunnsvitskaplege fakultetet ved universitetet i Bergen. Tor Egil Førland og Trine Korsvik (2008) skildra studentar ved det samfunnsvitskaplege og humanistiske fakultetet ved universitetet i Oslo som dei mest aktive på denne tida. Sidan samfunnsfag har ein kjent tendens til å trekke til seg unge som er samfunnsinteresserte, vil eg gå ut i frå at dette også gjelder ved UIB, både i dag og attende på 60/70 talet. Ut ifrå dette ønskjer eg å seie noko om kva gjer/gjorde SV og HF studentar ved UIB i både i dag og på 60/70 talet villige til å ta del i politisk protest, men også korleis dei opplever/opplevde å ta del i protestaktivitetar.

Eg vil belyse denne problemstillinga med James M. Jasper (1997) sitt kulturelle rammeverk. Dette perspektivet viser til korleis dei aller fleste protesthandlingar kan forståast som moralske, og at vi også treng å inkludere biografi og kulturelle prosessar for å forstå kva som ligger bak dei. Dei kulturelle prosessane kan forståast som rammer for korleis vi tenkjer om verda rundt oss, kva vi bryr oss om, og korleis vi handlar ut i frå desse. Biografi viser på den andre side til prosessar som gjer alle protesterande ulike, som gjer at vi tek til oss ulike deler av dei kulturelle prosessane. Gjennom å forstå kva dei ulike individa i kvar generasjon bryr seg om, og kva som bryter med dette, kan vi også forstå kva som gjer dei villige til å ta del i protest.

Ved å ta utgangspunkt i dette rammeverket kan ein på den eine sida forstå forskjellar både mellom og innanfor ein generasjonar. Ved å ta utgangspunkt i kvalitative intervju, som gjev informantane moglegheit til å skildre sine eigne erfaringar og syn på verda, får eg moglegheit

---

<sup>1</sup> Eg vil definere «venstreradikale» i neste kapittel.



til å seie noko om kvar enkelt sine særeigne erfaringar. Det er ikkje eit forsøk å på å kome med noko samfunnsanalyse av heile studentgrupper, verken i dag eller på slutten av 60 og byrjinga av 70 talet. Dette vil ikkje vere mogleg sidan studentane i begge generasjonar vil, slik Jasper skildra, på den eine sida ha ulike årsakar til å ta del, men også ulike opplevingar av aktivitetane. Det er heller eit forsøk på å forstå enkeltindivid innanfor kvar av desse gruppene, basert på kontekst, generasjon og kva som tilsynelatande er viktig for dei.

I det neste kapittelet vil eg ta føre meg kontekstane som kvar av desse studentgenerasjonane handlar i og på bakgrunn av, men også definere omgrepa *venstreradikalisme*, og *sekstiåttar*. I kapittel 3 vil eg vise til det teoretiske rammeverket eg ønskjer å basere mi analyse på. Her vil eg vise til Jaspers kulturelle rammeverk, men også til sentrale omgrep som vil vere viktig i analysen av datamaterialet i seinare kapittel. I kapittel 4 tek eg sikte på å vise til dei metodiske refleksjonane som er gjort både før, under og etter analysen. Eg vil her reflektere over prosessen, metoden, men også etiske omsyn som er viktige. I kapittel 5 vil eg belyse problemstillinga for oppgåva i lys av det teoretiske rammeverket og funn som eg har gjort i datamaterialet. I kapittel 6 vil eg kome med ein konkluderande drøfting, der eg vil samanfatte funn i analysen og vise til vegen vidare.

## Kapittel 2. Kontekst

### 2.1. Innleiing

Each generation must, out of relative obscurity, discover its mission, fulfill it, or betray it (Fanon, 1963).

I Noreg, som i andre land, er det mykje forskning som er gjort om den radikale 68-generasjonen. Det er få årstal som er like ofte sitert, skildra, bejubla eller baktalt som 1968 (Førland i Lien, 2008). I forhold til dagens generasjon er det lite, så vidt eg veit, som er skrivet kring kva som engasjerte venstreradikale som gruppe. Det er derfor få eller ingen akademiske studiar, som har teke føre seg ein komparasjon av desse to generasjonane av venstreradikale studentar. Eg vil likevel poengtere at dersom ein tek føre seg personar i sine tilhøyrande ideologiske grupper eller miljø, vil ein mest truleg finne litteratur som er skrivet om og ofte av venstreradikale. Slik eg også har nemnt i introduksjonen er dette ei samanlikning av enkelt grupper og miljø i begge generasjonar som eg har gått vekk i frå.

Av norsk litteratur som tek føre seg 68-generasjonen kan vi skilje mellom akademisk og skjønnlitterær.<sup>2</sup> Av akademisk litteratur og studiar kan historikar Tor Egil Førland (2008, 2015) og kjønnsforskar Trine Korsvik (2008, 2010), som både saman og kvar for seg har bidrege med forståingar av *Ekte sekstiåttar*, forståingar av 68-opprøret generelt, men av den nye kvinnerørsla frå 1970 talet.<sup>3</sup> Når det gjelder forståing av den norske samfunnskonteksten, men også rørsler som Vietnam og Nei til EU, har historikarar som James Godbolt (2010) og Francis Sejersted (2014, 2015) bidrege gjennom eigne studiar eller historiske utgreiingar. Eg vil bruke dei nemnde over for å kunne seie noko om konteksten desse studentane reagerte på.

For å forstå kva som får menneskjer til å protestere trenger ein også å vite noko om konteksten dei agera ut i frå. I dette kapittelet vil eg presentere bakgrunnsmateriale som viser til kontekstuelle skilje mellom generasjonane, som eg meiner vil vere sentral i analysen. Innleiingsvis vil eg presentere og definere korleis eg vil bruke omgrepa *venstreradikal*, og *sekstiåttar*. Deretter vil eg danne eit historisk bakteppe for konteksten sekstiåttarane handla i, der eg vil vise til både den globale og nasjonale konteksten.

---

<sup>2</sup> Dømer skjønnlitterær litteratur er: Dag Solstad (1982) med *Gymnaslærer Pedersen*, Pål Steigan (2013) med *En folkefiende*, og Nils-Fredrik Nilssen (1984) med *Ekte sekstiåttare spiser ikkje seipanetter*.

<sup>3</sup> Andre som kan nemnast er også Runa Haukaa (1982): «Bak slagordene: Den nye kvinnebevegelsen i Norge», og Bergen kvinnesaksforening (2007): «Vi var med ... Kvinnekamp i Bergen på 1970 talet».

Mykje av engasjementet til venstreradikale, som vi skal sjå under, kan koplast opp mot reaksjonar på urettferdar på vegne av andre, som ofte har sin bakgrunn i det kapitalistiske systemet og imperialisme. Eg vil her vise til korleis dagens kontekst er prega av eit neo-liberalistisk system, som mange meiner er urettferdig. Deretter eg vise til globale og nasjonale konsekvensar og kritikkar som er retta mot systemet frå alter-globaliseringsrørsla på 90 talet fram til i kjølevatn av finanskrisa i dag. Dette for å gje eit bilde av kva som engasjera unge menneskjer i dag.

## 2.2. Omgrepsavklaring

### 2.2.1. Venstreradikal

Den radikale venstresida har i Noreg, som i mange andre land, hatt ein lang tradisjon med å vise solidaritet med menneskjer som er utsett for urettferd, ofte med bakgrunn i imperialisme og kapitalisme (Anderson og Jacobsen, 2011:11). Ein ønskjer å vere med å endre eit system som ein meiner bidreg til urettferd. Dette kan sjåast i samanheng med ulike solidaritetsrørsler som finst i dag, men også tidlegare rørsler som motstand mot apartheidsystemet i Sør-Afrika, Vietnamkrigen, Palestina-konflikten, Irak-krigen, og liknande. Ut ifrå dette kan venstreradikal forståast som eit tankesett, og ikkje som ei spesifikk gruppe. Dette er også eit samleomgrep for personar som plassera seg sjølv på den radikale venstresida, både politisk og samfunnsmessig. Dette fordi det er ikkje alle som er aktive i eit politisk parti, andre arbeidar innanfor utanfor eller i ulike grupper med enkeltsaker i samfunnet.

Dette vil vere ein overordna kategori for informantane som tek del i motstand på vegne av andre menneskjer, til tross for det kan tenkjast at ein er del av ulike miljø og deltek på ulike vis. Til tross for at ein identifisera seg med den radikale venstresida, vil ein likevel finne ulike meiningar og personlegdomar. Dette skal eg kome attende til i neste kapittel, som tek for seg det teoretiske rammeverk for oppgåva. Dei trenger ikkje definere seg sjølv med merkjelappen 'venstreradikal', sidan mange vil ha andre identitetar som ein føler seg meir heime i (sosialist, feminist, anarkist, kommunist og liknande). Nokre av informantane viser til at *venstreaktivist* er meir dekkjande for deira del. Dette er på den andre sida eit omgrep som legger rammer for aktivitetsnivå, som andre informantar ikkje vil kjenne seg att i. Eg vil av denne grunn bruke venstreradikal og venstreaktivist om kvarandre når eg skriver.

### 2.2.2. Sekstiåttar

Kven som blir rekna for å vere ein del av 68-generasjonen blir framstilt på ulike måtar. På den eine sida har ein skjønnlitterære og biografiske framstillingar, som ofte knytt dette omgrepet

opp mot sjølvopplevde eller humoristiske skildringar. Her kan vi nemne Nils-Fredrik Nilsen (1984) si humoristiske skildring av desse som raudvinsdrikkande frå beste vestkant, i boka *Ekte sekstiåttare spiser ikke seipanetter*. Eller Pål Steigan (2013) som knyt omgrepet til arbeidarklassa og maoismen.

Tor Egil Førland og Trine Korsvik viser til fleire svakdomar rundt korleis dette omgrepet blir anvendt, der fleire tek utgangspunkt i eget minne, framfor å trekke fram fleirsidigheita i generasjonen (2008:22). Samen viser dei i boka *Ekte sekstiåttare* til korleis ein kan forstå desse ut i frå typar, som dei har basert på spørjeundersøkingar og til dels intervju (ibid:16). I studien viser dei til at det å vere ein del av 68-generasjonen handlar om eit tankesett som ein hadde, og til dels har helde fast på sidan. Dette er personar som fekk sitt både sitt verdsyn og livssyn radikalisererte av hendingane som er blitt kuliminert i perioden rundt og i 1968. Førland og Korsvik (2008:21) spesifisera at det ikkje treng å vere opplevingar knytt til vald, men også kjensler av fellesskap og meining knytt til demonstrasjonar, aksjonar og liknande. Nokre krav blir likevel sett til definisjonen, fordi det er nokre aldersgrupper som vil vere lettare å påverke. Dette må også vere unge som er blitt 'vaksne' nok til å forstå kva som skjer, og har interesser utanfor heime og skule, men at plikter, kynisme og resignasjon endå ikkje har teke overhand. Førland og Korsvik (2008:21) viser derfor til at dei aller *fleste* som kan reknast som *ekte sekstiåttare* er fødte mellom 1940 og 1950 talet.

Eg vil basere mitt utval på Førland og Korsvik sin definisjon, men vil også ta føre meg aktive studentar som også er fødte etter deira fødselskohort (1940 - 1950). Argumentet for dette er henta frå James Godbolt (2010: 59-75), som meiner at det ofte vil vere fruktbart å legge vekt på fellestrekk mellom rørsle som fann stad på slutten av 60 og utover 70 talet. Dette er fordi dei ofte henger saman kronologisk i det *lange sekstialet*, med mobilisering mot hendingar som Vietnamkrigen, som varte til 1975. Eg meiner derfor at det er gunstig å ta med personar som er fødte nokre år etter den gitte kohorten. Dette er fordi det kan tenkjast at også desse fekk sine liv radikaliserert, gjerne også før dei blei studentar, av tilsvarande opplevingar som Førland og Korsvik skildra i sin definisjon. Ein kan ut ifrå dette snakke om *ekte* og *seinare sekstiåttarar*, men fordi eg ikkje ønskjer skilje desse frå kvarandre i analyse, vil eg omtale begge desse for *68-generasjonen* eller *sekstiåttarane*.

## 2.3. Historisk bakteppe

### 2.3.1. Eit globalt blikk på 68 opprøret

Alle regionar av verda var påverka av 1968 på ulike måtar (Watts, 2001:167). For å forstå kor fleirtydig dette opprøret var er det i følge Førland viktig å legge vekt på nasjonale og lokale forhold, så vel som globale forhold. Til tross for at ein må vektlegg slike forskjellar meiner han at det meste av opprøra førekom gjennom sosiale rørsler, der fokuset varierte frå borgarrettar, til fred, til minoritetar sine rettar, demokratiutvikling, og til byrjande feministrørsler (2015:126).

Medievitjar Rolf Werenskjold meiner at i norsk samanheng blir ofte 1968 opprøret framstilt i ein vest-europeisk og amerikansk kontekst, med fokus på valden i Berlin, Parisopprøret i mai 1968, og anti-krigsdemonstrasjonane i USA (2006:133). Han meiner at det er viktig å understreke at dette var eit opprør som også var viktig i Aust-Europa, der ein ofte kjempa for grunnleggande menneskerettar som ein i vesten tok for gitt (ibid). Dette var også tilfelle i det globale sør, som professor i geografi og utviklingsstudiar Michael Watts framhevar spelte ei sentral rolle i radikaliseringa som fann stad. Her vektlegg han kolonikrigane som USA og Frankrike (Algerie og Vietnam) tok del i på 1950 talet, som var meint å stoppe spreinga av revolusjonære krefter i den tredje verda (2001:170). Desse krigane blei møtt med motstand av post-koloniale rørsler i dei ulike landa, som førte til det Watts omtalar som ei transnasjonal «heltegjering» av deira motstand, der sentrale personar som Castro, Mao, Ho og liknande, blei viktige referansepunkt for heltar og håp (ibid). Desse blei også ein viktig inspirasjon for vestelege opprør, som byrja å uttrykke avsky for imperialismen som skjedde i blant anna Vietnam. Watts (2001:167) meiner dette kan forståast som overføring av idear og inspirasjon. Dette kom blant anna av at ein leste dei same tekstane av blant anna Franz Fanon, Herbert Marcuse, Che Guevara, og Mao Zedong, som også skapte auka bevisstgjerung og mobilisering på bakgrunn av ulike politiske spenningar. Werenskjold (2010) understøttar dette til ein viss grad med å vise til korleis medias rolle spreinga av idear og inspirasjon er blitt overdriven, både fordi opprør har eksistert sidan før media fantes, men også fordi det også skjedde opprør i totalitære statar så vel som demokratiske.

Dette vil ikkje sei at vestelege forhold ikkje var viktige. Eit av fleire aspekt å ta med her er motstanden mot atomvåpen, både i forhold til etter andre verdskrigen, men også i forhold til den kalde krigen, der både USA og Sovjet hadde nok våpen til å øydelegge jordkloden fleire gongar. Andre aspekt som kan framhevast er «oppvakninga» til minoritetar i vesten.

Immanuel Wallerstein viser til at minoritetsgrupper i USA og resten av den vestelege verda opplevde samtidig som kolonikrigane på 1950 talet ikkje få sine forventningar om politiske og økonomiske rettar møtte. Dette førte til auka misnøye og mobilisering, som i etterkant er blitt kjent som «borgarrettigheits-rørsla» i USA, der fokuset på sivile rettar til svarte og farga stod sterkt (1989:433).

Watts (2001: 170) meiner at borgarrettsrørsla, saman med opprør mot det autoritære kan seie å vere større del av det vestelege opprøret, enn for rørslar i det globale sør. Førland meiner at desse opprøra var ofte knytt opp til ei trong til å ta opprør med det autoritære og tradisjonelle som var knytt til både arbeidslivet og samfunnslivet, som (vestelege) unge menneskjer opplevde i etterkrigsåra (2015:126). Det er viktig å understreke at dette ikkje var eit reint studentopprør, til tross for at dette også er eit viktig aspekt av opprøret. Watts (2001:167) viser, var det mellom oktober 1967 og juni 1968 var det over 2000 episodar verda rundt med studentprotest åleine. Slik vi har sett over, og som Watts (1997:167) vidare understreker, var talet langt større på globalt nivå når ein ser alle opprøra som fant stad i denne perioden under eit. Historikar Idar Helle (2006) er semd i dette, og viser på si side til radikaliseringa av arbeidarar. Dette var ein kamp mot samfunnsordninga, gjennom ulovlege streikar, der utviklinga i arbeidslivet var årsaka.

Det er fleire aspekt enn dei nemnte som også er sentrale for radikaliseringa rundt 1968. Dette støtter også opp om argumentet om at det var eit fleirsidig opprør, men også eit globalt som har sine røter i det globale sør, så vel som i det globale nord. Eg vil, som tidlegare nemnt, fokusere på det norske opprøret og studentar som tok del i ulike formar for protesthandlingar på slutten av 60 talet og utover på 70 talet. Det norske «opprøret» var ikkje like brutalt og heller ikkje like stort som det var i andre delar av verda. Likevel kan ein hevde at det har hatt sine viktige innverknadar både på samfunnet, men også på tankemønster som vi har sett i Noreg i etterkant

### **2.3.3 Nasjonalt blikk**

Noreg gjekk i etterkrigstida frå å vere eit av Europas fattigaste land til å bli eit av dei rikaste, som etter kvart førte til stor velstand i landet som varte til byrjinga av 1970 talet (Frøland m.fl, 1997:60). Det er i denne perioden den norske velferdsstaten blir utviklet, under ein regulerande stat, som i etterkant ofte er blitt omtala som *Arbeiderpartistaten* (Sejersted, 2014). Nemninga er blitt brukt som ein referanse til arbeidarpartiets 'einevelde' i norsk politikk frå 1945 til 1961 (ibid). Utanrikspolitisk var det større strid, som kom av den kalde

krigen mellom USA og Sovjetunionen. Noreg blei gjennom norsk medlemskap i blant anna forsvarsalliansen NATO alliert med USA og Vest-Europa (Sejersted, 2014). Mange, særleg foreldre og besteforeldregenerasjonen, hadde positive haldningar til USA. Ein var også positiv til alt som kom derifrå av både musikk og forbruksvarar på denne tida.

### Vietnamkrigen

Det var fleire som endra sitt syn på USA, ettersom ein blei klar over deira rolle i krigføringa i Vietnamkrigen.<sup>4</sup> Godbolt hevdar at dette var ei rørsle som byrja i Noreg allereie attende i 1964-65, men fekk for alvor merksemd på 1970 talet. Han meiner at årsaka til dette engasjementet kan forklarast på ulike måtar (2010: 63). Dette var også knytt opp til den allereie eksisterande misnøya til norsk medlemskap i NATO, som no blei eit bindeledd til USA og imperialisme (ibid:64-65). Fred i Vietnam var også eit uttalt mål, som frå byrjinga var motivert av det han omtalar som ein pasifistisk-humanistisk tenking (ibid:67). Dette førte til at det ikkje berre var venstresida som viste engasjement, men også deler av høgresida.

Godbolt meiner at andre forklaringar er knytt til kollektiv og individuelle forståingar. På den eine sida var det knytt til autoritetsopprøret, der unge kunne frigjere seg frå autoritetar og leve ut sine liv i samsvar med sitt eige moralsett (2010: 66). På den andre sida gjorde Vietnamrørsla det mogleg for unge menneskjer å engasjere seg politisk, å brenne for ei sak, og skapte samstundes handlingsrom der ungdomen kunne utfalde seg politisk utan innblanding frå vaksne (ibid). Førland og Korsvik viser til at det er viktig å få fram at korleis dette utarta seg var forskjellig, det var ikkje alle som gjorde dette ut i frå eit generasjonsopprør eller autoritetsopprør mot sine foreldre, men heller ut i frå eit uttalt politisk eller solidarisk utgangspunkt (2008:121-122).

Etter kvart byrja ein del aktivistar å trekke parallellar mellom det som gjekk føre seg i Vietnam og det som gjekk føre seg i Noreg, som blant anna streiker blant arbeidarane på 1970 talet (Helle, 2006). Dette kan forståast som solidaritet, der «kampen på rismarkene i Mekongdeltaet og streiken ved smelteverket i Sauda vart for aktivistane ein og same kampen mot USA-imperialismen og den internasjonale kapitalismen» (Godbolt, 2010:67). Dette kom til uttrykk gjennom som nemnt streikestønad til arbeidarar, men også andre formar for solidaritetsgrupper. På denne måten meiner Godbolt (2010:66) at Vietnamkrigen kan forståast som ein moralsk indignasjon og ei kjensle av politisk avmakt, både i forhold til USA, men også det norske samfunnet. Her kan også blant anna solidaritetsrørsler for Palestina, Chile og

---

<sup>4</sup> Vietnamkrigen byrja som ein konflikt mellom nord og sør Vitenam attende på 1950 talet. USA tok del i denne krigen frå 1963 til 1975 (Godbolt, 2010:63).

Tsjekkoslovakia også nemnast. Dette peika også i retning av at deltaking i 68-opprøret var drevet av global politisk medvit.

### **Studenteksplosjon**

Til tross for oppvakninga som skjedde i verda på denne tida, var det inga naud i sjølve Noreg. Unge vaks no opp under betre kår enn sine foreldre og besteforeldre, som hadde opplevd dei harde 1930 åra under den økonomiske depresjonen (Tvedt, 2013). Førland og Korsvik skriv at fleire fekk no moglegheit til å ta høgare utdanning, eit privilegium som før hadde vore reservert for mannlege borgarklassebarn (2008: 255). Opprettinga av statens lånekasse gav no moglegheit for både kvinner og menn frå lågare klassar til å studere. Dette blir ofte omtala som ein 'studenteksplosjon'. Før denne tid var det mange unge som byrja å jobbe tidleg, og fekk derfor inga ungdomstid mellom det å vere barn og det å vere vaksen. Det at ein no fekk studere gav mange ei forlenga ungdomstid som ein ikkje hadde hatt før (ibid). Dette gav no også studentar frå lågare klassar ein praktisk moglegheit til å diskutere, demonstrere og protestere (ibid). Førland og Korsvik viser til at effekten av klassar ikkje er så framstående i deira funn for kva som radikalisererte studentane som ein skulle tru. Dei viser på den andre sida til at foreldra sine meiningar og haldningar var viktige, og påverka i stor grad kven som blei radikalisert og kven som ikkje blei det (2008: kap 5). Foreldra sine meiningar kan tenkjast å vere meir prega av klasse, sidan dei i større grad var sosialisert inn i eit klassesdelt samfunn enn generasjonane etter. På den andre viser Førland og Korsvik (ibid:113-114) at for nokon var dette ein protest mot tradisjonelle strukturar og autoritære foreldre (særleg far), sjølv om dette heller ikkje var framstående i deira funn.

Fordi studenteksplosjonen på denne tida var så sterk, meiner Førland og Korsvik (2008: 261), at det mest truleg hadde skjedd ei radikaliseringsprosess sjølv om USA aldri hadde gått inn i Vietnam. Studentane ville ha funne andre symbol, fordi fleire fekk moglegheit til å studere, og ein bedra økonomi bidrog dette også til å bryte ned dei unges respekt for autoritetar. Opprøret i Noreg blir ikkje rekna for å vere like stort eller brutalt som andre deler av verda. Likevel kunne ein sjå relativt stor aktivitet på universiteta, i form av demonstrasjonar, stands, kampanjar og andre formar for aksjonar. Ein kunne knapt gå gjennom gamle studentsenteret utan å hamne i ein eller anna form for politisk debatt (Nupen og Losnegård, 2000). Dette kom også til uttrykk i bybiletta, blant anna i Bergen. Universitetshøgda, som i dag går under namnet 'Nygårdshøyden', gjekk den gongen under, på folkemunnen, under namnet 'Leninhøyden', grunna fleire studentane sin radikale tilknytning til venstresida (ibid). Det er likevel også viktig å understreke at det også var mange studentar som ikkje var aktive.



## Kvinnekamp

Frå tidleg 60 åra auka talet på kvinner i utdanning og kvinner i sysselsett arbeid. Fleire kvinner opplevde å vere dobbeltarbeidande, på grunn av mangel på barnehagar og barnepass i denne perioden, i tillegg til husmorplikter (Ryste, 2009).<sup>5</sup> Ei anna utfordring var knytt til at kvinner opplevde sjeldan å få arbeid som var tilpassa utdanning, og måtte derfor ta arbeid med lågare status og løn (ibid). Dette førte til aukande misnøye blant kvinner som blei forsterka gjennom inspirasjon frå den veksende internasjonale kvinnerørsla utover 70 talet (Korvik, 2010: 93- 94). På same måte som andre rørsler kom denne av utveksling av idear og tankar, til tross for at også denne kampen vil vere ulik frå land til land. Dette førte til inspirasjon også bant kvinner i Noreg, som fekk auga opp for urettferda knytt til kvinners rettar, både i forhold til løn, politiske rettar, likestilling i ekteskap og moglegheita for sjølvbestemt abort (ibid).

Korsvik, (2010: 94-95) viser til at den norske rørsla, slik fleire av rørsleane i Noreg, var breidd, noko som gjer at det ikkje er mogleg å ta føre seg alle sider av den. Resultata som kom av kvinnekampen er likevel viktige: Utbygging av barnehagar og lengre svangerskapspermisjon gjorde det lettare å kombinere morsarbeid med lønsarbeid; Abortlova som blei vedteke i 1978 og lettare tilgang på prevensjon gav moglegheit til auka kontroll over både sine liv og kroppar; Og likestillingslova frå 1979 som på den eine sida la grunnlaget for vidare arbeid mot kjønnsdiskriminering både i utdanning, på arbeidsplassar og i politikken, og på den andre auka jamstilling i husarbeid og forsørgjarrolla (Ryste, 2009).

## Målrørsla og Nei til EU

Andre jamstillingskampar som kan nemnast er målrørsla, der kampen for dialekt og det nynorske skriftspråket var viktig. Tidlegare leiar i Noregs Mållag Olaf Almenningen viser til at kampen for dialektar, det nynorske skriftspråket og den lokale kulturen også var ein viktig del av det anti-autoritære opprøret, saman med kampen for blant anna kvinners rettar (2003). Kampen for nynorsken blant unge blei på denne måten knytt opp mot den politiske venstresida, og engasjerte seg derfor også i allmennpolitiske saker, som blant anna EF (EU) kampen på 1970 talet (SNL, 2014). Francis Sejersted viser til at kampen mot EF er blitt rekna som ein av dei heitaste kampane, som ofte omtala som kampen mellom *grasrota* (folk flest) mot *etablisementet* (makteliten). Sistenemnde refererer til høgresida i politikken, men også styringa i arbeidspartiet og LO (2015). Folkeavstemminga i 1972, men også i 1994, blei avgjort av eit fleirtydig nei (ibid). Dette var ein folkerørsla, som engasjerte både unge, vaksne

og eldre, fordi dette var eit spørsmål som angjekk folk flest. Bak låg også eit ønskje om å bevare den norske sjølvråderetten, og unngå styring heilt frå Brussel. Dette var ein siger for folkerørsla, som klarte å sei nei til makteliten i Noreg både i 1972 og i 1994 (ibid).

## 2.4. Dagens bakteppe

Dagens generasjon har slik som 68 generasjonen vokse opp i ei tid med velstand, men også fridom frå tradisjonelle og autoritære forhold innanfor familien (Sogner, 2003:15-16), slik vi såg nokre av sekstiåttarane opplevde ovanfor. Vi lever i ei tid der vi i større grad har tilgang til informasjon rundt oss, der vi er klar over at vi lever i ei urettferdig verd med fattigdom, krigar og konflikhtar, og global oppvarming som også fører til humanitære kriser. Dette er ein del av verdsbilete som unge har vokse opp med og lever i, som mange tek for gitt, mens nokre reagera på.

Slik vi såg ovanfor har den radikale venstresdia hatt ein tradisjon med å vise solidaritet med menneskjer som er utsett for urettferd, ofte med bakgrunn i imperialism og kapitalisme (Anderson og Jacobsen, 2011:11). På slutten av 1970 talet og byrjinga av 1980 talet, byrja ei ny epoke, som blir rekna for å vere eit resultat av krise og inflasjon på 1970 talet (Sejersted, 2015). Dette blir ofte i Norsk samanheng omtala som «høgrebølgja» (ibid). Dette representerte også eit periodisk skifte frå ein regulert (organisert) til dagens deregulerte kapitalisme (neo-liberalisme) (Harvey, 2005:12-13).<sup>6</sup>

Proffessor i geografi og antropologi David Harvey viser i boka *A brief history of Neoliberalism*, at dette er ei doktrine som frå byrjinga var fordelaktig for dei rike, og virka øydeleggande for samfunnssystemet (2005:3). Han omtalar dette som *creative destructions* (ibid). Med dette meiner han at det er ikkje berre den stateleg suverenitet over politisk økonomiske slutningar som blir ramma, men også arbeidsdeling, sosiale relasjonar, velferdsstatar, levesett, tilknytning til land og liknande. Dette er med andre ord eit system som i teorien skal vere utviklande og moglegheitskapande for alle, men som i praksis skapar større ulikskap, men også nye formar for eksklusjon.

---

<sup>6</sup> Byggjer på Adam Smith teori om den «usynlege hand», som saman med Milton Friedman og Friedrich Hayek, formar basisen for dagens økonomiske neo-liberalisme (Ingham, 2011:14). Dette er ein politisk økonomisk tenkemåte, der kravet om menneskeleg fridom står sterkt. Dette betyr fridom frå statleg reguleringar av marknad og handel, som skal føre til utvikling og skape moglegheiter for alle gjennom konkurranse. Staten si rolle skal vere minimal, men skape og legge til rette for ein slik form for politikk (Harvey, 2005:5).

Harvey er ei system som har utvikla seg ulikt geografisk, der særleg land i det globale sør har fått føle på dens konsekvensar (2005:3). Slik vi skal sjå under er det fleire land i Europa, som opplever tilsvarende press i kjølevatn av finanskrisa 2007-2008. Harvey meiner at neo-liberalismen er blitt ein hegemonisk diskurs i verda (2005:3). Til tross for at det er mange som tek det for gitt, er det framleis menneskjer i verda som har vist og viser fortsatt motstand, som ofte kjem av at mange har mista trua på endring gjennom politiske kanalar.

#### 2.4.2. Alternativ globalisering

Sidan 1990 talet har den internasjonale politikken vore prega av ei ny systemkritisk rørsle, som fremja kritikk mot det neo-liberalistiske systemet. Denne rørsla fekk nemninga *Alter-globaliseringsrørsla*, som representerte ein alternativ globalisering (Pleyers, 2013). Professor i sosiologi Geoffrey Pleyers viser i ein artikkel om utviklinga av Alterglobalisering-rørsla frå 2013, til at rørsla hadde sitt bakteppe i ulike formar for motstand over heile verda. Dette gjaldt særleg land i det globale sør, som frå 80 talet blei sett under press gjennom strenge gjeldsvilkår frå det Internasjonale pengefondet (IMF) og Verdsbanken (WB) (Pleyers, 2013). Dette omfatta eit struktureringsprogram (SAP) av politikk og institusjonar som kunne sikre vekst og tilbakebetaling av lån (Potter, m.fl., 2008:299)<sup>7</sup> I praksis førte dette til aukande gjeld, fattigdom og ulikskap både mellom kjønn og klassar, men også til overutnytting av naturressursar i dei ulike landa (ibid). Rørsla for små bønder (MPA) var særleg aktive i denne motstanden, saman med andre rørsler (Pleyers, 2013).<sup>8</sup>

Framveksten av denne transnasjonale rørsla førte saman og avdekkja lokale og nasjonale kampar, som før ikkje hadde vore synlege for verda utanfor. Denne avdekkinga og presset frå både det globale nord og det globale sør, sette fokuset på skadane som det neo-liberale systemet hadde ført med seg (Pleyers, 2013). Eit viktig vendepunkt for denne rørsla var Anti globalisering-demonstrasjonane i Seattle i 1999, og til kollapsen i forhandlingane til verdas handelsorganisasjon (WTO). Pleyers (2013) viser til at denne hendinga er blitt ståande som symbolsk viktig fordi den viser at 'vanlege menneskjer' kan påverke sjølv det høgaste nivå av internasjonale avgjersler.

---

<sup>7</sup> Dette vil sei: Devaluering av valuta, pengedisiplin, redusering av offentlege utgifter, prisreform, liberalisering av handel, reduksjon/fjerning av subsidiar, privatisering av offentlege verksemdar, lønsgrensingar og institusjonelle reforma (Potter m.fl., 2008:299).

<sup>8</sup> I 1993 oppretta MPA det globale nettverket Via Campesina (Pleyers, 2013)

Dette er også prosessar som blei framheva av i samfunnsgeograf Anja Sletteland (2013) (født i 1981) i *generasjon lydig* debatten med Gunnar Aakvaag i 2013.<sup>9</sup> Ho viser her til korleis hennar generasjon opplevde ei vending eller ei oppvakning etter demonstrasjonane mot WTO i 1999. Sletteland viser til at dette førte til eit vidare fokus på internasjonal solidaritet blant anna gjennom oppretting av plattformer som Attac og globaliseringskonferansen i Noreg (Sletteland, 2013). Frå 2001 blei Verdas sosiale forum (WSF) oppretta som samlingspunkt for sosiale rørslar, fagforeiningar og interesseorganisasjonar over heile verda (Pleyers, 2013). Globaliseringskonferansen representera ei nasjonal grein av denne rørsla i Noreg, som blir organisert av det Norske sosiale forum (NSF) (Hvidsten, i Utveier 2013). Dette er ein plattform for menneskjer som sloss for ei anna verd, som er bygd på solidaritet, bærekraft og demokrati, der politiske tankar og idear luftast, brytast og diskuterast (Nærstad, 2014). Eit viktig døme på rørsla sin transnasjonalitet er motstanden mot Irak-krigen den 15. februar 2003, som Sletteland også viser til. Denne motstanden er blitt ståande att som ei av historias største markeringar i verdssamanheng (Hvidsten, i Utveier 2013). Desse demonstrasjonane, saman med mobiliseringa mot krigen i Afghanistan i 2004 blei utforma og planlagt av WSF og Europeisk sosiale forum (ESF). Dette er framleis plattformer som har eksistert heilt fram til i dag, som har koordinert protestar og sett fokus på kapitalismes konsekvensar i det globale sør, konflikhtar, men også på klimakrisa (Hvidsten i Utveier, 2013).

### **2.4.3. Finanskrisa: Internasjonale og nasjonale konsekvensar**

I etterkant av finanskrisa frå 2007 til 2008 kan vi sjå at dei kritiske røystene rundt denne styringa av kapitalismen er blitt intensivert, sjølv om dei politiske omsyn har endra seg frå dei vi såg rundt hundreårskifte.<sup>10</sup> Tankesmia Manifest analyse viser i ein rapport at per 2011 var det fleire av gjeldsbyrda Europeiske land (Hellas, Portugal) opplevde at den økonomiske politikken i prinsippet blei styrt av EU og IMF (Esbati, 2011). For desse, men også for andre land, er kuttpolitikkk blitt eit bøtemiddel mot krisa (Fjermeros, 2014: kap 1). Dette vil for seie nedskjeringar i bevillingar til offentlege tenester, lågare lønningar, nedsetting av avgifter, og men også dereguleringar i reglar og lovar (Ingham, 2008: 197-198). Sistnemnte vil sei redusering eller fjerning av tiltak som avgrensa fleksibiliteten i arbeidslivet og konkurransevna i marknaden. Tanken er at gjennom slike innstrammingar og dereguleringar

---

<sup>9</sup> Dette er ein debatt som har sitt bakteppe i Gunnar Aakvaag (2013) sin kronikk «hva skal dagens unge bruke stemmeretten til?». Han viser til generasjonen som er fødde mellom 80 og 90 talet ikkje har eit politisk prosjekt slik tidlegare generasjonar har, og omtalar desse som «generasjon lydig».

<sup>10</sup> Krisen blei kom som eit resultat på dereguleringa av finansmarknaden i USA, som blei utløyyst av nedgang på boligmarknaden i USA i 2007. I september 2008 gjekk fleire av dei store bankane og finansinstitusjonane i USA konkurs, mens finanskrisa blei verdsomspennande i oktober med kraftige kursfall på verdens børsar, som førte til ei økonomisk krise (Nordhaug og Bank, 2009:7-8)

at ein skal stimulere til økonomisk vekst gjennom reinvesteringar (Fjermeros, 2014:14-15) Dette kan forståast som eit delvis tilsvarande program som vi såg blei sett som vilkår for gjeldsbyrda land i den tredje verda frå 1980 til 1990 talet (Potter m.fl. 2008:299). Dette har ført til at handlingsrommet på nasjonalt nivå i prinsippet forsvinner for desse landa (Pleyers, 2013).

Land som Storbritannia og USA har ofte kuttet i skattenivået til dei rikaste i bakgrunn i at dette skal stimulere økonomisk vekst gjennom reinvestering, som i teorien skal komme alle i samfunnet til gode (Gunnedal og Marsdal, 2013). Økonomen Thomas Piketty har gjennom sine studiar av kapitalen i det 21 hundreår vist at dette er ein politikk og eit system som fører til ein veksande ulikskap, der nokre få sitter på toppen og akkumulera økonomiske fordelar (2014). Dette er ein skepsis som også er tilstade blant politikarar, økonomar og andre i verda, men som framleis blir praktisert (Gunnedal og Marsdal, 2013).

Journalist og forfattar Halvor Fjermeros viser i sin studie «Uro i Euroland» til at vi også kan sjå ein fagelig avmakt i det nye arbeidslivet i Europa, der auka grad fleksibilitet føre til usikre arbeidsplassar, mindre løn og lite handlingskraftige fagforeiningar. Han antydar også at den nordiske modellen er under press (2014). I Noreg har vi framleis ein sterk velferdsstat, der vi framleis har større grad av økonomisk likskap, høg sysselsetting, låg arbeidsløyse, men også ein realvekst for dei fleste (Gunnedal og Marsdal, 2013:23-27). Manifest analyse viser likevel i ein rapport frå 2013 at det også her er aukande ulikskapar. Dette kjem av at vi har følgd den same kursen mot ein sterkare maktkonsentrasjon hos det øvre økonomiske sjiktet, slik vi ser i USA og Storbritannia (ibid). Rapporten viser også til at vi statistisk sett kan sjå ein minkande utvikling i lønsdel frå 1980-90 talet og fram til i dag, men samtidig ei auke i gjeld blant hushaldningar, og ei auke i finansinntekter (ibid).

Vi har også fagforeiningar som står sterkt, til tross for at vi delvis også opplever auka liberalisering her. Dømer på dette er endringar i arbeidsmiljølova frå 1977, som blant anna opnar for utvida arbeidstid og fleire midlertidige stillingar. Dette blei møtt med motstand og storstreik, blant anna på bakgrunn av at det vil føre til større usikkerheit på arbeidsmarknaden, særleg for unge og uføre. Endringane blei likevel gjort, til tross for stor motstand (ibid). Dette kan forståast som deregulering av lovar og reglar som skal gjere arbeidslivet meir fleksibelt, effektivt og dermed meir konkurransedyktig (UNIO, 2015). Andre slike dereguleringar som kan nemnast er forsøk på å ekspandere liberaliseringa av handel gjennom nye handelsavtalar.

Dette opnar for kommersialisering og privatisering av offentlege tenester. Dette har også møtt motstand i Noreg, til tross for at det er mindre enn i andre land (Attac, u.d.).

Slik vi såg i introduksjonskapittelet har vi i etterkant av finanskrisa sett ei oppblomstring av protestrørsler, som i korte trekk er retta mot dei auka ulikskapane, kutt-politikken, men også fråvær av handlingsrom og demokratisk legitimering (Pleyers, 2013). Tanken om at vanlege arbeidarar, arbeidsledige, studentar, pensjonistar og andre ikkje skal stå til ansvar for krisa finansmarknaden har skapt er også sentral. Det er slik vi også såg viktig å understreke at dette også er basert på lokale spenningar, så vel som ein del av ei global krise.

Ein annan konsekvens av dette er at fleire menneskjer migrerer på grunn av arbeidsløyse, for å forsøkje å skaffe seg arbeid i andre land. I tillegg til dette ser vi i dag ein flyktningstraum av menneskjer som søkje asyl i vestelege land på grunn av krigar og konflikter. Statsvitar Anders Ravik Jupsskås (2012) viser i boka «Ekstreme Europa. Ideologi, årsaker og konsekvenser» at haldningar som framandfrykt og nasjonalisme står sterkt i europeiske land i dag, som kan forståast som ein reaksjon på arbeidsløyse, kutt i velferdstenester, og innvandring. Migrasjonsforskarane Stephen Castle, Mark J. Miller og Hein De Haas (2014:19) viser i boka *Age of migration* til at dette er haldningar som oppstår når menneskjer frå i-land opplever nedgang i økonomi og oppgang i arbeidsløyse, og samtidig opplever auke i innvandring som kjelda til denne usikkerheita. Jupsskås (2012) meiner også at dette kan forståast som årsaka til veksten til innvandringskritiske parti på høgresida, men også i høgreekstreme grupperingar. Jupsskås meiner dette skjer fordi ein ønskjer verne om nasjonale verdiar og hindre islamisering. Fleire land i Europa har innført strengare innvandringspolitikk, andre har stengt grensene sine. Det blir her brukt argument som at det er mange som er «lykkejegarar».

I følgje norsk rikskringkasting (NRK) sine meningsmålingar i desember i år kan ein sjå at det mest innvandringskritiske parti, Framstegspartiet (FRP), går fram meningsmålingar også i Noreg (Kjernli og Håkonsen, 2015). Forskar Bernt Hagtvat meiner at desse endringane heilt klart kan forståast i forhold til vendingane i asyldebatten, der FRP er det partiet som sterkast ytra behov for innstramming i forhold til både innvandring og utsendingar (ibid). Slik vi også skal sjå i analysekapittelet er dette haldningar i samfunnet som fleire reagera på og engasjere seg mot, i tillegg til ein kritikk av økonomisk og samfunnssystem vi ser i dag. Korleis vi kan forstå kva prosessar det er som får unge menneskjer i dag til å ta del på bakgrunn av urettferder som andre overser skal vi sjå i neste kapittel.

## 2.5. Oppsummering

I dette kapitlet har eg vist til bakteppe, både for å forstå dei samfunnsmessige, men også dei politiske kontekstane som begge desse generasjonane agera i. Eg har på for det første forsøkt å vise korleis ein kan forstå det som det som skjedde rundt 1968, både i forhold til det som skjedde på globalt plan, så vel som det som skjedde i Noreg. For det andre har eg vist til korleis ein kan forstå konteksten, og systemet, som mange i dag reagera på som urettferdig. Dette spelar ei viktig rolle saman med det teoretiske rammeverket vi skal sjå i neste kapittel, både for å kunne forstå og samanlikne kva som gjer/gjorde ein villig og korleis ein opplever/opplevde dette.

## Kapittel 3. Teoretisk rammeverk

### 3. 1 Innleiing

Culture is complex. We can analyze it as the pleasures, motives, or goals that lie behind action or view it as the skills, habits, and the tastes that form action itself. It is inside individuals, yet outside them. It is within movements, yet outside them (Jasper, 1997:97).

For å forstå opplevingar og kva som gjorde studentar både i dag og på 60/70 talet villige til å ta del i politisk protest, ønskjer eg å få fram deira ulike syn på verda, og kva dei ønskjer/ønskja å endre ved den. I dette kapittelet vil eg presentere tilnærminga og omgrepa som eg vil bruke for å belyse problemstillinga i seinare kapittel. Dette vil eg gjere ved å bruke James M. Jasper (1997) si kulturelle tilnærming til sosiale rørsler i boka *The art of moral protest*. Han tek her føre seg forskjellige dømer på protestrørsler, som strekkjer seg frå 19 hundreår boikottar til nylege anti-atomkraft, dyrevern og miljørørsler. Materialet er samla inn gjennom egne artiklar, djupintervju med protesterande frå blant anna dyrevern og anti-atomkraft aktivistar, surveys, historisk materiale, men også frå eigen deltaking i politisk protest.

Tanken bak dette rammeverket er at Jasper (1997) ønskjer å gje stemma attende til protesterande individ. Dette gjer han ved å fokusere på kulturelle prosessar, som formar våre verdiar, kjensler og syn på verda, men også på biografiske prosessar som gjer oss til særeigne og kreative individ. Det er gjennom denne forståinga at Jasper vektlegger at alle protesterande er ulike. Det er derfor viktig å forstå kva dei bryr seg om, trur på og føler, for å forstå kvifor dei protesterar. Han meiner at det er gjennom brot med desse at opplevingar av misnøye, frustrasjon, sinne og andre kjensler, ofte driver ein til å ta del i protest. I studien av sosiale rørsler gjer dette oss i stand til å sette pris på kreativitet som protesterande tilfører både i og utanfor rørsler ved å sette spørsmålsteikn ved det som skjer og det som er fastsett i samfunnet. Eg stiller meg bak dette rammeverket, fordi det vil vere viktig og nyttig i forståinga av kva som driver menneskjer til å ta del, men også korleis dei opplever det å ta del.

Eg vil først vise til Jasper sine hovudpoeng frå hans kulturelle perspektiv i boka *The art og moral protest*. Deretter vil eg gå nærmare inn på sentrale omgrep i hans teori som kan vere nyttige for meg i analysen i seinare kapittel. Til slutt vil eg vise til korleis eg vil bruke desse omgrepa for å analysere studentar sitt engasjement i dag og på 60/70 talet.



## 3.2. Kulturelle tilnærminga til protest

### 3.2.1. Tidlegare forståingar av protest

Tidlegare teoretiske forståingar av sosiale rørsler har ikkje alltid omfatta interesse for det som går føre seg i hovudet og hjartet til individa som tek del (Jasper, 1997:19).<sup>11</sup> Gjennom store delar av det 20 hundreår var dette viktig, til tross for at ein meinte at protesterande si åtferd var styrt av irrasjonelle *kjensler* og *kulturelle avvik*. På den andre sida, og i etterkant av den første, blei protesterande oppfatta som drivne av ein sjølv-interesse rasjonalitet, der ein 'gløymde' ut tidlegare fokus på kultur og kjensler. Det er først dei siste tiåra at ein igjen har trekt fram kultur som viktig for korleis protesterande tenkjer, vurderer og føler, og korleis dette også gjer oss i stand forstå deira handlingar (ibid). Til tross for at ein kan kome med kritikk av tidlegare perspektiv, viser Jasper (1997:19) at kvar av desse likevel innsikter som ein ikkje kan ignorere. Ved å ta lærdom og byggje vidare på desse perspektiva sine styrkjer og unngå deira blindsider, meiner Jasper (ibid) at ein betre kan forstå både sosiale rørsler og politisk protest.

Innanfor amerikansk forskingstradisjon blir dei første forsøkja på å teoretisere sosiale rørsler omtala som *kollektiv åtferd* perspektivet (Jasper, 1997:20-23). Protest blei her forstått som eit *folkemengdefenomen* (crowd), som påverka deira åtferd. Aspekt som kultur og sosial psykologi var viktige her, der kjensler som misnøye og frustrasjon, blei vektlagt som forklaringar på årsaka og motivasjonen til protest: «the need manage the psykological tensions of a stressful social situation» (McAdam, 1982:9). Framfor å sjå på dette som naturlege fenomen av det dagelege livet, meinte mange at dette bar preg av irrasjonalitet og avvikande åtferd. McAdam (1982: 12) viser til at «movement participants distinguished from the average citizen by some abnormal psychological profile».

I etterkant av denne forståinga, gjekk ein vekk frå å sjå på protest som irrasjonelle formar for handling, og fokuserte på at dette betre kunne forståast som rasjonelle handlingar (Jasper, 1997:23). Denne forståinga av menneske som rasjonelt og kalkulerande, gav grobott for forskingstradisjonane ressursmobiliseringsteori (RMT) og politisk prosessteori (PP), som begge såg på politisk protest og sosiale rørsler som essensielt rasjonelle og politiske fenomen (Crossley, 2002:12). Jasper (1997: 19-20) meiner at desse tradisjonane, til tross for at det her blei gjort framsteg, utelet emosjonelle og kulturelle aspekt ved sosiale rørsler til fordel for

---

<sup>11</sup> Ein kan skilje mellom europeisk og amerikanske forskingstradisjonar (Crossley, 2002:10). Den europeiske har på si side blitt forma av Marxist/Hegel tradisjonen, som har fått nemninga 'nye sosiale rørsler' (ibid:10-11). Eg vil imidlertid fokusere på den amerikanske tradisjonen, sidan det er dette Jasper (1997: 19-42) i stor grad gjer i si framstilling.

strategi og ressursar. Det var først på 70 talet, der fleire av dei same som var viktige i utviklinga av PP gjennom rammeteori, at ein forsøkte å bringe inn kultur og kognitivitet inn i analysen av sosiale rørsler. Men ved å fokusere for mykje på kognitive prosessar fall dei affektive vekk (Jasper, 1997:19-20).

Jasper (1997:42) meiner at kvar av desse forskingstradisjonane har fokus på ulike aspekt ved sosiale rørsler, som gløymer tidlegare innsikter. Det er desse gapa innanfor dei ulike forskingstradisjonane som han ønskjer å fylle (Jasper, 1997:9). Han hevda at det ikkje er hans intensjon å utvikle noko ny teori, men heller byggje vidare på allereie eksisterande innsikter som er danna om protesterande individ. Ved å vektlegge kultur og biografiske sider ved protest, meiner Jasper at ein i større grad kan forstå kva som gjer mange menneskjer villige til å ta del, men også til kva prosessar mellom protesterande som gjer at ein fortsetter.

### 3.2.2 James M. Jasper sitt kulturelle rammeverk

I følge Jasper (1997: 10) er *kultur* er viktig for å forstå korleis alle individ, både dei som tek del i protest og ikkje, gjev mening til sine handlingar. Han viser til kultur som: “Mental worlds and their physical embodiments (...) provides a collection of discrete beliefs, images, feelings, values and categories, as well as bundles of these components” (Jasper, 1997:12). Dette viser til forståingar som mange individ delar og skapar i samhandling med andre (ibid). Motsett viser han også til at det er deler av vårt mentale liv som vi ikkje delar, som han omtalar som *biografi*: «individual constellations of cultural meanings, personalities, sense of selves, derived from biographical experiences» (ibid: 20). Det er dette som gjer oss til dei vi er, og som vi hovudsakeleg ikkje delar med andre menneskjer. Eg skriver hovudsakeleg fordi desse, slik vi skal sjå, påverkar kvarandre på ulike måtar, som både er grensesettande og utviklande.

Det er ved å inkludere kulturelle prosessar i protesthandlinga at Jasper meiner at ein kan ein betre forstå protesterande sine handlingar, gjennom å sjå verda slik dei ser og opplever den. Han deler desse prosessane inn i kognitivitet, moral og emosjonar, som er aspekt ved protest som eg vil utdjupe desse aspekta seinare i kapittelet. Årsaka til at Jasper (1997:10) ser på dette som viktig er at det er gjennom kultur at vi som individ gjev mening til dei fleste aspekt av våre liv. Det er vi menneskjer som saman skapar det rammeverket som vi filtrera våre handlingar, erfaringar og tankar gjennom. Kva vi meiner er rett og gale, korleis vi skal føle, men også korleis vi tenkjer og forstår verda rundt oss, er alle prosessar som Jasper (ibid) meiner kjem frå dette rammeverket gjennom sosialisering. På bakgrunn av denne forståinga

vil det ikkje vere nokon individ som har interesser som er objektivt gitt utan noko form for kulturell tolking. Det er derfor Jasper (ibid) meiner at det er gunstig å sjå på protesthandlingar som konstruerte, sidan det er gjennom interaksjon med andre menneskjer at interessene og korleis ein skal oppnå dei blir synlege for oss. Det er dette som i sosiologien blir omtalt som *kulturell konstruksjonisme*, som er viktig i rammeverket til Jasper (1997:10) for å vise korleis dei fleste av prosessane som driv oss til handling kjem av kultur.

Ved å inkludere biografiske prosessar i sitt rammeverk, viser Jasper (ibid) at våre mentale prosessar er ikkje berre bundne av kultur. Individ er også kreative, og dette gjer oss i stand til å utvikle kulturen rundt oss. Det er også viktig for å kunne forstå korleis individ finner særeigne løysingar, men også korleis ein oppnår sine mål. Biografi er også viktig for å forstå kvifor det er nokre som tek del i protest, mens andre ikkje:

Because everyone has a unique biography, different elements of the surrounding culture come to be embodied in the subjective worlds of individuals (though processes I'll label biographical). The ensemble of one's activities (past and present) makes certain feelings salient, certain beliefs plausible, certain moral principles more important than others (Jasper, 1997:13).

Jasper (1997:11-12) meiner at fordi alle menneskjer har ulike livserfaringar, vil det vere ulike aspekt ved verda rundt oss vi bryr oss om, som vi ønskjer å verne om. Det er når vi opplever brot eller trugsel mot desse at nokre av oss tyr til protest. Han omtalar dette som *moralsk protest*, og viser til at "much, if not most protest is reactive, spurred by a sense of threat to one's daily life, including one's physical surroundings" (ibid:12). Jasper (1997:5) meiner at dei fleste av oss vil ignorere det, andre gå gjennom parlamentariske løysingar, mens nokre vil føle ei plikt for å ta saken i eigne hender for å få slutt på praksisar som skapar denne misnøya. Årsaka til dette er at nokre føler sterkare for slike brot enn andre. Dette kjem av idiosynkratiske forskjellar mellom menneskjer, som kan forklare som gjer at nokre er meir sensitive for moralske dilemma som andre ignorera (Jasper, 1997:13). Moralske protesterande ofte gjer samfunnet rundt bevisste på nye problemstillingar, som gjer at ein må ta stilling til desse og tenkje over korleis desse forståingane står til eins basisverdiar (ibid). Nokre gongar kan dette vere løysingar på sosiale problem, som det å teste sminke på datamaskiner framfor dyr. På denne måten utviklar mange sosiale rørsler samfunnet rundt sitt moralske språk.

Rammeverket til Jasper (1997: 5) opnar også opp for ei forståing av at protest ikkje berre er handlingar som skjer innanfor protestrørsler, men også på eit individuelt plan. *Whistleblowers*

er ein slik form for protest (Jasper, 1997:kap 6), der isolerte individ med idiosynkratiske mål eller taktikkar står opp for noko som bryt med deira moralske prinsipper (ibid: 387). Mange av tidlegare teoretikarar innanfor feltet har ikkje vist interesse for individuell protest, som ikkje er ein del av organiserte rørsler. Ved å unnlate dette meiner Jasper (1997:387) at ein ikkje får fram korleis sosiale rørsler oppstår, og heller ikkje dei individuelle skilja blant dei som tek del som gjer at nokon finn seg til rette mens andre ikkje.

### Ikkje-kulturelle prosessar

Jasper (1997:43) meiner til tross for at kultur gjennomsyra store delar av liva våre, så er ikkje kultur alt. Slik vi såg ovanfor er også biografi viktig, men for å få ein heilskapleg forklaring på protest må ein også inkludere *ressursar* og *strategi* saman med desse. Det er desse fire som Jasper (ibid) meiner utgjer det han omtalar som dei fire *basisdimensjonane* i protest. Desse er alle autonome dimensjonar, som innanfor ei handling opptre på same tid. Ved å separere dei analytisk meiner Jasper (ibid) at ein kan sjå korleis dei påverkar kvarandre. Han meiner også at dette gjer oss moglegheit til å forstå korleis mentale prosessar verkar inn på korleis vi bruker ressursar, men også korleis vi gjer strategiske val (Jasper, 1997:45-48).

Med *ressursar* meiner Jasper (1997:43-44) dei verktya som menneskjer bruker for å endre verda rundt seg. Dette er ulike formar for teknologi, samt midlane vi bruker for å kjøpe desse. Sidan ressursar gjer det mogleg å oppnå endring, blir dette ein dimensjon som skapar moglegheiter for nokon, samtidig som den er grensesetjande for andre. Dette kjem på den eine sida av at ressursar ofte er ein del av eit nett av lover og skikkar som regulerer tilgang, men også stengsla i forhold til korleis og kvar dei kan nyttast (ibid: 47). Den andre sida er at ressursar ikkje alltid trenger å vere i bruk, men kan bli brukt som noko ein trugar med å bruke. Jasper (1997:47) hevdar derfor at ressursar kan bli sett på som maktmidlar, som kan verke inn på valmoglegheitene ein har. Slik vi såg tidlegare har ressursar saman med strategi har vore viktige aspekt for tidlegare teori-tradisjonar sitt forsøk på å forstå politisk protest og sosiale rørsler. Ei av svakheitene som Jasper (1997:45) viser til med desse perspektiva, er at dei ofte har blanda desse to saman, framfor å framheve sidene med kvar av desse. Jasper (ibid) meiner at det er viktig å skilje desse frå kvarandre, fordi det å ha inneha ein ressurs er ikkje det same som å bruke eller akkumulere ein.

*Strategi* er ein dimensjon som Jasper (1997: 44-45) viser til som dei vala som blir gjort av individ og organisasjonar i interaksjon med andre spelarar. Dette vil vere val som blir gjort i forhold til å oppnå mål, som det å akkumulere eller bruke ressursar. Jasper (1997:46) meiner

at strategiske slutningar er til dels avhengig av ressursar, sidan ein ikkje kan bruke ressursar om dei ikkje er tilgjengelege. Til tross for dette har strategisk kalkulasjon ein eigen logikk som basera seg på tidlegare val og standpunkt, responsar frå andre, og forventningar av framtidige slutningar (Jasper, 1997:46).

Fordi kultur er delte forståingar som vi lærer, og som vi deler med fleire, påverkar dette korleis vi tenkjer, vurderer og føler om kva som er rett og gale (ibid:44). Det er med andre ord slik vi gjer mening til våre handlingar og omgjevningar, men også slik vi møter stengslar for våre val. Ressursar blir på denne måten definert i forhold til kvar og når det er greitt å bruke desse, men også kva verdi desse har. Kultur setter også grenser for strategiske val, gjennom at ein må ta omsyn til verdiar og normer rundt seg. Korleis vil andre reagere, kva konsekvensar vil dette få, er dette rett? Jasper (1997:46) meiner at strategiske val ikkje berre blir avgjort av kulturelle grenser, men er også prega av ein sterk biografisk komponent. Det er gjennom ulike livserfaringar at vi utviklar vår personlegdom, som påverkar korleis vi tenkjer, vurderer og føler i ulike situasjonar. Desse pregar igjen korleis vi vurderer situasjonar, vel taktikkar og utviklar strategiar for å oppnå ulike mål. Jasper (ibid:45) meiner at dersom ein ikkje tek med biografi og kultur i forståinga av strategiske val vil ein fokusera for mykje på konflikt og vinning, framfor ei forståing av korleis desse vala blir gjort.

### 3.3. Utdjuping av sentrale omgrep

#### 3.3.1 Emosjonar, moral og biografi i protest

Slik vi såg tidlegare i kapittelet omfattar kulturelle prosessar tre underkomponentar, *moral*, *kognitivitet* og *emosjonar*,<sup>12</sup> som Jasper (1997: 108), meiner motiverer, rasjonaliserer og kanalisere all politisk handling. Det vil derfor ikkje vere mogleg å skilje desse frå i ei handling, fordi dei opptrer på same tid.

For ofte har forskarar knytt forklaringa av kulturelle prosessar i protest til *kognitivitet*, som i følge Jasper (1997:155) er korleis vi ser verda, orda vi bruker, men også tankane, kunnskapen og ideane vi formidlar. Dette gjer at det er lite fokus som er retta mot moral, men særleg på emosjonar og biografi. Ein kan ofte sjå skildringar av kjensler eller prosessar der kjensler er viktige, men det er sjeldan desse er utdjupa (Goodwin, Jasper og Poletta, 2001:19). Ved å knyte desse opp mot viktige teoretiske (kognitive) omgrep viser Jasper oss korleis vi betre kan forstå prosessane som skjer både før og under protestaktivitetane, som gjer at ein finner seg til rette eller eventuelt ikkje finner seg til rette i ei protestrørsle. Dette er viktige prosessar for å

---

<sup>12</sup> Jasper bruker kjensler og emosjonar om kvarandre, eg vil derfor gjere det same.

forstå kva som driver individ til å ta del i protest, som er sentralt for problemstillinga i oppgåva. Eg vil derfor utdjupe desse.

## Moral

Jasper (1997:135) meiner at moral er den dimensjonen av kultur “which draws implication for judgment and action from the emotions and cognitive understandings that people holds”. Alle menneskjer har ein eller anna form for moralsk visjon om korleis verda bør vere, og prinsipp som ein lever liva sine etter. Desse visjonane er i følge Jasper (ibid) ein svært viktig del av protest, sidan deltakarane kjem med synspunkt for korleis verda bør vere, og korleis den verkelege verda skil seg frå dette synet. Når ein først blir ein del av protestrørsler, kan desse endre seg. Jasper (ibid) meiner at for mange er det først når dei blir ein del av protestaktivitetar at det går opp for deltakarane korleis verda er, og korleis den burde vere.

Mange grunnleggande moralske prinsipp kan, dersom brote med, gje eit sjokk, og gjere personar opne for protest. *Moralsk sjokk* er eit omgrep som er blitt brukt av Jasper sjølv, saman med Jane Poulsen (1995), som viser til korleis mange tek del i protest fordi dei opplever eit sjokk som ikkje heng saman med eins eigen oppleving av verda.<sup>13</sup> Dei definera denne opplevinga som “Often the first step towards recruitment into social movements, occur when a unexpected event or piece of information raises such a sense of outrage in a person that she becomes inclined towards political action, whether or not she had acquaintances in the movement” (Jasper and Poulsen, 1995; Jasper, 1997).

Dersom desse brota er mot svært eksplisitte prinsipp, dess meir sannsynleg er det at eit individ er villig til å protestere åleine. Sjokk mot implisitte prinsipp på den andre side, må gjerne brotet artikulera og offera trekkast inn i organisert protest (Jasper, 1997:137). Jasper (1997:137) meiner at “normal people have moral principles which may open them to the possibility of individual and collective protest under the right (and partly predictable) circumstances”. På denne måten viser Jasper (1997:14) til korleis protest er som eit religiøst ritual, gjennom at ein kroppsleggjer sine fordommar, slik at vi kan uttrykke moralsk truskap til våre moralske visjonar gjennom våre handlingar.

## Emosjonar

*Kjensler* er prosessar som har ofte blitt avfeia som irrasjonelle og automatiske prosessar som vi ikkje rår over, framfor å vere rasjonelle og sosialt konstruerte (Jasper 1997:109). Til tross

---

<sup>13</sup> Moralsk sjokk er noko likt Edward Walsh (1981) sitt omgrep *Suddenly imposed grievances* (Jasper, 1998:409).

for dette meiner Jasper (1997:109) og andre at dei er ein viktig del av våre liv, fordi vi føler oss gjennom fleire situasjonar enn kva vi tenkjer. Det er derfor gunstig å sjå på desse som både bevisste og rasjonelle prosessar. Han meiner også at vi er like mykje sosialiserte til å føle, som vi er til å tenkje eller vurdere, sidan det er gjennom sosialisering vi lære når og korleis vi kan bruke dei, men også kva vi skal kalle dei. Ein kan ikkje gå vekk i frå at det finst nokre universelle andletsuttrykk, som sinne og overrasking. Det vi blir sinte for heng nært saman med den moralen og det synet på verda vi har som særeigne individ, men også som sosialiserte individ. *Medkjensle*, ei oppleving av menneskeleg solidaritet er ei viktig kjensle for mange protestrørsler, som både kan motivere og drive protest på vegne av andre (Jasper, 1997:111). På den andre sida viser Jasper (2014:8) korleis kjensler også heng nært saman med kognitivitet - dei bringer historier til live, får oss til å bry oss om kollektive identitetar, men hjelper oss også til å hate dei som har skulda eller syntes synd i offera.

Ein kritikk som er retta mot denne forståinga kjem frå Deborah Gould (2009:19) som meiner at skiljet mellom kjensler, rasjonalitet og medvit blir overdrive i Jaspers framstilling. Ho meiner det er for lite merksemd retta mot det umedvitne, kroppslege og irrasjonelle, som ho sjølv omtalar som *affektar*. Jasper (1997: 111-112) operera også med dette skiljet, ved å omtale desse som *flytande kjensler*, som er positive og negative. Likevel meiner Gould (2009:19) at han i for stor grad knyt desse opp mot moral og kognitivitet, som etterlet affektar med mindre betydning. Jasper (2014:23) meiner at sjølv om ein kan skilje mellom ulike formar for kjensler, så er det “potentially misleading exercise to tease out abstract cognitions from all the bodily processes through which we come to grips with the world. Most scholars’ idealist focus on finishes products prevents them from seeing the many ways that feeling-thinking operates in human action”.

Jasper (1997:113) meiner at ein kan skilje mellom kjensler som driver ein til å ta del i protest og dei kjenslene som ein får av protestaktivitetane. Før ein blir ein del er det ulike motivasjonar, både medvitne og umedvitne, som gjer at ein kan bli villig til å ta del i protest. Nokre gongar kan desse vere så sterke at ein sjølv oppsøker grupper. Andre gongar kan det vere affektar knytt til andre menneskjer, som gjer at ein blir villig til å bli påverka eller ‘dratt med’:

Individuals have emotional allegiances and experiences that help propel them into protest. Fear, dread and an accompanying sense of threat are key motives. Grief could also play a role, either following the loss of a loved one or as a more general sense of

cultural loss. An alternation between love and anger drives much political conflict, according to Thomas Scheff, as shame often triggers aggression. Anger and outrage will almost always play a part, as will pre-existing negative and positive affects towards symbols, places, individuals, and groups (Jasper, 1997: 113-115).

*Moralsk sjokk* er svært emosjonelt lada i tillegg til moralsk og kognitivt. Det er på denne måten at nokre menneskjer, gjennom komplekse emosjonelle prosessar kanalisera deira frykt, frustrasjon eller sinne til ein rettferdig harme og til politisk aktivitet (Jasper, 1998:409). Jasper (1998:410) meiner at det er først når ein kan kanalisere dette sinnet, frykta eller raseriet sitt mot ein menneskeleg skikkelese, at sjokket er mest effektivt. Naturkatastrofar fører sjeldan til protest fordi ein kan ikkje skulde på naturen. Jasper meiner at slike katastrofar heller fører med seg kjensler som altruisme, solidaritet og medkjensle for dei utsette. Dersom det er på den andre sida er menneskeskapte truslar, som er baserte på menneskelege val, handlingar, reguleringar og/eller slutningar, vil ein kunne lokalisere kven som har skulda, eller kven som burde ha gjort noko med dette (ibid). Dersom ein kan definere nokon som gjeringsmann, kan dette forsterke dei protesterande sitt raseri og/eller kjensle av trugsel. Dette vil transformere kjenslene på same tid som forståingane av dette. Jasper (1998:412) hevda at det at ein kan demonisera noko fører til mektige kjensler for individa i ei sosiale rørsler, slik som hat, frykt, sinne og harme.

Jasper (1997:14) meiner at det er også positive kjensler som kan drive ein til å ta del i protest, som til dømes det at ein finner nokon som har det same synet på verda, eller problem som ein sjølv. *Rammer* (frames) er eit av dei vanlegaste brukte omgrep in sosial rørsle litteratur for å forklare slike prosessar. Under rekruttering til protestgrupper, må dei organiserande og potensielle deltakarar *synkronisere* (align) rammene sine, for å få ein felles definisjon av eit sosialt problem, og felles forståing av løysing (Goodwin, Jasper og Poletta, 2001:19). David Snow og Robert Benford (1992:137) definera ei 'ramme' som "an inpretive schema that simplifies and condenses the 'world out there' by selectively punctuating and encoding objects, situations, events, exeriencies, and sequences of actions within one's present or past environment".

Jasper (1997:157) hevdar at desse rammene kan sjåast på som ideologiar, som viser til felles forståing av verdssyn, og viser til korleis verda bryt med dette synet og til korleis ein må finne ei løysing på dette. Det at potensielle deltakarane har lettare for å godta desse dersom dei passar vel med den trua, dei meiningar som ein har om verda, og dei forteljningane og



erfaringane ein allereie har om liva sine. Jasper (1998:413) meiner at desse også representera affektive band, positive og negative kjensler til andre menneskjer, som opprettheld nettverket innanfor ei rørsle.

Kjenslene ein får av å ta del i protestaktivitetar meiner Jasper (1997:187) at ein kan skilje i to typar. På den eine sida har vi *resiproke*, som er dei pågåande kjenslene som dei som tek del i same protestrørsler har for kvarandre. Dette kan vere nære kjensler, knytt til vennskap, glede, solidaritet, men også til dei meir spesifikke kjenslene som dei skapar. Saman skapar desse kjenslene det Goodwin (i Jasper, 1997:187) omtalar som den *libidinal economy* til ei rørsle. Dette viser til dei mange og ulike formane for gleder som kjem av protest.

Ein av dei første som teoretiserte slike kollektive kjensler var Emile Durkheim (i Jasper, 1997, 193) med ideen om ein *collective effervescence*. Han brukte dette for å vise korleis ritual som song og dans er viktige for å skape og oppretthalde fellesskap innanfor religiøse grupper. Jasper (1997:193) meiner at song har vore eit viktig middel for mange rørsler opp gjennom tidene for å skape slike kjensler. Han viser til at i borgarrettsrørsla, blei songar som «We shall overcome» og «there's a great day coming», sunge blant afroamerikanske, og genererte ein kjensle av solidaritet. Jasper (ibid) viser til at ein viktig faktor for dette er at dei som tek del sjølvsagt kan tekstane til songane som blir sunge, og viser at slike tekstar er ein form for delt kunnskap som gjer at ein føler at ein høyre til. Dette gjelder også dans og andre formar for ritual, der ein kan uttrykke sine moralske visjonar og kjensler. Jasper (1997: 220) meiner *collective effervescence* også kan virke som ein form for *empowerment* (styrkje, fellesskap eller stoltheit), som gjev dei som tek del i rørsle håp om at endring er mogleg. Når ein først er med i ei rørsle, blir ofte politisk aktivitet ein sentral komponent for mange folk sin identitet og måte å leve livet sitt på, slik at ein trenger ikkje bli mobilisert på nytt. Det å kunne ta del i protestaktivitetar er ofte ein glede, og ikkje berre ein kostnad for dei (Jasper, 1997:82). Jasper (1997:221) vektlegg at dette sjølvsagt variere frå rørsle til rørsle, sidan dei fleste rørsler ofte møter meir motgang enn sigra.

På den andre sida har vi *delte kjensler* som er medvitne kjensler som ei gruppe deler på same tid (Jasper, 1997:198). Desse er ikkje knytt til andre medlemmar slik dei resiproke er, men ofte til felles oppfatning av kva som er problemet, kven som er skuldig og kva som må gjerast. Dette kan vere sinne eller harme mot utanforståande, eller sinne over slutningar. Til tross for at dei er ulike, forsterkar desse to formane for kjensler kvarandre, og på den måten byggjer dei opp ein rørslekultur. Det at ein er saman med andre som føler og tenkjer som

same måte som ein sjølv, gjer at ein ofte dannar sosiale band til kvarandre, som strekkjer seg utanfor den kollektive aktiviteten i gruppa. På denne måten gjev begge desse ulike formane for kjensler solidaritet mellom medlemmar innanfor ei gruppe (ibid).

Delte og resiproke kjensler gjev også dei som tek del ei oppleving av å ha ein *kollektiv identitet*. Dette handlar ikkje berre om kjenslene ein føler for andre som tek del, men gjev uttrykk for underliggande sosiale kategoriar som rørsle er talerøyr for. Jasper (1997:86) meiner at desse kan vere baserte på grupper som viser fellestrekk, som seksualitet, religion, etnistitet, kjønn eller klasse (Jasper, 1997:86). Ein kan også identifisere seg med andre fellestrekk, som geografi (land, region eller nabolag), men kan også vere knytt til tru eller prinsipp, slik som til dømes religion. Det å kunne definere seg sjølv som med i ei gruppe som tilsynelatande meiner det same som ein, og handlar på bakgrunn av omtrentlege same moralske visjonar, fører også til at desse kjenslene ofte blir sterkare (ibid).

Jasper (1998:415) meiner at ein kollektiv identitet ikkje naudsynt treng å vere knytt til noko positivt, for skam eller skuldkjensle er også vanlege kjensler. Han hevdar at mange rørsler er motiverte av å kunne sloss for stigmatiserte identitetar, som til dømes homofile eller transseksuelle sine rettar. Kjensler innanfor kollektive identitetar kan også skifte. Dette kan sjåast saman med Deborah Gould (2009: 32) sitt omgrep *emosjonell habitus* (emotional habitus), som er "a social grouping's collective and only partly conscious emotional dispositions, that is, members' embodied, axiomatic inclinations toward certain feelings and ways of emoting".<sup>14</sup> Dette er eit omgrep som ho bruker for å skildre endringa i opplevinga av stigmaet som homofile og lesbiske erfarte under aidsepidemien på 80 -90 talet, og korleis desse først kom til uttrykk gjennom kjensler som skam og tap.

Ved å ta fram diskursen rundt aids og homoseksuelle på denne tida, viser Gould (2009: 32) korleis individ som har ein felles identitet blir *dikterte* til korleis ein kan og bør føle på grunn av deira tilhøyrse i ei gruppe. Ho viser til korleis denne emosjonelle habitusen endra seg til å innehalde kjensler som stoltheit og sinne over stigmaet som dei opplevde, som danna grobotn for ACT UP. Rørsle blei forma for i New York i mars 1987, og førte til ei nasjonal aksjonsbasert aids rørsle over heile USA, som utfordra dei eksisterande forståingane av homoseksuelle og om seksualitet meir breidt (Gould, 2009:4). Gould (2009: 147-149) meiner at endringa kan forklarast gjennom Jaspers (1997:106) *moralske sjokk*. Deler av bakgrunnen

---

<sup>14</sup> Inspirasjonen for dette omgrepet er henta frå Pierre Bourdieu sitt habitusomgrep (Gould, 2009:10)

var Michael Hardwick, som saksøkte for å utfordre staten Georgia sin anti-sodomi lov etter å ha opplevd å bli stigmatisert og fengsla av politiet for seksuell omgang med same kjønn (Gould, 2009: 135). Dette blei nedstemt, og lova blei opprettheldt. Dette var dråpen etter ei rekkje med hendingar med både stigma og vald mot både homofile og transseksuelle, og førte til at “lesbians, gay men, and other sexual and gender outlaws around the country experienced the decision as “a declaration of war” (Deitcher,[1995], i Gould, 2009:135).

## Biografi

Fordi alle protesterande har mentale prosessar som er ulikt frå andre som tek del, vil ein også ha egne erfaringar og oppfatningar som har gjort dei villige til å ta del. Dei fleste av dei teoretiske omgrepa som Jasper har kopla saman med kjensler og moral ovanfor, vil derfor også ha ein viktig biografisk dimensjon ved seg. Med å inkludere biografiske prosessar kan ein betre forstå kva det som gjer at nokre tek saka i egne hender, mens andre ikkje. Ein kan også i større grad forstå kven desse er som personar, kvar ein kjem frå, men også kva livssituasjon dei er i. Alt dette er samla i ein *personleg identitet*, eller *aktivistidentitet*, som viser til kven dei er (Jasper, 1997:198). På grunn av dette vil det ikkje vere nokon aktivistar eller protesterande som er like, til tross for at mange av dei same kulturelle meiningane er til stades (ibid). Jasper (1997:217) meiner derfor at “because they are directly connected, the satisfactions that individuals get from their activities will be just as diverse as their biographies”.

Biografiske derfor vere viktige for å forklare årsaker og faktorar som gjer at nokre blir verande, går til nye eller forlet protestgrupper (Jasper, 1997:217). Cahtrine C. Brown (2012) meiner at ein kan skilje mellom fire ulike formar for protestlivsløp (trajectories). Den første er uthalden (persistence), der “individuals remain in their initial social movement organization (SMO) and/or continue participating in protest activities over time» (Brown, 2012:12). Den andre overføring (transfer) der “individuals disengage from their SMO or protest activities but becomes active in another SMO or cause” (ibid:13). Individuell lydighet (individual abeyance) kvar “Individuals disengage from their SMO or protest activities but return to participation later in life” (Brown, 2012:13). Til slutt lausriving (disengagement), som viser til “individuals permanently disengage from their SMO and from participation altogether. These individuals both leave their SMO and stop participating in collective action” (ibid).

Brown (2012:15-16) meiner at dette kan forklarast ved blant anna livssituasjonar og individuelle karakteristikkar som biografi (sivilstatus, barn), sosialt nettverk, ideologi (religion) og ressursar (økonomi), som må kunne foreinast med deltaking i ei rørsle eller andre protestaktivitetar. På grunn av at desse faktorane ikkje alltid går saman, fører dette til ulike formar for deltaking som vi såg over. Ho meiner at “thinking of activism as a process whereby people participate with varying degrees of continuity, it becomes clear that social movements and contentious political activity are part of the lives of many ordinary people” (Brown, 2012:10).

### 3.4 Bruk av omgrep i analysen

I analysekapittelet vil eg vise til korleis ein kan forstå både studentar på 60/70 talet og i dag sitt engasjement i lys av sentrale omgrep som eg har presentert ovanfor, med fokus på emosjon, moral og biografi. Eg meiner at dette vil gjere meg i stand til å forklare korleis informantane forstår sitt eige engasjement. Ved å la dei sjølve fortelje om sine erfaringar knytt til både prosessane som fekk ein til å ta del, men også korleis dei opplever/opplevde det å vere aktiv. På denne måten kan eg få fram likskapar og skilnader i desse prosessane.

Kvar enkelt av studentane sine komplekse biografi vil vere viktig her, sidan det er her ein får fram dei ulike erfaringane og motivasjonane som fann stad før og under. Både den biografiske og kulturelle dimensjonen vil vere nyttig i forhold til å få fram forskjellane generasjonar og kontekst. Dette gjer at ein også må ta høgde for at det vil vere ulike kulturelle rammer som prega korleis ein tenkte, vurderte og følte hos den første generasjonen enn hos den andre. Sidan det er om lag 40 år mellom dei har mykje endra seg i forhold til både normer og verdiar, men også det politiske og samfunnsmessige biletet rundt. Dette vil også virke inn på biografien, og kva deler av dei kulturelle prosessane som er blitt kroppsleggjorte: Korleis ser personen på verda, og kva moralske vurderingar og kjensler er knytt til dette synet?

Biografiske prosessar vil også kunne utdjupe ulike formar for deltaking blant studentane. Ein kan ikkje gå ut i frå at alle er eller var like aktive, eller aktive på same måte. Derfor er det gunstig å kunne skilje mellom ulik varigheit, slik eg viste med Cathrine Brown (2012) ovanfor. Dette kan vere med på å forklare og vise korleis dette er vanlege menneskjer, med eigne liv og livssituasjonar som verkar inn på deira engasjement, både i dag og attende på 60/70 talet.

For å forklare kva som gjorde studentane villige til å ta del i protest vil eg blant anna bruke omgrep som moralsk sjokk og skuld. Dette støttar seg på Jasper si framstilling om at mykje,

om ikkje alle formar for protest, kan forklarast ut i frå at vi opplever brot eller trugsel på noko vi bryr oss om eller trur er sant. Dette heng igjen saman med at det er ulike aspekt vi bryr oss om, og ulike måtar vi opplever og reagera på slike brot på. Det er derfor interessant å sjå på kva som blei opplevd som truga, kva moralske visjonar eller kva syn på verda som blei/blir brote med hos dei to studentgruppene.

Eg vil også sjå på effekten av nettverk, og korleis møte med andre som meiner det same som ein sjølv kan 'dra ein med', men også utvide eins moralske, kognitive og kjenslemessige horisont. Dette vil eg gjere ved hjelp av Jaspers framstilling av rammer, men også ved resiproke og delte kjensler som også er viktig for å forstå korleis informantane opplever/opplevde sjølve deltakinga i protestaktivitetar. Dei to sistnemnde vil også vere nyttige i forhold til korleis mange av informantane finner/fann seg til rette i nokre protestgrupper, men ikkje i andre. Korleis møte med utfordringar og ofringane som ein gjer, blir meir ein glede i livet enn ein kostnad, og eventuelt korleis møte med problem kan/kunne vere årsak til at ein forlèt.

For å ytterligare få fram opplevinga vil eg også bruke Deborah Gould (2009) sitt omgrep emosjonell habitus, der informantanes erfaringar med reaksjonar kan vise korleis ein kollektiv identitet gjere at ein generera visse kjensler. På den eine sida vil dette vere knytt til korleis ein opplever/opplevde det å vere aktiv, mens på den andre vil dette kunne vise til korleis den gruppa som var venstreradikale på 60/70 talet ser attende sin identitet på den tida. Ideen om ein emosjonelle habitus kan også vere med å forklare korleis studentane i dag stiller seg til minne om 'sekstiåttarane' sin aktivisme, og korleis dette virkar inn på deira eigen oppleving av deira kollektive identitet som 'venstreradikale' (evt sosialist, feminist, kommunist, anarkist, nynorskforkjempar og liknande). Korleis ein kan oppleve håp gjennom tidlegare rørsler sine sigra, eventuelt om denne forhistoria det er hemmande for korleis dei blir oppfatta av samfunnet rundt seg.

## **Oppsummering**

I dette kapitlet har eg vist til James M. Jasper sitt kulturelle rammeverk, og vist til korleis han gjev ei breiare forståing av politisk protest i og utanfor sosiale rørsler ved å fokusere på kulturelle og biografiske prosessar ved protest. Eg har presentert sentrale omgrep, som viser kvifor dette rammeverket er gunstige til å bruke for å forklare kva som gjer protesterande villige til å ta del i protest. Til slutt i kapitlet har eg vist til korleis eg sjølv ønskjer å bruke desse omgrepa i analysen av studentar sitt politiske engasjement.

## Kapittel 4. Metodiske refleksjonar

### 4.1. Innleiing

I dette kapittelet vil eg presentere det metodiske rammeverket som har prega både innsamling og analyse av datamaterialet, men også metodiske refleksjonar som har prega prosessen undervegs. Eg vil først vise til oppgåva si utvikling, deretter vil eg gjere reie for kva forskingsmetode som er brukt, og kvifor denne var passande for mitt prosjekt. Eg vil så vise til utvalet, og deretter reflektere over svake og sterke sider ved dette. Etter kvart vil eg også ta føre meg oppgåva sin reliabilitet og validitet, og reflektere over kva som kunne vore betre. Til slutt vil eg ta føre meg nokre etiske problemstillingar som har vore sentrale for mitt arbeid med oppgåva frå byrjing til slutt.

### 4.2. Oppgåva si utvikling

Slik eg tidlegare har skildra, var utgangspunktet for å skrive denne oppgåva ei interesse og nysgjerrigheit for kva prosessar det er som fører til at unge menneskjer blir villige til å ta del i politiske protestar. Slik vi såg i kontekstkapittelet er det mykje litteratur å finne, både av akademisk og skjønnlitterær, om kva som gjorde at mange studentar og andre blei aktive på slutten av 60- og byrjinga av 70 talet. Fokuset på denne generasjonen vil derfor ikkje vere noko nytt for mi oppgåva, men har interessert mange før meg. Vi såg også at det er få studiar som tek for seg engasjementet blant norske venstreradikale studentar i dag. Det er heller ingen studiar, som eg veit om, som har teke føre seg komparasjon av desse to norske studentgenerasjonane. Det er likevel mogleg å gripe konteksten desse handlar ut i frå, som vi også såg i kontekstkapittelet.

For å forstå dei to generasjonane har eg latt meg inspirere av Charles Wright Mills (2000) og hans *sosiologiske fantasi* (sociological imagination), som viser til ei forståing av at eit individ sin livssituasjon må sjåast i lys historie og kontekst for at ein skal forstå korleis individ både er med på å skape denne, og korleis historie er med på å sette grenser for dei:

The sociological imagination enables its prosessor to understand the larger historical scene in terms of its meaning for the inner life and the external career of a variety of individuals... The fruit of this imagination – and the first lesson of the social science that embodies it – is the idea that the individual can understand his own experience and gauge his own fate only by locating himself within his period, that he can know his own chances in life only by becoming aware of those of all individuals in his circumstances... We have become to know that every individual lives... out a

biography, and that he lives it out within some historical sequence. By the fact of his living he contributes, however minutely, to the shaping of his society and to the course of its history, even as he is made by the society and by its historical push and shove... The sociological imagination enables us to grasp history and biography and the relations between the two within society. That is the task and its promise (Mills, 2000:5-6).

Med den sosiologiske fantasien viser Mills (2000:66) til ei forståing av at ein må fokusere på både det teoretiske og det empiriske, og unngå det han omtalar som «the blindness of empirical data without theory and the emptiness of theory without data» (Mills, 2000:66). Ein vil alltid ha eit teoretisk bakteppe til grunne for korleis ein skal forstå eller ta fatt på å forstå eit sosialt fenomen, og at ein samtidig treng empiri for å fylle ein teori. For mitt vedkommande var det derfor viktig at eg under heile arbeidet hadde eit teoretisk rammeverk, men samtidig ein nærleik i forhold til empirien. På denne måten kunne dei påverke kvarandre. På bakgrunn av dette kan eg sei at eg har arbeida *abduktivt*. Blaikie (2010:156) viser til dette som ein prosess der “data and theoretical ideas are played off against one another in a developmental and creative process”. Han viser vidare til at “research becomes a dialogue between data and theory mediated by the researcher. Data are interpreted and reinterpreted in the light of an emerging theory, and, as a result, change in the process” (Blaikie, 2010:156).

Det å kunne arbeide på denne måten var viktig for meg sidan eg ikkje hadde noko klar problemstilling før eg byrja innsamlinga av data. Ved å kunne relatere til tidlegare kunnskapar om 68-generasjonen kunne eg bruke dette til å kome fram til kva delar av deira erfaringar som kunne vere interessante å samanlikne med dagens studentar. Det eg ikkje visste heilt klart var kva delar av deira erfaringar ved dette engasjementet, som interesserte meg. Ved å ha teori i bakhovudet, både før og etter datainnsamlinga, kom eg etter kvart fram til at både villigheit og opplevingar var interessante innsynsvinklar. Som vist i førre kapittel er aspekt som moral, kjensler og biografi sentrale i forklaringa av både villigheit og opplevingar knytt til deltaking og korleis ein tek del. Desse, men også dei sentrale omgrepa vist i førre kapittel var viktige både i forhold til koding av datamaterialet, og men også for å forklare funn i datamaterialet.

### **4.3. Den kvalitative metoden**

Den *kvalitative metoden* gjev moglegheit til å få tak i eit rikt datamateriale med skildringar av både korleis individ ‘ser’ seg sjølv og andre (Silverman, 2011:4). Ein av årsakane til dette er

at den, i forhold til den kvantitative, gjev moglegheit til menneskeleg kontakt med dei ein ønskjer å studere (Blaikie, 2010:214). Blaikie (2010:204) meiner at “quantitative methods are generally concerned with counting and measuring aspects of social life... qualitative methods are more concerned with producing discursive descriptions and exploring social actors’ meanings and interpretations”. Eg meiner på bakgrunn av dette at den kvalitative metoden er meir relevant i besvarelsen av problematikken eg ønskjer å belyse. Denne metoden vil gje meg eit rikt datamateriale som inneheld aktørane sine eigne erfaringar, historier og forståing av seg sjølv og sitt engasjement.

Slik eg nemnde i kontekstkapittelet har Førland og Korsvik (2008) gjort studiar av 68-er generasjonen, som i stor grad er baserte på den kvantitative metoden med spørjeundersøkingar, men også til dels ved intervju. Dei opererar her til ein viss grad med allereie fastsette kategoriar, der ein har som mål å generalisere ulike typar som kan sjåast som ‘ekte sekstiåttarar’. Eg er ikkje ute etter å generalisere, men vil få fram biografiske livserfaringar som kan forklare kva som gjorde dei ulike personar villige til å ta del i dei to generasjonane. Slik vi såg i teorikapittelet viser James M. Jasper (1997) til at alle som tek del i protest er ulike, og at “to understand a movement or event completely, we would need information about these individual stances, but no researcher has time to conduct depth interviews and life histories with more than a handful of participant” (Jasper, 1997:55).

Det å arbeide ut i frå ein kvalitativ metode der ein kjem tett innpå menneskjer, og meiningane deira, gjer at det å halde seg objektiv ikkje alltid er så lett. Nokre vil hevde at det ikkje er mogleg. Blaikie (2010:53) viser til at forskning aldri vil vere objektivt, men alltid er subjektivt frå forskaren si side, sidan det er eg som vel og vinklar temaet. Han meiner at ein kan praktisere dette gjennom det han omtalar som ein *aktiv refleksivitet*, der ein er bevisst dei verdiane og interessene ein har som forskar i det ein forskar på (Blaikie, 2010:53). Som sosiologstudent med interesse for denne typen tematikk

#### **4.4. Kvalitative intervju**

##### **4.4.1. Utvalet**

Slik vi såg i innleiingskapittelet kan dei mest aktive studentane på den radikale venstresida, både i dag og på 60/70 talet, relaterast til både SV og HF fakultetet ved Universitetet i Bergen, som også går under nemninga *venstreradikal* eller *venstreaktivist*. Som vi såg i kontekstkapittelet er dette ei nemning som inkludera personar i begge generasjonane, som plassera og definerer seg sjølv på den radikale venstresida, både politisk og samfunnsmessig.



Eit anna samleomgrep som vi også såg i kontekstkapittelet er 68-ar som byggjer på ei utviding av Førland og Korsvik sin definisjon av ein ekte 68-ar. Slik eg har argumentert for i kontekstkapittelet vil eg også ta med personar som studentar som går innanfor denne kategorien, og dermed byrja studere på 60 talet eller byrjinga av 70 talet, men også studentar som byrja seinare enn dette (midten av 1970). Dette inkluderar personar som blei (positivt eller negativt) prega av radikaliseringsprosessen som skjedde på denne tida.

Kontakten med informantane som er med i utvalet mitt, er prega av ulike metodar. I første omgang var det viktig med ei kartlegging av ulike 'venstreradikale' grupperingar. Dette gav meg eit bilete av kvar ulike studentar var/er aktive, men også kvar ein kan finne informantar i dag. Eg forsøkte i første omgang å sende ut e-post til ulike organisasjonar, for å høyre om dei (gjerne) hadde nokon tips om medlemmar eller andre som kunne vere interessert i å ta del. Av alle eg sendte ut til fekk eg svar berre frå ein. Dette var til stor hjelp sidan svaret kom i ein periode der prosessen med kontakt av informantar hadde stagnert. Sidan eg ikkje har noko nettverk som gjev meg tilgang til studentar i dag eller studentar då, var eg avhengig av å ha nokon som kunne dele sitt nettverk med meg. Med-studentar og ein 'kjenning' av miljøet på 70 talet blei viktige i kartlegginga av nettverk.

Ved hjelp av ein *portvaktfunksjon* fekk eg ei rekkje tips, som hjalp meg i starten, hjå begge generasjonar (Hammersley og Atkinson, 1996:64). Når eg først kom i kontakt med ein eller to, kunne desse igjen hjelpe meg ved å foreslå nye som kunne vere interesserte og aktuelle å stile i eit slikt prosjekt. Denne metoden blir omtala som *snøball-utveljing*, der aktuelle personar foreslår nye aktuelle, slik at utvalet veks (Blaikie, 2009:179). Kontakta med desse blei som oftast gjort over e-post, og somme tider også via telefon, der dei aller fleste svarte og var positive til å ta del.

På grunn av at eg ønskte ei større breidde i utvalet i forhold til begge studentgruppene var det naudsynt med andre metodar. Sidan eg hadde gjort kartleggingsarbeid før eg byrja, kunne eg lettare identifisere aktuelle personar gjennom deira tilknytning til ulike grupperingar. Med dagens generasjon var dette gunstig, sidan dei fleste organisasjonane bruker sosiale mediar, der ein kan få oversikt over gruppemedlemmar hjå organisasjonensgrupper. Facebook var her svært nyttig, sidan eg ofte kunne sjå kven som er studentar ved SV eller HF ved Universitetet, og dermed var relevante for mi problemstilling. Det å kontakte dei gjennom sosiale media opna på den eine sida opp for ein 'lettare' form for kommunikasjon, til tross for at det som blei sendt ut til informantane var det same. Eg fekk både raskare tilbakemelding, som nok kjem av at dei fleste unge i dag kan tenkjast å sjekke facebook oftare enn dei sjekkar e-post.

På den andre sida kan dei eg kontakta også sjå kven eg er, og på denne måten få stadfesta at eg er den eg gjev meg ut for. Ein kritikk som kan rettast mot den sistnemnde metoden er at ein nødvendigvis ikkje får tak i dei som er mest aktive gjennom facebook, sidan ein ikkje får anna enn medlemskap. Eg vil hevde at dette ikkje er eit problem sidan eg ikkje har sett noko krav til 'grad av aktivitet' eller type deltaking i mi problemstilling.

Eg forsøkte også å bruke denne metoden i forhold til den andre studentgruppa som var aktive, men denne gongen i forhold til litteratur som er skrive. Dette gjorde eg ved å lese bøker og artiklar knytt til studentaktivismen i Bergen, og sjå om det var nokre namn som kom opp som også kunne knytast til universitetet. Denne prosessen fekk blanda resultat, men førte til at eg til slutt oppnådde det utvalstalet som var sett som mål. Alle som blei spurt fekk utsendt informasjon om kva prosjektet skulle handle om, og i kva høve deira namn var kome opp, om det var gjennom tips eller deira tilknytning til ein organisasjon. Nokre gongar fekk eg raskt tilbakemelding, medan andre svarte etter ei stund, eller dei svarte ikkje i det heile tatt. Dei fleste syntes dette var eit interessant prosjekt som dei gjerne ville delta i, andre hadde ikkje høve til å delta, eller hadde ikkje vore studentar ved universitetet i Bergen. På grunn av ein del avslag, tok prosessen lengre tid enn planlagt. Studentane frå 68- generasjonen er folk som er i arbeid og har andre syslar som gjerne tek mykje av deira tid. Det var derfor av og til litt vanskeligare for dei å finne tid til dette enn dagens studentar som ofte har ein meir fleksibel timeplan. Derfor kan det også tenkjast at dette er ein grunn til at nokre ikkje svarte på førespurnad i det heile.

Eg har intervjuet 14 personar, der det er sju i frå kvar av generasjonane, og ei relativt lik fordeling mellom menn og kvinner. Hjø 68- generasjonen var der fire menn og tre kvinner, mens hjå dagens studentar var der tre menn og fire kvinner. Årsaka til at dette er viktig er at opplevinga og kva som førte til at ein blei aktiv kan tenkjast å variere mellom kvinner og menn.

#### **4.4.2. Gjennomføring**

Møte med informantane blei gjort på ulike stadar rundt om i Bergen. Dei fleste blei gjort på kafear og barar rundt om, mens nokre blei gjort på arbeidsplassen til personen som skulle intervjuast. Dette førte til at eg sit att med ulike erfaringar knytta til dei ulike intervjuet. Møta som skjedde på kafear eller barar, blei somme tider foreslått av informanten, og andre tider foreslått av meg dersom ikkje informanten hadde nokon preferansar til stad. Eg lærte fort at det er ikkje alle stadar som høver til intervju på grunn av høgt støynivå, noko som også gjorde

det vanskeleg å transkribere i ettertid. Til tross for dette var intervjuet prega av både hyggeleg og avslappa stemning. Intervjuet som blei gjort på arbeidsplassane var også hyggelege, og kanskje endå meir avslappande for deira del, sidan dei då var i kjende miljø.

Prosessen med intervjuet var krevjande, sidan det tok mykje tid i forhold til å finne informantar, intervjuet av desse, og til slutt transkribering av intervjuet. Til tross for dette opplevde eg at dette var ein metode som fungerte godt, der eg fekk rike og utdjupande refleksjonar og skildringar. Alle intervjuet blei gjort i Bergensområdet, og var med dette mindre kostnadsfylt og tidkrevjande enn det elles ville vore. Det at ein kunne treffast ansikt til ansikt gjorde det lettare å ha ein avslappa samtale. Ein kritikk mot dette kan vere at dette skaper ein moglegheit til å dømme kvarandre på utsjånad, alder, kjønn og liknande. Eg meiner på mi side at dette gjorde det lettare for meg å forstå kven personane eg snakka med er, men også korleis dei opplevde å snakke om dette gjennom andletsuttrykk og kroppsspråk. På den andre sida gav dette informantane ein moglegheit til å sjå kven eg er, som kan tenkjast å gje ein form for tryggleik sidan dei også kan sjå mine uttrykk og mitt kroppsspråk.

Det har vore ein lærerik prosess, der eg har møtt mange hyggelige menneskje, med både sterke meininger og interessante forteljingar, om seg sjølv, men også om deira erfaringar og meininger kring temaet. Alle som tok del var positivt innstilte til å ta del og fortelje, noko som speglar seg att i lengda på intervjuet, som varte frå om lag ein til to timar. Dette kjem også av anekdotar, som både førte til drøfting mellom informanten og meg som intervjuar. Men også fordi mange hadde mykje å fortelje. Det var særleg dei som var aktive på 60/70 tale sine intervju som varte lengst, og som ofte uttrykte glede over at “endeleg er det nokon som vil høyre på oss”. Mange av dei yngre gav også uttrykk for at dei syntes det var kjekt å snakke om dette, sidan det er noko dei brenner for. Ein informant som er aktiv i dag gav også uttrykk for at intervjuet opplevdes som “terapeutisk”, sidan det også opnar for moglegheit til å gje uttrykk for frustrasjonar i forhold til ulike sider ved personen si deltaking i aktivisme.

Sidan eg ønskjer å få fram begge generasjonane sine erfaringar og syn på verda gjennom intervjuet, tok eg utgangspunkt i ei fenomenologiske tilnærming, som også blir omtalt som *livsverden-intervju* (Kvale og Brinkman, 2009:28-29). Slike intervju er gunstige for å få tilgang til, men også til å få rike skildringar av den levde kvardagen til informantane. Alle intervjuet blei også gjort med samtykka bruk av diktafon. Dette gjorde det mogleg for meg å

gå inn for *aktiv lytting*, noko som også gav meg høve til å konsentrere meg om det som blei sagt, men også kome med relevante oppfølgingsspørsmål (Kvale og Brinkmann, 2009:138).

Det var viktig å ta omsyn til at det er om lag 40 år sidan 68- studentane var aktive, men også eit par år sidan dei fleste av studentane i dag blei aktive. Mange av opplevingane og erfaringane, som framleis er relativt ferske for dagens studentar, vil ofte vere vanskelegare å sette ord på for nokon som erfarte desse i sine ungdom-tidleg vaksen-år. Blaikie (2010:202) omtalar dette som *retrospektive intervju*, der ein bruker notida som ein base for å forstå historiske hendingar. Ved å ta utgangspunkt i erfaringar og forteljingar frå personar som har opplevd dette, kan ein betre forstå desse. For at eg best mogleg kunne ta omsyn til desse skilnadane, valte eg å ha semi-strukturerte intervju, der eg opererte med to intervjuguidar.<sup>15</sup> Eg kunne på denne måten tilpassa spørsmåla, slik at dei tok høgde for tidsforskjellen i tida då erfaringane til dei ulike informantane blei gjort.

Begge intervjuguidane var baserte på eit ønskje om å få fram kven dei ulike personane er, og kva som engasjerte dei til å ta del, både i første omgang, men også til å fortsette. Eg ville på den andre sida også få fram korleis dei opplevde/oplever det å ta del, og miljøet rundt seg. Det var også interessant for meg, med bakgrunn i Jasper sitt rammeverk, å forsøkje å få fram kva betyding moral og kjensler har/hadde for informantane. Dette gjorde eg gjennom å forsøkje å få fram kva som er/var viktig for dei ulike informantane, men også forsøkje å få dei til å reflektere over denne betydinga. Kven som var aktive og tok del, vil vere aspekt som også er skildra gjennom historiebøker og andre formar for litteratur. Eg gjekk ut i frå at det likevel vil vere interessant å kunne skildre dette gjennom informantane sine erfaringar, og korleis dei opplevde dette, som også viser til kven desse er/var som personar. Mykje av det som blei fortalt kunne relaterast til spesifikke historiske hendingar, og ved å ha forkunnskapar om desse kunne eg betre følgje opp korleis personen opplevde desse. Sidan dette også er komparativt forsøkte eg i slutten av alle intervju å få fram korleis desse to generasjonane oppfattar kvarandre. På grunn av stadige interessante empiriske funn og nye teoretiske innspel, blei begge intervjuguidane endra ei rekkje gongar. Eg såg det som nyttig å følgje opp desse både innanfor og mellom dei to studentgruppene. Dette førte til at eg også valte å spørje nokre av dei første informantane frå dagens generasjon om eit ekstra intervju for å tilføre data på dette punktet. Noko alle av dei spurde var villige til.

---

<sup>15</sup> Sjå begge rettleiande intervjuguidar som vedlegg 2 og 3.

## 4.5. Reliabilitet og validitet

### 4.5.1 Reliabilitet

*Reliabilitet* kan forståast som “the consistency and truthworthiness of research findings; it is often treated in relation to the issue of whether a finding is reproducible at other times and by other researchers” (Kvale og Brinkmann, 2009:245). Dette er ein metode der ein kan etterprøve val av teknikkar i alle fasar av forskingsprosessen, men også kva rolle forskaren har hatt i forhold til resultata.

Sidan det er eg som både har laga spørsmåla, men også stilt dei, vil eg ha ein sjølvsgatt innverknad på kva som kjem ut av intervju, men også i analysen. Til tross for dette vil eg argumentere for styrkja reliabilitet i oppgåva. Eg hadde som nemnt ovanfor to sett med intervjuguidar. Innhaldet mellom spørsmåla i dei to gruppene, er relativt likt, men tek høgde for at erfaringane det blir spurt om er fjernare for den eine gruppa enn for den andre. Ein kan på den andre side aldri vere heilt sikker på at alle informantar forstår spørsmålet på same måte, sjølv om det er stilt likt. Dette kjem av at ein tolkar og forstår ting ulikt. Eit anna moment som eg vil sei styrkja min reliabilitet er at eg har transkribert kvart intervju nøye, der eg har vore påpasseleg med å få med alt som blei sagt, inkludert pausar, latter og nøling. Transkripsjonane var ein viktig ressurs under resten av prosessen, der eg kunne finne fram desse både under koding og analyse. Eg tok også notatar i under- og i etterkant av intervju, slik at refleksjonar som eg hadde under intervju kunne kome til nytte ved seinare anledningar.

Til tross for at eg ovanfor argumentera for reliabiliteten i oppgåva, er der framleis aspekt som kunne vore betre. For det første er eg ikkje ein erfaren intervjuar eller forskar, så der er nok spørsmål som både kunne vore betre stilt, men også betre fulgt opp. Dette kjem av lite erfaring med intervjusituasjonar. Eg vil likevel hevde at dette ikkje har vore problematisk, sidan uklare spørsmål har blitt forklart på ein forståeleg måte for informantane. Mange av informantane har i etterkant av intervjuet sagt at dersom eg skulle trenge noko meir, eventuelle utdjupingar, så kunne eg ta kontakt. Eg brukte derfor denne moglegheita når slike tilfeller oppstod.

Utvalsmetoden som er brukt kan også rettast kritikk mot. For det første var det nokre av dei som blei intervjuet som meinte at dei ikkje var/er dei mest aktive, eller mest engasjerte. Dette kom opp både i forhold til at nokre meinte at deira syn på verda, men også deltaking var annleis enn for mange andre. Nokre sette derfor spørsmålsteikn ved om dei var kvalifiserte.

Eg vil likevel hevde, slik eg også viste til i teorikapittelet og kjem attende til i analysen, at det er interessant at ein tek/tar del på forskjellig vis. Tanken på dette gjer at ein blir bevisst at dette er normale menneskjer, som lev ulike liv.

I bruken av *snøballmetoden* ligg det ofte ein viss fare for at fleire av informantane ville kome til å vere frå det same nettverket. For mitt vedkommande er mitt bilete av kva som gjorde at studentane på 60/70 talet blei villige til å ta del i protest, prega av at ei viss gruppering er overrepresentert. Framstillinga eg har vil derfor i stor grad vere prega av deira forteljingar og erfaringar. Årsaka til dette er todelt: Det var denne gruppa som svarte på førespurnad, og som ofte foreslo andre, som hadde same tilknytning som ein sjølv. Sistenemnte kan også kome av at eg ikkje alltid var like spesifikk som eg burde vore i forhold til breidda eg ville ha i materialet. Det kan tenkjast at dersom eg hadde hatt fleire som var aktive i andre grupperingar ville biletet av villigheit og oppleving blitt litt annleis. Sidan eg er ute etter dei ulike informantane sine særeigne erfaringar vil eg argumentere for at dette ikkje er noko problem, sidan dei alle vil ha ulike historier og erfaringar knytt til kva som gjorde dei villige, men også korleis dei opplevde det å ta del, uavhengig av kvar dei blei aktive.

#### 4.5.2 Validitet

Mens reliabilitet er ein metode som tek føre seg kor vidt studien er reproduserbar, viser *validitet* til kor vidt resultata som er kome ut av studien er gyldige, i forhold til om ein måler det ein ønskjer å måle (Kvale og Brinkmann, 2009:246). Dette vil sei kor vidt eg gjennom min forskingsprosess har klart å gi svar på problemstillinga, som kort omfattar kva som gjer dei to studentgenerasjonane villige til å ta del i politisk protest.

Når ein utfører intervju kan det vere vanskeleg å vite om dei som tek del snakkar sant eller ikkje. Nokre vil også hevde at det er vanskeleg å avgjere om retrospektive intervju er pålitelege eller ikkje. Dette er på grunn av at ein ikkje alltid kan stole på om informantane hugsar eller fortel sanninga om det som har skjedd, eller korleis dei opplevde dette (Blaikie, 2010:138-139). Førland tek føre seg slike situasjonar ved å vise til ein kommentar han fekk på eit av sine spørjeskjema: «Her blir det mange små mus som får anledning til å tisse på ein død løve...» (Førland og Korsvik, 2008:29).

Det å sjå noko i retrospektiv, om det er mange år eller få år, kan gi individ moglegheit til å kunne omskrive sine historier om kvifor dei tok del i første omgang (Jasper, 1997:382). Forskaren får på denne måten tilgang til korleis individ føler dei *må* eller *burde* ha opplevd det den gongen, framfor korleis dei eigentleg opplevde det (ibid). På denne måten kan ein

overdrive, og på den andre underdrive. For å få bukt med dette kan ein basere seg på historiebøker og anna litteratur, studiar, og artiklar, men også gjennom bileter og ytringar som blei gjort på det aktuelle tidspunktet enten det er i dag eller på 60/70 talet. På den andre sida vil ein aldri heilt kunne vite dette. Som vi såg i Jaspers (1997) perspektiv; er og har alle som tek del i protest ulike opplevingar ved å ta del, og årsakar til å ta del. Dette vil ikkje vere noko problem for mi problemstilling, sidan den baserar seg på å få fram individuelle opplevingar og kva som gjer ein villig til å ta del i politisk protest på den radikale venstresida.

#### 4.6 Ethiske problemstillingar

Under heile forskingsprosessen kom eg over etiske problemstillingar som eg måtte ta omsyn til. Dette kjem av at ein som forskar har eit ansvar over for dei ein forskar på, både i forhold til korleis ein behandlar dei som menneskjer, materialet dei gir ein tilgang til, og korleis ein framstiller dette i analysen (Øyen og Alver, 1997). Ei byrjing på denne prosessen var å melde studien inn, og få den godkjent av norsk samfunnsvitskapeleg datateneste (NSD), noko eg fekk etter kort tid.

Under heile forskingsprosessen ønska eg å oppretthalde ein god forskingsskikk, både i forhold til å gi informasjon om prosjektet, men også i forhold til frivillig samtykke. Dette gjorde eg gjennom å sende ut førespurnadar med grundig informasjon om studien og kva den skulle brukast til. Eg sendte også ut informasjonsskriv om studien,<sup>16</sup> der eg viste til tema, lengd på studien, at det var frivillig å ta del, men også at intervjuar var anonyme, og at datamaterialet ville bli makulert etter at forskingsprosessen var ferdig. Denne informasjonen blei somme tider gjort gjennom førespurnaden om å ta del i intervju, og blei ofte gjenteke munneleg før intervjuet starta for å vere sikker på at informasjonen var oppfatta. Alle som har teke del har gitt sitt samtykke på bakgrunn av informasjonen som er gitt. Eg har i tillegg vore observant på også å informere om utsettingar og framgang i oppgåva. Dette var etterspurt av nokre av informantane, noko eg fekk hyggelege og takknemlege tilbakemeldingar på.

Som Alver og Øyen (1997:14) viser; «som mennesker og som forskere må vi ta utgangspunkt i at det enkelte individ har en selvstendig rett til å verne om sitt eget livsrom, sin æresfølelse, sin stolthet og integritet innenfor de grensene som kulturen setter». Sjølv om personar som går under fellesnemninga *venstreradikale* ofte er aktive menneskjer som likar å ytre sine meiningar, betyr ikkje dette at dei er offentlege personar. Ein må ta omsyn til at det ikkje er

---

<sup>16</sup> Sjå informasjonsskriv som vedlegg 1.

alle som ønskjer å snakke om sine erfaringar. Nokre av dei som var aktive kan ha eit ambivalent forhold til si fortid, og derfor ikkje ønske å snakke om temaet.

Det er også viktig å merke seg at datatilsynet reknar personopplysningar som; «rasemessig eller etnisk bakgrunn, eller *politisk*, filosofisk eller religiøs oppfatning, at en person har vært mistenkt, siktet, tiltalt eller dømt for en straffbar handling, helseforhold, seksuelle forhold eller medlemskap i fagforeninger» (NSD). Det å spørje nokon om deira politiske ståstad eller oppfatning blir rekna som sensitive personopplysningar av datatilsynet. Dette er grupper av menneske sine unge år som ofte er blitt tolka, fortolka, utskjelt og gjort narr av. Det same gjeld dei som er aktive i dag. Det er også eit kjent fenomen at enkelte og kanskje dei mest radikale venstreaktivistar kan ha opplevd å ha følt seg stigmatisert av politi under deltaking i demonstrasjonar eller andre formar for aksjon. Sidan eg er ute etter villigheit og opplevingar for å ta del, er ikkje dette tematikk som har vore inkludert i spørsmåla. Til tross for at informantane høyrer til ei politisk gruppe som i nokon grad opplever stigmatisering, er dette ressurssterke menneske med-, eller som tek høgare utdanning.

For å verne og beskytte deltakarane sitt privatliv er det også viktig å ivareta informantane sin anonymitet, slik at det ikkje skal gå an å kjenne dei att i materialet. Min måte å gjere dette på er å la vere å ta med gruppe eller organisasjonstilhøyrslø, og heller bruke fellesnemninga *venstreradikal* eller *venstreaktivist*. Desse omgrepa dekker, slik eg har vist tidlegare, grupperingar og menneske som plasserar seg sjølve på den radikale venstresida av den politiske skalaen. Ein årsak til at det er viktig å bruke ei slik fellesnemning er at det radikale miljøet i Bergen, på 70-talet var relativt lite og er enda mindre i dag. Dersom ein tek med gruppetilhøyrslø vil ein lettare kunne kome fram til kven personane er.

Eg oppdaga fort at eg gjennom intervjuprosessen fekk tak i eit rikt datamateriale, som både gav unik og spesifikk informasjon om informantane. Ei utfordring med dette var gjerne at eg ofte fekk personlege fortellingar og erfaringar som inkluderte identifiserbare element (Alver og Øyen, 1997:119-120). Eg har latt vere å ta med element som gjer at ein kan kjenne att personane. Dette gjer at det er ein del historier eller anekdotar som enten er teke heilt vekk, eller endra på slik at dei opprettheld anonymiteten til informantane (ibid). Nokre gongar førte dette til at gode refleksjonar blei utelatt. Til tross for dette, vil eg framleis hevde at eg har fått eit rikt materiale som omhandlar informantane sine erfaringar og syn ved det å vere politisk aktive på den radikale venstresida.



#### **4.7. Oppsummering**

I dette kapitlet har eg vist til det metodiske rammeverket som har vore styrande for mitt arbeid under heile forskingsprosessen. Eg har også vist til refleksjonar over korleis denne prosessen er blitt gjennomført, kva som har kome fram, men også til kva som kunne vore betre. Til slutt har eg vist til etiske problemstillingar som har vore viktige før, under- og etter analysen.

## Kapittel 5. Analyse

### 5.1. Innleiing

I dette kapitlet ønsker eg å belyse problemstillinga i lys av datamaterialet frå dei 14 intervjuar som er gjort med dei to generasjonane av venstreradikale studentar: Kva gjer/gjorde studentar, både i dag og på 60/70-talet villige til å ta del i politisk protest? Og korleis opplevde dei å ta del? For å forstå dette har eg teke utgangspunkt i informantane sine særeigne fortellingar og erfaringar frå intervjuar, men også i sentrale omgrep som vektlegg det James M. Jasper omtalar som *kulturelle og biografiske prosessar*.

Slik eg viste i teorikapitlet kan kultur forståast som syna ein har på verda, og dei vurderingane, kjenslene og praksisane som følgjer med desse, og som vi også deler med andre. Biografi er på den andre sida dei kroppsleggjorde delane av kultur som vil vere særeigne for eit individ. Dette viser også til at alle som tek del er ulike, og korleis alle vil ha ulike årsakar til å ta del, men også ulike opplevingar av det å ta del. Eit viktig aspekt ved Jasper sitt rammeverk er at mykje, om ikkje all politisk protest, kjem av at ein opplever brot mot noko ein bryr seg om.

I kontekstkapitlet kunne vi sjå kontekstane som begge generasjonane reagera/reagerte på. For å kunne forstå kva som driver/dreiv mennesker til å ta del, treng vi også å vite noko om kven dei er, kva dei bryr seg om, korleis dei ser verda rundt seg, og kva som bryt med dette. Ut i frå dette vil eg danne eit bakteppe for den vidare analysen, der eg vil presentere funn som på den eine sida kan vere med å seie noko om kven informantane er ut i frå deira bakgrunn. Slik vi skal sjå nedanfor er dette noko fleire av informantane framhevar som viktig for korleis dei forstår verda rundt seg. På den andre sida vil eg presentere funn som viser korleis informantanes ulike biografiar, men også livssituasjonar påverkar korleis informantane er/var aktive. Sidan det er om lag 40 år mellom dei to generasjonane vil det vere ulike referanserammar ein reagerar ut i frå, men som også påverkar eins liv. Dette, og resten av bakgrunnsteppen av informantane sine biografiar, vil vere viktige bakteppe for den vidare analysen av kva som gjorde ein villig, og korleis ein opplevde det å vere politisk aktiv.

Hovuddelen av dette kapitlet er todelt. Den første delen tek for seg villigheita til å ta del i protest, medan den andre delen tek for seg opplevinga av å ta del. I den første delen blir funn frå datamaterialet presentert i lys av sentralt omgrep i teorikapitlet som moralsk sjokk, skuld, og rammer. Alle desse tre omfattar, som tidlegare nemnt i teorikapitlet, moralske, emosjonelle og biografiske så vel som kognitive prosessar. Slik vi skal sjå nedanfor viser alle

informantane til særeigne erfaringar og historier knytt til hendingar og aspekt som fekk ein til ta del. Vi skal også sjå betydinga av nettverk, og korleis det å kome saman med andre som ser, vurderer og føler verda på same måte som ein sjølv, blir skildra som viktig i begge generasjonane.

Den siste delen vil ta for seg informantane sine opplevingar av å ta del i protestaktivitetar, noko som er viktig for å forstå kva informantane fekk/får ut av å vere politisk aktiv, og kva som fører til at nokre fortsetter, medan andre forlet protestgrupper. Eg vil her presentere funna i ljøs av kollektive kjensler (resiproke og delte), kollektiv identitet, men også emosjonelle habitus, som slik omgrepa ovanfor også er emosjonelle, moralske, biografiske, så vel som kognitive. Datamaterialet viser til 14 ulike erfaringar både av positive og negative karakterar, ved det å ta del. Dette omfattar for begge generasjonar opplevinga av å vere del av ei rørsle, tradisjon og/eller eit fellesskap, men også korleis det å ta del for somme er/var prega av utfordringar, så vel som gleder. Eg vil til slutt drøfte dei to generasjonane sitt syn på kvarandre, og korleis desse syna påverka deira opplevingar, som både er knytt til kollektive identitetar, men også synet på framtida. Dette vil vere mitt forsøk på å gje stemma attende til dei to generasjonane av venstreradikale studentar, der eg vil fokusere på både det som går/gjekk føre seg i hovudet og hjartet til dei protesterande studentgruppene.

I begge hovuddelane vil eg halde generasjonane separerte for å få fram både det særeigne mellom dei protesterande i kvar, men også innanfor same generasjon. Eg vil i neste kapittel kome med ein komparativ drøftingskonklusjon, som i større grad vil samanlikne desse.

## 5.2. Kultur, biografi og deltaking

### 5.2.1. Bakgrunn og identitet

#### «Dessertgenerasjonen»

Slik vi såg i kontekstkapittelet vaks mange av dei som var aktive på 60/70-talet opp i ei tid der det var auka velstand i Noreg. Etterkrigstida, som varte fram til 1970-talet, var ei tid der Noreg går frå å vere eit av Europas fattigaste land etter krigen, til å bli eit av dei rikaste. Unge som vaks opp på denne tida opplevde derfor også auka moglegheiter som deira foreldre ikkje hadde hatt før dei. Dette var også ei tid der ein var svært positive til USA, og alt som kom derifrå av forbrukarvarer. Solveig fortel at «før den tid så var det jo vi som elska Amerika på ein måte, og alt som kom frå USA var bra [...]».<sup>17</sup>

---

<sup>17</sup> Informantane er gjeve fiktive namn

Nokre av informantane fortel at dei vaks opp i ei tid der ein hadde hardarbeidande foreldre. Dette var ei tid der normalen var at det var far stod for inntekta, medan mor var husmor og hadde ansvar for heim og barn (Frøland m.fl. 1997:63). Det er også viktig å merke seg at dette var ei tid der det også var stor etterspurnad etter arbeidskraft også hjå kvinner, til tross for at tradisjonelle familiemønster framleis stod sterkt. Fleire av informantane nemner at dei opplevde inga naud når dei vaks opp. Helge, med arbeidarbakgrunn, er ein av desse, som fortel at «det var ingen som sulta og vi hadde det fint, vi var en sånn dessertgenerasjon! Vi hadde det fint, hadde det vi trengte, også kameratskap, sosialt og alt det, fin oppvekst!».

Dei fleste av informantane frå denne tida, som fortel om deira bakgrunn, viser til at dei har vokse opp med arbeidarklassebakgrunn, men også nokre frå bondefamiliar, og fortel korleis dette var med å forme dei som mennesker. Fleire viser til at dei «visste hvor vi kom fra», som vi skal sjå, også påverka korleis og kvifor dei blei aktive. Slik vi såg i kontekstkapittelet viser Førland og Korsvik, i sin studie av «sekstiåttar-generasjonen», til at klassebakgrunnen i seg sjølv ikkje har nokon framstående effekt i deira materiale. Dei viser på den andre sida til at foreldra sine meiningar og haldningar var viktige. Slik vi såg i kontekstkapittelet kan foreldra sine meiningar i større grad vere knytt til klasse, fordi dei vaks opp i ei tid med større classeskilje enn generasjonane etter.

Kor vidt foreldra sin politiske ståstad blir framheva av informantane er ulikt. Det er også her to som ikkje nemner noko om dette. Jens fortel at han voks opp med ein far som var arbeidar, men som aldri hadde noko uttalt politisk tilhøyrslø. Andre, som Gunnar, fortel at foreldra ikkje delte hans politiske meiningar, men at dette ikkje var grunnlag for konflikt. Nokre av informantane viser til diskusjonar heiman ifrå, knytt til diskusjonar som amerikansk krigføring i Vietnam, men også om EF. Begge deler var kampar som vi i kontekstkapittelet såg opptok mange. Solveig, som kom frå ein bondefamilie, fortel var ho ikkje politisk interessert før all diskusjonen om EF, som ho i stor grad hadde heiman ifrå. Det er likevel berre ein som fortel at han kom frå ein heim med radikale foreldre, Svein, frå arbeidarfamilie, viser til at «engasjementet sprang ut litt av oppveksten min, industri-by, radikale foreldre, faren min var lærer, mor mi var husmor, men hun var radikal».

Slik eg viste i kontekstkapittelet, var tida då desse vaks opp, også prega av tradisjonelle og til dels autoritære samfunnsstrukturar. Kvinner som no hadde moglegheit til å ta utdanning, men også til å arbeide, førte ofte til at mange opplevde likestillingsspørsmålet som oppfylt. Førland og Korsvik viser til at om ein ikkje blei født til opprør med radikale foreldre, kan dei ha blitt

leia til protest gjennom konflikter med (særleg) far eller mor i oppveksten, som også fekk ein til å vere skeptisk til samfunnet rundt, t.d. til autoritetar. Dei viste til at dette ikkje var særleg framstående i deira funn. Av dei sju informantane er det berre to som viser til opplevingar som dei hadde som unge knytt til dette. Blant desse er Marianne, frå landsbygda, som viser til at opplevinga av å sjå mor si slite økonomisk etter farens død, førte til at ho «aldri ville bli avhengig av ein mann». Ho fortel at ho og fleire «kom frå familiar med sterke verdikonservative trekk. Ærlig, ordentleg, vi var veldig skikkelige». Hennar oppleving var ikkje prega av konflikt med mor, men meir av ein urettferdig samfunnsstruktur, som kan forståast å gjere kvinner avhengige av menn for å klare seg.

Sigrid fortel at ho vaks opp i eit lågare middelklasse miljø, med store variasjonar. Ho viser til at ho vaks opp med tydelege klasseskilje både innanfor hennar eigen familie, men også i nærmiljøet og på skulen. Sigrid viser også til erfaringar med hennar barndom, som var knytt opp til ein autoritær far, og fortel korleis ho opplevde kjønnsdiskriminering allereie som barn:

Jeg syntes det var forjævelig at jeg hadde gærent kjønn, fordi det forstod jeg jo veldig fort da jeg var veldig liten at jeg hadde vært ønsket som gutt, fordi det er gjevere med gutter enn med jenter».

Dette førte til at ho blei i opposisjon mot både autoriteter og kjønnsdiskriminering i samfunnet. Desse erfaringane var med på å forme begge desse kvinnelege informantane sine syn på verda, og som vi skal sjå også var viktig for kvifor dei blei villige til å ta del i politisk protest. Eins syn på verda og kva ein meiner er riktig og galt meiner Jasper i stor grad er sosiale konstruksjonar som vi lærer gjennom sosialisering i oppveksten. Det er i etterkant og i møte med andre vi gjer våre erfaringar, og utviklar vår særeigne moral, men også syn på verda. På denne måten kan ein forstå korleis ulike kulturelle aspekt frå tida dei levde i blei kroppsleggjorte i dei. Dette kan enten vere gjennom vidareføring, motstand eller endring mot desse etter kvart som ein gjer seg egne livserfaringar som blir ein del av eins biografi.

### «Informasjons-generasjonen»

Slik vi såg i kontekstkapittelet har dagens generasjon også vakse opp med stor grad av velstand rundt seg, der ein i større grad har fridom frå autoritetar og tradisjonelle strukturar, men også eit meir heterogent og individualisert samfunn. På den andre sida har ein vokse opp med større grad av urett rundt seg, som ein har hatt tilgang til gjennom ulike mediar sine søkjelys.

Seks av sju informantar i denne generasjonen viser til deira oppvekst som viktig for korleis dei ser på verda, der gode verdiar og oppseding blir nemnt som viktige. Dei same viser også til at dei har foreldre som har på eit eller anna tidspunkt vore aktive sjølve. I kva grad informantane vektlegg betydinga av foreldras aktivisme for deira eige syn på verda, er ulikt. Nokre, som Magnus, fortel at mor hans har fortalt at ho bevisst har oppdratt han «sosialist». Marie viser også til ei slik verdioppfølging frå sine foreldre, og viser til at då ho var lita forsøkte aldri foreldra og fortelje ho kva ho skulle meine men at «de var litt sånn: ‘ja, men du kan no også tenke på at i Israel, Israel okkuperer faktisk et annet land’». Andre viser til at dei ikkje meiner dei har fått ein politisk oppvekst, til tross for at foreldra var aktive som unge, men at oppveksten har vore meir verdibasert, slik som Lars:

Eg trur dei har vore veldig tydelige på at det er nokre verdiar som er viktige og som vi har lyst til å gje deg som sonen vår då, og snill med andre, det var liksom det viktigaste, og det med solidaritet, det å bry seg om andre.

Ut i frå informantane si framheving av oppvekst og foreldra, vil eg hevde at dette er viktig for mange av informantane. Informanten som viser til at ho ikkje har hatt «politisk aktive foreldre», fortel at det er andre i hennar familie som har vore aktive, som gjerne har virka inn på hennar syn på verda, sjølv om ho ikkje nemner dette som anna enn «interessant å høre på». Det kan tenkjast at sidan nesten alle av foreldra har vore aktive sjølv, kan dette forståast som verdiar og fokus som har gått i arv. Verdiar som solidaritet og likskap er viktige her, men også fokus som blant anna Palestina-konflikten, som vi skal sjå også opptok 68-generasjonen og generasjonar etter der. Informantane viser også til vener og andre rundt seg som viktige, som vi skal sjå ofte også er det som gjer ein villig til å ta steget til å ta del i protestaktivitetar.

### **5.2.2. Ulike protestlivsløp og deltaking**

Alle informantane viser i intervjuet til ulike formar for deltaking i protestaktivitetar. Dette til tross for at alle er/var i lik situasjon som enten SV- eller HF studentar ved UIB. Det er viktig å understreke slik Jasper gjer, at alle som tek del er ulike, både i forhold til kva som gjer dei villige, men også i forhold til korleis dei deltek og opplever dette. Slik vi såg i teorikapittelet må vi, ifølgje Brown, forstå at alle som tek del er normale mennesker med kvardagslege liv som er prega av ulike individuelle karakteristikkar, men også livserfaringar. Ho skil mellom fire formar for protestlivsløp: Uthald, overføring, lydigheit og lausriving.

Sidan det er om lag 40 år sidan 68- generasjonen var aktive studentar kan ein seie noko om deira protestlivsløp, og vise til korleis ulike aspekt ved deira liv prega denne. Dei fleste av

informantane viser her til at dei ikkje lenger er «politisk aktive» eller at dei er «resignerte». Eit aspekt som eg vil framheve i dette høvet er at deltakingsformane for protest har forandra seg sidan desse var studentar. I dag er det færre som er medlem, men det er fleire som *berre* møter opp. Dette kan gjerne også vere knytt til tradisjonelle venstredagar som 8. mars eller 1. mai, i tillegg til andre aksjonar eller markeringar. Internett er også blitt ein ny arena der ein kan ytre seg og delta på andre måtar enn før.<sup>18</sup> Dei fleste av 68-generasjonen viser til deltaking der ein er eit aktivt medlem, men fleire anerkjennar at det er nye former i dag.

Det er også, slik mange av informantane framhevar, viktig å framheve at referanseramma for dei informantane som i dag er i 60-åra hadde då dei var i 20-åra, påverka deira val. Eg vil derfor også vise til korleis individuelle karakterstikkar påverka deira deltaking attende den gangen. Slik vi har nemnt tidlegare vil det vere forskjell i denne rolla, der det er mykje større prestasjonskrav i dag enn kva det var attende på 60- og 70-talet, særleg fordi ein visste at ein etter endt utdanning fekk seg arbeid med ein gong. Hjø dagens generasjon, som ikkje har like langt livsløp, skal vi sjå korleis ulike aspekt ved deira individuelle karakteristikk, erfaringar og livssituasjon virka inn for deira deltaking i politisk aktivisme i dag. Eg vil også vise til korleis desse tenker om sitt framtidige livsløp.

Dette vil, for begge generasjonar, vere eit viktig bakteppe for å forstå kven personane er før eg byrja drøfte korleis vi kan forstå kva som gjer dei villig og oppleving av å ta del i protestaktivitetar.

### **Resignerte, men framleis samfunnsengasjerte i hjartet.**

Til tross for at det er fleire av sekstiåttarane som framhevar at dei er «resignerte», eller «ikke lenger er politisk aktive», viser dei til at dei framleis er «samfunnsengasjerte i hjertet».

Gunnar fortel om ei slik erfaring:

Det engasjementet har jeg da for så vidt hatt frem til denne dag, bortsett fra at jeg ikke jobber aktivt politisk, har ikke gjort det på mange år, men det er vel veldig likt mange i min generasjon

Dette betyr ikkje at alle slutta å vere aktive etter dei var ferdige som studentar. Det er fleire som viser til at engasjementet deira fortsette i andre formar etter studietida. Denne endringa må forståast i forhold til endring i livssituasjonar, som alder, familieetablering, arbeid og liknande.

---

<sup>18</sup> Sjå Rens Vliegthart (2014) sin omtale av Cathrine C. Brown si bok «Patterns of Protest».

Det er fleire av informantane som fortel at dei delvis har det same tankesettet i dag. Det at dei framleis har ei klar plassering på venstresida, og deira engasjementet den gongen, er noko alle ytra stoltheit over. Likevel er det fleire som nemner at dei nok var litt naive på nokre punkt. Dette blir ofte forsvart av at ein må huske at ein berre var i 20 åra, og at det ikkje er alt ein veit når ein er ung som ein veit når ein er i 60 åra.

Fleire viser til at dei held fram som medlem av organisasjonar, men som «ikkje-aktive medlem» som følgjer med på det som skjer. Dei fleste viser likevel til at dei framleis møter opp på «tradisjonelle venstredagar», som 1. mai og 8. mars. Likevel viser dei fleste, slik som Solveig, at ein «spring ikkje til byen kvar gong eg høyrer at det er ein demonstrasjon ved den blå steinen lenger». Ein kan ut i frå dette argumentere at deira deltaking til ikkje er heilt resignert, eller lausreven endå, sjølv om dette sjølv sagt variera frå informant til informant.

To av informantane fortel at dei framleis held fram med å arbeide politisk med sine hjertesaker frå åra som student. Slik vi skal sjå under har aktivitetsform endra seg, og ingen av dei er verken like radikale eller like aktive som når dei var unge. Dette kan vi også sjå i forhold til dei same årsakene som over. I forhold til Brown sine livsløptypar er det desse to informantane som kan seiast å vere dei mest uthaldande.

#### **Då: Livssituasjon, prioriteringar og preferansar**

Hos sekstiåttarane viser alle til ulike livssituasjonar, prioriteringar og val som prega korleis dei tok del. Dei fleste viser til at dei var politisk bevisste før dei byrja på universitetet, og visste kva som skjedde rundt dei. Det er likevel berre tre som viser til at dei var aktive i politisk aktivisme før dei blei studentar. To av desse strekkjer seg heilt attende til ungdomsskulen.

Gunnar er ein av desse, som fortel at han både før og etter han var student tok del i ulike formar for aktivisme knytt til ulike delar av samfunnet rundt han. Han fortel at hans tid som student var kortare fordi han etter ein stund fekk seg kjærast, og «gav opp» student og aktivistlivet i Bergen. Dette fordi han flytta med ho der ho skulle studere, for å arbeide i industrien. Gunnar understreker at dette ikkje kom av at han proletariserte seg.<sup>19</sup> Han skildra dette som at «når man er ung og nyforelsket, så kaster man alt over båten, så jeg reiste med hun». Han held likevel fram med engasjementet i arbeidslivet:

---

<sup>19</sup> «Proletarisering» eller «sjølvproletarisering» er ein nemning som blei brukt om studentar, akademikarar og andre som frå 1974 og utover gjekk inn i industrien for å bli arbeidrarar (Rognlien og Brandal, 2009:kap 4) .



Da fikk man jo også utløp for engasjementet sitt, og det var likevel så nyttig. Nå beveget du deg blant de du håpet skulle være drivkraft i en endring i samfunnet sant.

Gunnar si historie er eit godt døme på korleis eins livssituasjonar, men også individuelle karakteristikkar som prioriteringar påverkar eins deltaking. Det viser også korleis ideologiske ståstad/syn på verda gjer at han held fast ved delar av engasjementet sjølv om ein etter kvart resignera.

Det er også to andre informantar som viser til ei anna form for endring i livssituasjon, som førte til at dei måtte prioritere annleis enn andre. Marianne, som ikkje var politisk aktiv før ho byrja på UIB, fortel at ho blei mor under studietida. Ho fortel ikkje til at det var ikkje noko problem å kombinere morsrolla med aktivist/studentrolla. Sidan både ho og mannen var aktive løyste dei dette gjennom effektiv planlegging:

Vi gjorde det heilt likt, vi delte heilt likt. [...] er eigentleg ikkje vere enn når du jobbar[...]. Eg blei veldig strukturert... Det var jo sjølvvalt, når eg reiste så tok eg jo henne med. Når ho var baby så låg ho somme tider i garderoben utanfor lesesal, og var med på politiske møter

Marianne fortel også om prioriteringar rundt kvar ho engasjerte seg, og at sjølv om ho opplevde fleire saker som viktige og møtte for å vise støtte og solidaritet, var det nokre ho prioriterte mest. Dette kan også forståast ut i frå at ho hadde barn, og at tid ofte var ein mangelfull ressurs.

Marianne si deltaking og biografi er annleis frå Gunnars, men viser på den eine sida fellestrekk med Svein, som også blei far under studietida. Han viser til erfaringar der han måtte tilpasse sitt engasjement i forhold til familielivet. Marianne er også ei av dei som framleis er politisk aktive i dag. Dette gjelder og Helge som også held fast ved delar av sitt engasjement, men har latt andre høyre fortida til. Historia hans er prega av at han var aktiv frå han var om lag 16 år. Han fortel at han tok del i ulike formar for aktivisme både før og mens han var student, sjølv om han aldri blei fast medlem av noko organisasjon. Helge vektlegg at det å gå lenger og djupare inn i nokon organisasjon fall seg derfor ikkje ei naturleg prioritering for han. Årsaka til dette var at han visste kor han kom i frå, ønska å ta utdanning, og visste kor hardt foreldra sin generasjon hadde arbeida for å gje han den moglegheita. Helge fortel at delar av hans engasjementet etter kvart «dabba av», mens han framleis held fast ved hjertesak si frå den gongen. Solveig, som i dag også er resignert, er den einaste som fortel at

ho på denne tida proletariserte seg, som legger vekt på at dette påverka hennar livssituasjon i stor grad i 15 år, men at dette er noko ho i dag «skryt glatt av».

Det er fleire av informantane som viser korleis deira personlege preferansar fekk innverknad for kvar dei blei aktive. Fleire viser til erfaringar med at det var visse organisasjonar i rørsle som dei opplevde som meir «passande», men andre var meir «dvaske» eller «autoritære». Jens, med arbeidarbakgrunn, viser til dette, der han fortel at «jeg opplevde at de jeg ble kjent med virka mer ærlige, og på en måte redeligere enn fra andre grupperinger som jeg traff». Han fortel at dette appellerte meir til hans «moralske bagasje» i forhold til standpunkta som var satt. Fleire viser til same erfaringa. Sigrid viser på si side til at enkelte deler av rørsle blei for autoritært for hennar del, og at dette førte til at ho «fikk piggene ut», og til ho skydde unna desse. Eg vil kome attende til slike opplevingar relatert til deltaking lenger nede i kapitlet.

### **No: Fleksibilitet, prioriteringar og preferansar**

I historiene til informantane frå dagens generasjon kan ein også finne ulike aspekt, både med deira personlegdom og prioriteringar, som påverkar deira deltaking. Alle av informantane fortel at dei var aktive før dei byrja på universitetet, men reflektera over korleis studentrolla har påverka deira aktivisme på forskjellige måtar. Nokre viser til at dette har gje dei meir fridom til å vere aktiv enn dei ville hatt om dei arbeida, andre meiner det har gjort dei meir «passive» eller «egoistiske», mens ein viser til at denne rolla framleis er for fersk.

Hanne, som har vore aktiv sidan ho var 13 år, er ein av dei som fortel at studentrolla har gjort ho meir passiv i forhold til det ho var før. Ho viser til denne overgangen som å gå frå å vere ein aktiv *fulltidsaktivist*, som har heile store delar av sitt nettverk i miljøet, til å bli ein meir passiv *deltidsaktivist* som student. Hanne omtalar dette sjølv som «en liten sånn ‘aktivistisk-identitetskrise’», som på den eine sida handlar om skifte i sosialt miljø, og den andre grad av deltaking i aktivisme. Ho skildra dette slik:

Når man går ifra å være fulltidsaktivist til være deltidsaktivist, så blir det sånn at ‘skal man fortsette?’ ‘skal man slutte helt?’ Eg er jo mye mindre aktiv nå enn det eg var før, men eg er gjerne aktiv på en annen måte også. [...] Man endrer jo personlighet etter den stillingen man har i samfunnet, og når man har vært, hva skal man si, filleproletariat? Stått utenfor samfunnet, og da kommer inn i varmen igjen som student, så endrer man jo perspektiv. [...] man blir jo kjøpere sånn sett

Hanne si erfaring kan forståast som ei endring i livssituasjon, som gjer at ho på den eine sida blir meir tvilande, og på den andre sida også må tilpasse seg i forhold til prioriteringar.

Magnus viser til liknande erfaringar, der han er blitt mindre aktiv. Han viser på den eine sida til at rolla som student har gjort han meir «egoistisk», fordi han vel å prioritere studiane i større grad. På den andre sida fortel han også om ei oppleving av framandgjeriing» frå meir bastante medlem i organisasjonen han er medlem av. Dette har saman med studentrolla har gjort at han er blitt mindre aktiv og meir tvilande. Magnus er ein av tre informantane som viser til at dei ikkje ser på seg sjølv som å vere blant dei mest aktive i det siste, og/eller mest radikale. Marie er ein av dei som legg vekt på sistnemnde. Ho fortel at sjølv om ho er veldig engasjert, så rekna ho ikkje seg sjølv blant dei mest aktive og radikale, men legg til at ho er meir radikal enn den «jevne personen i Bergen og Norge».

Blant informantane kan ein skilje mellom dei som tek del i grasrotaktivisme, og dei som tek del i politisk organisasjonsaktivisme.<sup>20</sup> Pål er ein av to som fortel at han er meir deltakande i partipolitisk aktivisme enn andre. Han fortel at han har vore aktiv sidan han var om lag 16 år gamal, der han byrja med meir grasrotaktivisme, men viser til at hans aktivisme i dag er blitt meir prega av «ordna former, enten ved møter [...] enn av aktivisme på gatene». Stine er ein av dei som er aktiv i grasrotaktivisme, og har vore aktiv sidan ho var om lag 15-16 år. Ho fortel at ho bruker mykje tid på politisk arbeid, og prioritera det over det meste anna. Dette blir skildra slik:

Eg har nok behov for å bruke mesteparten av tiden med folk som... i hvert fall er interessert i det samme som meg, så det påvirker jo hvem eg er med, bor med og alt sånn som det der... Eg prioriterer jo dette over veldig mye annet, men altså, det er ikke noe savn hos meg at eg ikke får tid til å gjøre så mye annet

Hennar biografi og deltaking viser til at aktivisme for ho på sett og vis er ein levemåte, der sjølv deltakinga er ei glede i seg sjølv. Dette er ei oppleving som også fleire viser til, også på tvers av generasjonane. Utbroderinga av opplevinga vil eg kome attende til i slutten av kapitlet.

Slik vi såg hos 68-generasjonen viser også nokre av informantane her til personlege preferansar når det kjem til kvar og korleis ein er aktiv. Hanne er ei av desse. Ho viser til at det er viktig at hennar meiningar og prinsipp blir aksepterte og respekterte Dette blir lagt fram som årsaka til kvar ho vel å delta, men også kvar ho er medlem. Hanne viser til at det også er andre organisasjonar ho kunne vore medlem av, men at ho ikkje likar desse. Ho fortel om ein

---

<sup>20</sup> Definisjon frå kontekstkapitlet: Venstreradikal er ein som plassera og definera seg sjølv på den radikale venstresida, både politisk og samfunnsmessig.

slik organisasjon som ho opplever som svært mannsdominert, der det «ofte er menn som skal ha ordet» som gjer det vanskeleg for andre å komme til. Marie viser til liknande preferansar, som også vektlegg at ho ønskjer å vere med å påverke framfor å bli regjert ovanifrå. Dette gjer at ho føretrekk organisasjonar som er det ho omtalar som «bottum up» framfor dei som er «top down». Marie viser til at dette gjer at ho kan påverke og bestemme kva som skal fokuserast på.

### **Framtidig deltaking**

Stine viser til at ho håpar at ho kjem til å behalde sitt engasjement, sjølv om det gjerne kjem til å endre seg med bakgrunn i at ein blir eldre og får familie. Dei fleste av informantane deler dette synet. Pål fortel at han ikkje ser på det som eit val om han skal halde fram. Han skildra dette slik:

Jeg kommer til å forandre hvordan jeg er engasjert, men tror ikke eg har noe valg med å stoppe.[...] Jeg blir jo genuint sint...

Til tross for at fleire viser til at dei trur dei kjem til å endre deltakingsformar, viser alle informantane fortel at dei trur dei vil behalde sitt tankesett. Lars, som har vore aktiv i politisk organisasjon sidan han var 15-16, skildra dette slik:

(A) Korleis trur du engasjementet ditt vil endre seg med åra?

(L) Trur det (ler) kjem til å vere akkurat til å vere sånn som det er no. [...] Eg har vel eigentleg tenkt at eg aldri kom til å endre meining på noko som helst, at eg alltid kjem til å vere like engasjert. [...] mange som heile tida har sagt det at ‘Du kjem til å bli meir pragmatisk med åra og du kjem ikkje til å bli meir konservativ og du kjem ikkje til å vere like idealistisk når du blir eldre’. Det trur eg ikkje er sant.<sup>21</sup>

Magnus er den som uttaler seg mest ‘pessimistisk’ om dette, og viser til at han vil behalde tankesettet sitt, til tross for at han trur at aktivismen kjem til å ta av fordi ein lenger ikkje «føler» like sterkt for den misnøya ein opplever:

Jeg tror det har mer med at radikalisme handler mer om en følelse av urettferdighet, men så blir du voksen og følelsene blir på en måte litt numne, og så bruker du heller hodet, men viss du da har lest skikkelige teori, så tror jeg at man kan beholde. Men den

---

<sup>21</sup> Referera til veksling i intervjuet, der (A) står for Anette (underteikna).

følelsen, den veldig sånn følelsesladde kampen, den forsvinner, så jeg tror det er det som skjer da, at folk mister følelsen av urettferdighet etter hvert

Dette skildra Magnus med sitatet: «Den som ikke er radikal som ung, er uten hjerte, og den som ikke er konservativ som gammel, er uten hjerne». <sup>22</sup> Under informantane sine opplevingar skal eg kome attende til korleis dei to generasjonane ser på kvarandre, og korleis dette virka inn på dei unge sin aktivisme, og korleis det påverkar korleis dei 'eldre' ser på framtida.

### 5.3. Moral, kjensler, biografi og villigheit

Alle informantane viser til ulike erfaringar og skildringar av kva som fekk dei til å ta del i politisk protest. I denne delen av kapittelet vil eg sjå desse i lys av dei sentrale omgrepa som eg presenterte i teorikapittelet. For mange av informantane kan dette forståast som *moralske sjokk*, som er knytt til ulike opplevingar og/eller informasjon om hendingar eller aspekt ved samfunnsstrukturane som dei opplever rundt seg. Dette er eit sjokk som kjem av at ein blir bevisste på urettferd, som kan skje gjennom informasjon eller opplevingar ein har. Dette sjokket utarta seg ulikt for alle informantane uavhengig av generasjon, som kjem av at alle har særeigne erfaringar og moralske visjonar. Dette vil også henge saman med kor eksplisitte dei moralske brota er, og på den andre til kor klart ein kan lokalisere skuld for dette. Dersom desse er meir implisitte vil ein for det første ofte behøve å bli overttyda av andre for å for få forsterke sine syn om kva som er feil og korleis det bør vere, eller for det andre møte andre som er semde med ein og på denne måten «dreg ein med». Det siste er slik vi såg også kalla for *rammer*, og *delte kjensler*. For dei fleste av informantane er/var dette tilfelle. Dersom dei er meir eksplisitte vil ein i større grad agere på eiga hand for å få utbrot for det opplevde moralske brotet. Slik vi såg innleiingsvis i kapittelet er også bakgrunnen, livssituasjonar og særeigne karakteristikkar viktige for å forstå kva som engasjera, men også kvifor og korleis ein blir politisk aktiv.

#### 5.3.1. Sekstiåttarane

##### Verden var ikke slik vi trodde

Fleire av informantane viser til at det som gjorde dei villig til å ta del kom av at «det lå noe i tiden», eller at det var «en oppbruddsstemming». Dette blir forklart av mange som at dette var ei tid der «tilslørte konflikter» blei avdekka, som førte til ei «oppdaging» av at verda ikkje var slik ein hadde trudd den var. Seks av sju informantar fortel at USA si krigføring i Vietnam var

---

<sup>22</sup> Sitatet Magnus viser til eit sitat frå den tidlegare franske statsministeren Georges Clemenceau .

viktig for kvifor dei blei engasjerte. Dette var ei krigføring som mange omtalar som «imperialisme», «undertrykkelse», «urettferdighet» og liknande.

Slik vi såg i kontekstkapittelet var dette ei oppdaging som skjedde på tross av at Noreg på denne tida var prega av sterke pro-amerikanske røyster. Informantane fortel at dette var røyster som etter kvart blei utfordra, etter kvart blei utfordra når bevisstheita om Vietnamkrigens urettferder blei kjende.<sup>23</sup> Slik vi også såg i kontekstkapittelet meinte medievitlar Werenskjold at medias rolle i 68-rørsla er overdriven, men kan ut i frå informantanes fortellingar ikkje avskrivast heilt. Nesten alle av informantane fortel om opplevingane av å sjå usensurerte bileter og filmklipp av krigens herjingar og drap av sivile menneskjer som «kom inn i stuene til folk». Reaksjonane som kom av dette legg fleire fram som «selvsagte», fordi det gav mange ein større nærleik til det som skjedde. Gunnar, som blei engasjert på bakgrunn av krigen allereie attende på ungdomsskulen i 1968-69, skildra det å sjå bileta frå krigen slik:

Vi fikk då en del bilder, filmer i nyhetene fra krigføringen, napalm-bombingen, sivile som ble massakrerte. I dag får man jo det hele tiden på alle medier sant, det var noe nytt den gangen. Klart det har betydd mye, og åpne øyene, og at folk fikk nærhet til det som skjedde sant, det var ikke noe fjernt som du leste om i små notiser i avisene, det var noe du fikk inn i stuen på dagsrevyen så klart det betydde mye.

Nokre av informantane viser også til ei kjensle av å bli lurt, og at eit «slør» blei drege til side, der ein no blei bevisste på urettferda som skjedde rundt ein. Fleire viser til tanken på at det var USA, Noregs fremste alliert gjennom NATO, som utførte urettferdene var med på å tenne engasjementet, men også til og sjå at verda rundt var fylde av urettferder som førte til ulikskap. Slik vi såg i teorikapittelet er sjokket sterkast dersom ein kan relatere sinnet sitt mot nokon. Dette sinnet blei for mange retta mot USA, men også mot Noreg, NATO og det imperialistiske verdssystemet i seg sjølv. Fleire av informantane fortel om deira engasjement i solidaritetsorganisasjonar der blant anna Chile-kuppet,<sup>24</sup> apartheidregimet i Sør Afrika, men også Palestina-konflikten kunne relaterast til reaksjonar på «imperialisme». Mykje av deira arbeid gjekk derfor ut på å informere andre om desse urettferdene, for å også vekkje

---

<sup>23</sup> Amerikansk krigføring i Vietnam varte frå 1963 til 1975. Vietnamrørsla i Noreg varte frå 1964 til krigens slutt i 1975 (Gobolt, 2010).

<sup>24</sup> Militærkuppet i Chile, den 11. september, 1973, der den demokratisk valte presidenten Salvador Allende frå det kommunistiske partiet blei, i ledtog med amerikansk CIA, styrta av general Augusto Pinochet. Tilhengarar av Allende og andre som motsette seg blei i etterkant av dette fengsla, torturert eller drept (Buvollen og Julsrud, 2013).

engasjement hos andre. Nokre av informantane fortel at det var slik dei blei engasjerte. Helge, er ein av desse, som skildra si «oppvåkning» då han var rundt 15-16 slik:

Eg tror den der oppvåkningen var med Vietnam for min del, for eg husker så godt de viste en film med han John Wayne, en sånn cowboyhelt, men han spelte i en sånn Vietnam-film som hette Green Berets [...]. Då husker eg at det var noen som gikk rett opp på der og sprayet hele lerretet. [...] de var sånn litt eldre enn oss, og var veldig sånn anti-USA, og den dritten der skulle ikke folk få se. Så vi syns jo det var litt dumt med en gang, men når vi fekk snakket med de etterpå, for vi trodde det var en sånn actionfilm, forstod vi jo, og det fikk hvert fall meg til å våkne opp, så ballet det på seg.<sup>25</sup>

Helge si historie er berre ei av fleire, for korleis sjokk, men også påverking frå andre gjer at korleis ein ser på verda rundt seg blir endra. Det er ikkje alle som har like spesifikke historier som Helge, og det er heller ikkje alle sine historier er knytt berre til Vietnamkrigen eller til informasjon om urettferd. Nokre trekk også fram andre forhold som også var viktige for deira villigheit, i tillegg til Vietnamkrigen og andre konflikhtar. Nokre informantar sine historier er knytt til eigne opplevingar, der ein opplevde motbør både i forhold til identitet, der språk og kjønn blei særleg utsett.

Slik vi såg i første delen av kapittelet viste både Sigrid og Marianne til opplevingar knytt til barndom som var med på å forme deira syn på verda. På den eine sida var dette knytt til kvinner si stilling i samfunnet (tradisjonelle), og på den andre sida til autoritære samfunnsstrukturar som var i samfunnet. Opplevinga av å sjå si mor slite på grunn av at økonomiske forhold som kom av at ho blei åleinemor, og opplevinga av å føle seg mindre verdt fordi ein er av «gærent kjønn», både i oppveksten og i samfunnet elles. Sigrid fortel om at deler av hennar bevisstgjerung kom gjennom eit foredrag i studentersamfundet i Oslo med Kari Skjønberg om forskjellsbehandling av jenter og gutar i skulesamanhengar: «selve prinsippet om at jenter ikkje tåler så mye matematikk i det stakkars lille hodet sitt, såne ting opprørte meg når eg var ung».

Begge desse viser til at vegen til å bli feminist blei delvis lagt gjennom desse erfaringane, der Marianne blei bestemt på at ho «aldri skulle bli økonomisk avhengig av ein mann», og fortel

---

<sup>25</sup>Filmen «The Green Berets», som Helge fortel om, er ein amerikansk film frå 1968 som handlar om krigen i Vietnam. Dette er ein film som er blitt kritisert for å vere ein propagandafilm knytt til Pentagon, som skulle endre den amerikanske befolkninga sine haldningar til krigføringa (Tunzelmann, 2014).

at «eg forleste meg på Kollontaj blant anna, om ekteskapet som eit skap som var eit stengsel for sexlivet (ler), eller som stengte seksualiteten inne». Sigrid viser på den andre side til at «jeg har vært i opposisjon både mot autoriteter og mot kjønnsdiskriminering». Ein kan tenkjast på desse opplevingane for begge kan forståast som byrjing på moralske sjokk, som etter kvart blir forsterka når dei blir eldre og kom i kontakt med andre som meiner det same som dei. Både det Sigrid og Marianne skildra kan forståas som viktige bakanforliggende faktorar til deira personlegdomar, som saman med ei blanding av andre hendingar førte til at dei begge blei engasjerte til dels før dei blei studentar ved UIB.

Marianne viser også til at den andre årsaka til at ho engasjerte seg var ei oppleving av ei motbør på språket sitt, både på dialekten og skriftspråket sitt. Ho fortel at ho ofte opplevde å bli språkeleg korrigert når ho først studerte i Oslo, ved at ho fekk høyre «snakk norsk, gutt». Ho fortel at opplevinga av å ikkje få snakke slik ho gjorde trigga ho veldig, og førte til at ho blei sta. Når Marianne først kom til Bergen fortel ho om «ei sterk følelse av å kome heim», der ho kunne vere vanleg og bli verdsett, fordi det var fleire med dialektar, og som også hadde opplevd den same motbøren som ho sjølv. Denne opplevinga kan også relaterast til bakgrunn, sidan eins språk er ein del av eins identitet. Det å føle motbør for korleis ein pratar eller skriv, eller for kva kjønn ein er kan relaterast til både frustrasjon og til dels sinne. Slik eg nemnde ovanfor var det for mange ei blanding av mange ulike aspekt, Marianne viser til dette slik:

Ei blanding av Vietnamkrigen og den internasjonale situasjonen som vi plutselig oppdaga fordi vi fekk fjernsyn og fordi det blei kjent. Spesielt Vietnamkrigen, det virka jo sånn over heile den vestelege verda. [...] så opplevde vi jo Chile- kuppet, Praha, Vest-Sahara, apartheid i Sør-Afrika. Plutselig såg verda heilt annleis ut for oss, samtidig som vi kom hit og møtte denne motbøren på språket vårt, som var, altså det var spesielt på dialekt opplevde vi det vel, men etter kvart også på skriftspråk.[...] Ein samanblanding av det internasjonale og den heimelege kulturen, tenkjer eg, det var bakgrunnen for mange av oss vestlendingar i alle fall

Dette er ei erfaring som ho også deler med Solveig, som fortel at det å engasjere seg for nynorsken og dialekt «fall seg naturleg». Sigrid fortel at det første politiske for hennar del var motstanden mot atomvåpen, men fortel at til tross for at bokmål var hennar opphavlege skriftspråk, opplevde ho det som «demokratisk å engasjere seg for språket» (nynorsk og dialektar). Informantane fortel at det var mange som engasjerte seg for dette, og det med å halde på si eiga dialekt blei viktig.



Opplevingane som er blitt skildra ovanfor kan forståast som ulike formar for brot for korleis desse informantane såg, vurderte og følte rundt det biletet ein fekk av verda. USA som før hadde vore *ven* var no blitt *fiende*. Sjølv om ikkje alle opplevde dette som eksplisitte brot var det likevel for mange med på å endre korleis ein såg verda rundt seg, og gjerne sette i gang tankar om korleis verda burde vere. Slik vi såg i kontekstkapittelet kan ein også forstå dette i forhold til ein transnasjonal utveksling av idear og inspirasjon som omhandla ulike politiske spenningar verda over. Svein viser til si oppleving av å få verdslege innspel slik:

Det er vanskelig å si, men det handler litt om å bli voksen [...] du er i en læreprosess, og det var en tid hvor de herskende tankene ble utfordret. Altså er de herskende tankene alltid de herskende sine tanker, men altså ble de tankene utfordra [...]. Du leste bøker fra ikke bare utgitt i Norge, men fra hele verden. [...] En opplevelse av en tid som Dylan syng om 'Times are a-changing'».

Sidan dette er i retrospektiv var det ofte vanskeleg for informantane å fortelje korleis dei opplevde dette, særleg knytt opp til det emosjonelle og moralske aspekt. Nærleiken til bileta av krigen blir av nokre også skildra med kjensler, som «raseri», «fortvilelse», «opprørt» og liknande. Sigrid skildra dette slik:

Film er ett veldig sterkt medium ikke sant? Og når vi så de der napalmgreiene, og hun derre lille jenta som løper, det var bilde i avisen og det var bilde på fjernsynet. Det er klart at det skaper en... man blir opprørt og fortvila og sint når man ser sånt

Ein kan gjerne forstå dette som medmenneskelegdom, som Jasper også skildra som viktige kjensler som driver mange til å ta del i protest på vegne av andre menneskjer.

### **Del av ei verdsomspennande rørsle**

Nokre av informantane fortel at dei blei påverka gjennom miljø på ungdomsskulen eller gymnas, andre viser til vener som ofte var eldre, mens fleire viser til informative foredrag og bøker. Dei aller fleste viser til at dei frå før hadde politiske meiningar, men at det å møte andre som meinte det same, sette ord på deira opplevingar, eller overtida ein om at det var rett, førte til at ein «blei dratt med». Jens fortel at det var først når han begynte å studere og kom i eit miljø blant andre interesserte at han blei «mobilisert» til å ta del. Han viser også til at det første som fekk han med var streikestønad-arbeid, som for han appellerte til hans arbeidarbakgrunn:

Jeg kommer jo fra arbeiderklassesmiljø selv og liksom sånn å støtte streiker og alt det der, det var ikke så vanskelig å mobilisere på akkurat det. [...] når du ble forklart sammenhengene så syns du det var relevant.

Når eg spør kvifor han valgte å ta del, viser han til at «man velger det på en måte ikke, det var ikke noe man bestemte seg for, det var bare noe man ble med i». Det er fleire som viser til liknande erfaringar, der ein også viser til at ein blei dratt med av dei ein meinte hadde «de mest fornuftige standpunktene», som gjerne kan forståast som dei standpunkta som appellerte mest til dei. Fleire viser til korleis dei ulike faga ein studerte, i tillegg til deltaking i studentsirklar, møter og liknande, var med på å forme korleis ein tenkte om verda, men også korleis dei vurderte det som skjedde rundt dei. Dette blir av fleire omtala som ein «politisk skoloring». Jens fortel at «vi opplevde at det var sånn det var, og lærte nettopp det at 'herregud det er ikke det folk tror'».

Solveig, som først blei engasjert i Nei til EF og nynorsksaka, sistnemnde prioriterte ho over det meste anna, blei etter ei tid som student også blei «dratt med» i andre formar for aktivisme. Ho fortel at hennar oppvekst på landsbygda var viktig i forhold til korleis ho opplevde urettferda og klasseskilja i verda rundt seg, men også kvifor ho fann nokre standpunkt meir «fornuftige enn andre». Ho viser til dette slik:

Det var og noko med det at du kjem frå ei lita bygd, og du har vokse opp på eit småbruk, og der det var ikkje så mykje jordisk gods og gull for å seie det sånn og måtte jo på flisa alltid, og då den her klassetankegangen, der nokon som bestemmer over andre, den slo ned i meg, tenkje no eg.

Opplevinga av å kome saman med andre som til ein viss grad meinte det same som ein blir skildra på ulike måtar. Eg skriv til ein viss grad fordi tankar, vurderingar og kjensler om verda rundt seg vil aldri, slik Jasper også viser, vere like for nokon uavhengig om ein tek del i protest eller ikkje. Dette er også noko nokre informantane reflektera over, der ein viser til at sjølv om ein var med i ei rørsle som var semde om grunnleggande verdiar og urettferder, var det likevel usemje jo nærmare ein kom innpå dei ulike sakene. Sigrid fortel at «da kranglet vi så fillene føyk».

Erfaringane som informantane viser til er også knytt til affektar ved det å kome saman med andre som meinte det same, at ein blir bevisste på kva ein sjølv meiner er riktig og feil, eller at ein blir bevisste om alternativ til eit system ein før har teke for gitt. På denne måten kan dette

vere knytt til utviding av moralske prinsipp, eller implisitte sjokk som ein treng hjelp til å artikulere, som deretter trekker ein med i protestaktivitetar. Det ideologiske aspektet er også viktig her, som heng saman med at andre såg på verda på same måte som ein sjølv. Fleire viser til at det var ein oppbrotstemning i verda, der det var alternativ, sjølv om alle informantane viser til at det ikkje var nokon spesifikke alternativ. Fleire legger vekt på at Sovjet og Stalin ikkje var noko alternativ for dei, og at dette som eit av to onder.<sup>26</sup>

### 5.3.2 Dagens generasjon

#### Dagens system: Rota til urettferd?

Det er også fleire av dagens informantar som fortel om opplevingar av å lese, erfare eller oppdage noko som fekk dei til å reagere. Alle av informantane nemner at dette er knytt saman med ei overtving og påverknad frå nettverk rundt dei, som gjer at informantane handlar på bakgrunn av det dei opplever som urettferder. Enten dette er i forkant eller i etterkant av det eg vil argumentere for kan forståast som moralske sjokk.

Blant dagens informantar er det fire av sju som viser til at Palestina-konflikten var viktig for kvifor dei blei villige til å ta del.<sup>27</sup> Fleire av desse omtalar dette som «urettferdigheit», «umenneskeleg», «absurd», «grusomt», og liknande. Stine er ei av desse, som fortel at for hennar del kom dette delvis på bakgrunn av sosialisering heimafrå, men også av eit radikalt miljø på den vidaregåande skulen ho gjekk på. Stine fortel om det som fekk ho til å agere slik:

En eller annen gang da det hadde skjedd noe i Israel... De hadde slippet en bombe eller noe sånt, og då tenkte eg at det var på tide å gjøre noe...

Stine fortel at ho opplevde dette som både meiningsfullt og lærerikt, fordi «du kommer inn i ett miljø der folk har veldig mye kunnskap, som du ikke har når du er 15-16 år». Palestina-konflikten er ei enkeltsak som dei aller fleste, i begge generasjonar, nemner som svært viktig, og som fleire setter i ei særstilling. Noko som kan tenkjast å kome av at konflikten strekkjer seg attende til 1948, og representera for mange i begge studentgruppene «vesteleg imperialisme», og dei som må lide under denne. Dette har ført til at det har utvikla seg eit

---

<sup>26</sup> Ei av årsakene som kan nemnast til dette var Sovjetisk okkupasjon av Tsjekkoslovakia i august 1968, for å hindre lausriving, som skapte reaksjonar verda rundt, og «avslørte» sovjet sine imperialistiske intensjonar (Sigurd Allern, i Nrks tilbake til 1968).

<sup>27</sup> Konflikten har si rot i vestens oppretting av den Israelske stat i dåverande Palestinske områder i 1948. Israel har i etterkant av dette ekspandert gjennom krigar, som har etterlete Israel med kontroll over størsteparten av det som før var palestinsk område, men også over delar som er Palestinsk område. Palestinarane har sidan 1967 levd under Israelsk okkupasjon, som er blitt møt med motstand i ulike formar (Globalis, 2015).

aktivist-miljø rundt det å vise solidaritet til Palestina, som kan seiast å ha blitt oppretta av 68-aktivistane.

Nokre av informantane frå den tidlegare generasjonen understreker at det var venstresida som retta merksemda mot urettferda i Noreg, som før den tid hadde vore tilslørt av media.

Søkjelyset på urettferda har i følgje fleire av informantane ført til at haldningane til konflikten har endra seg. Dette er eit døme på kreativiteten som Jasper meiner vi må sette pris på hjå aktivistar, som påverkar moralen til samfunnet rundt, fordi dette gjer at ein må ta stilling til kva som er rett og galt. Palestina-solidaritet kan derfor forståast som ein vidareføring av kunnskapar, lærdomar og tradisjon frå den eine generasjonen til den andre, slik vi såg Stine fortalte om ovanfor. Stine fortel at når ho først byrja som aktivist kunne ein oppleve «å bli spytta på», og Marianne (68-er) fortel at ein biskop, som var Israelfven «slo flygeblada ut av henda på meg». Fleire viser til at det i dag er blitt meir legitimt å støtte palestinarane sin kamp, sjølv om det framleis er utfordringar knytt til dette. Dette er utfordringa og sigra som eg vil kome att til i neste del av kapittelet.

Fleire frå dagens generasjon fortel om oppdaging av informasjon knytt til Palestina-konflikten, deriblant Lars. Han fortel at han lenge før han blei aktiv hadde ei oppleving av at verda var urettferdig, men at hans sterkaste minne var at han leste ei bok av Venke Aarethun om Palestina-konflikten.<sup>28</sup> Han fortel at boka gjev sterke skildringar av dei israelske massakrane i flyktningleirane sherida satira i Libanon, som blei «backa av vesten». Lars skildra denne opplevinga slik:

For meg så er det på ein måte så stor urettferdighet då, og ei så stor grusomheit som eg har opplevd, eller sett då. Når eg først såg det så visste eg at dette må eg på ein eller annan måte prøve å forandre. Dette er eg forplikta til å prøve å forandre då.

Lars fortel at han trur det var denne enkeltsaka som fekk han til å ønskje å engasjere seg, og fortel at dette fekk han til å engasjere seg, og at det fort for hans del blei ideologisk og teoretisk. Dette er noko fleire viser til, som eg skal kome attende til i neste undertittel.

Blant informantane er det også to som knytt egne erfaringar opp mot Palestina-konflikten, ved besøk til landet. Marie er ei av desse, som viser til at dette er ei urettferd som har vore viktig for ho sidan ho var om lag 15-16 år. Ho fortel om ei oppleving då ho va 17 år som

---

<sup>28</sup> Boka Lars nemner er «Vitne: Ein norsk solidaritetsarbeidar blant palestinarane», som er skriva av Gunnar Hybertsen (2006) om Venke Aarethun sine opplevingar i Palestina. Ho er sjukepleiar og tidlegare leiar av Palestinakomiteen, som har arbeida for Palestinarane sine rettar i ei årrekke.

framleis sit i kroppen, og har forsterke hennar kjensler knytt konflikten, som ho viser til som ei hjartesak. Ho fortel om denne slik:

Jeg satt jo i en palestinsk minibuss, [...] så skulle vi til Jerusalem der vi bodde, og da måtte vi kjøre gjennom Ramallah, [...] for å komme inn i Jerusalem, og der hadde det vært opptøya den fredagen, det var en fredag, det hadde vært opptøya etter fredagsbønn, og det var så mye israelske soldater overalt, [...]og det å sitte i en palestinsk minibuss med palestinske bilskilt, og se israelske soldater på kanskje 18 år da med som bare sikte på deg gjennom vinduet, fordi de vet ikke hvem du er, det kan være hvem som helst ikke sant. Det gir litt sånn... ja... du klare liksom ikke helt, eller jeg klare liksom ikke helt å la det gå da... Og det her opplevde jeg en gang i ti daga... tenk om du må leve med det her konstant liksom!

Lars, som også har vore i Palestina, viser til erfaringar knytt til ein håplaus situasjon for det palestinske folket, men fortel korleis møte med menneskjer som framleis har trua på endring var inspirerende for han:

Så er det veldig inspirerende enkeltindivid som du møter som på ein måte, som til tross for dei veldige ekstremt vanskelige skjebnane dei lever i då, og likevel klare å halde mote oppe og tru på ein betre verden.

Det er fleire som viser til korleis ein ønskjer å vere talerøyr for dei som er utsett for urettferd, men som ikkje har moglegheit til å bli høyrte. Stine fortel at ho blir stolt over å kunne «slåss for folk som ikke har makt til å vinne fram, selv om de... teoretisk sett har eller burde hatt rettferdigheten på sin side». Ho er også ein av dei som også meiner at årsaka til at mange, inkludert ho sjølv, blir engasjerte som aktivistar er på grunn av at dei har oppdaga eller erfart urettferdar med bakgrunn i samfunnssystemet, som gjer at ein ønskjer å endre. Fleire viser også til at dette kan best oppnåast gjennom protest framfør parlamentarisk, fordi det er mykje som er bestemt for oss gjennom NATO og EØS og liknande. Stine viser dette slik:

Ting er allerede bestemt for oss, så uansett hva vi gjør så har det ikke så mye å si... Men eg føler at man er med å påvirke gjennom aktivisme, gjennom å påvirke vanlige folk sine holdninger.

Alle av informantane viser til ulike opplevingar av at det er aspekt ved dagens samfunnssystem og kapitalistiske-system er feil, og at det er desse som har skuld i urettferdene vi ser rundt oss. Dei fleste vektlegg at dette er eit system som inneheld

maktforhold som er skapte av menneske, og som er ikkje «gudgitte» eller «naturlige», og kan derfor også endrast av menneskjer. Korleis, kvifor og i kva grad dette blir vektlagt er ulikt blant informantane, men er viktige for å forklare korleis sinne og frustrasjon kan kanalisert mot ein felles «fiende».

Ein kan finne to formar for skuldtildeling blant dagens informantar, der den eine, som alle er semde i, er ut i frå at styringa av dagens kapitalisme er eit urettferdig maktfordelt system, der det er nokre som tener seg rike på å utnytte andre. Det andre er at mange av urettferdene vi ser rundt oss, både her i Noreg og internasjonalt kan sporast attende til samfunnsstrukturane og tankemønsterane som ligg der. Nokre av informantane viser til at dette er knytt opp til kvinnesynet (sexisme), seksualitet, imperialisme, men også rasisme. Dei to sistnemnde er av fleire knytt opp til at vi trur vi har meir «rett til», deriblant å sjå ned på innvandrarak, eller dei som tiggjar på gata. Lars viser til dette slik:

Det blir ikkje sagt, og det er ikkje politisk korrekt å seie det, men eg meina at grunnen til at vi vel å ha ein så streng asylpolitikk i Norge er rasistisk understrømminga av at vi ser på nokon menneske som mindre verdt enn andre då avhengig av kvar dei kjem ifrå, kva hudfarge dei har, så det gjer meg veldig sint, at det har fått lov til å dominere så mykje i Norge.

Magnus viser dette slik:

Det er veldig mange av de aktivistene som jeg er rundt da [...], som er veldig svorne anti-rasister og feminister, [...]. Jeg er helt enig med dem, og jeg støtter dem i det de gjør der, men jeg er mer opptatt av liksom hvordan disse store strukturene fungerer som vold, hvordan de er voldelig mot andre. [...] hvordan vi sier synd da på gaten, men så dør 20 tusen mennesker på gaten som vi kunne hjulpet, som vi velger å ikke gjøre, fordi vi tror vi har 'rett til det'.

Hanne, som har vore aktiv i ulike formar for protest sidan ho var 13 år, fortel at ho det første ho blei engasjert i var anti-rasistisk arbeid. Dette kom til dels av sosialisering heimafrå, men også av vener. Ho fortel at for ho var det dette arbeidet, saman med miljøet ho blei ein del av, som førte til at ho opna auga for at det er systemet vi er ein del av i dag som har skulda for rasismen mange opplever. Ho skildra dette slik:

Det kapitalistiske og imperialistiske systemet som er grunnen til at vi har rasisme i samfunnet. Da ser man jo at det er en sammenheng mellom alt, og man vil lære mer, og så utvikler det seg.

Hanne viser til veksande framandfiendslegheit, eller «nazisme», som «forferdelige menneskesyn, og man vil bekjempe det». På den andre side viser ho til at ho opplever dette som ei form for plikt å gjere noko med urettferder som ein veit om. Kjensla av plikt er noko fleire av informantane i begge generasjonar reflektera over betydinga av på ulike måtar. Eg vil utbrodere denne kjensla lenger nede i kapittelet. Hanne meiner at mange handlar ut i frå ei kjensle av medmenneskelegdom, fordi man «ønsker ikke å se noen ha det kjipt eller... man ønsker å oppnå likhet». Dette er noko fleire av informantane viser til, som kan forståast som å legge til grunne eit syn om likeverd for alle menneskjer, som ikkje blir dekka slik verda er no for mange av informantane, som fører til sinne eller frustrasjon. Fleire av informantane reflektera over betydinga av kjensler i protest, der ein nemner «medmenneskelegdom», «sinne», «frustrasjon», «trist», men også positive kjensler som «håp», «glede» og liknande. Som vi såg i kontekstkapittelet er likskap og solidaritet med mennesker som er utsett for «tradisjonelle» verdiar for venstreradikale. Det at ein har ei forståing av kapitalismen som menneskeskapt, gjer at ein også kan lokalisere skuld mot styringa av systemet, sidan det ikkje eksistera i kraft av seg sjølv. Til tross for at mange nemner Palestina-konflikten som viktig, er det likevel også andre aspekt som er viktige for at dei ulike informantane blei villige, slik det også var med 68-generasjonen.

### **Ideologi, og delte kjensler**

Fleire av informantane som viser til opplevingar av sjokk, fortel også korleis nettverk og andre, har vore viktige for å gjere desse eksplisitte. Alle viser til eigne meningar før dei blei deltakande, og dei fleste blei først engasjert i ein sak som fekk dei til å oppsøkje andre, eller la seg 'overtyde'. Ingrid er ei av desse, som fortel at hennar engasjement byrja med at ho kom over informasjon om opprettinga av ein strippeklubb i Bergen på internett, som ho meinte «var feil, og dette skal vi ikke ha i Bergen», og tok saman med ei venninne del på ein demonstrasjon. Dette førte til at ho møtte andre som meinte det same som ho sjølv, og var også ei drivkraft for kvifor ho blei ein del og fortsette å ta del:

Eg følte de menneskene eg møtte var veldig... enige med det eg stod for, og det ble på en måte en tilhørighet, og ja vi må endre dette her, og hvordan skal vi gå fram og, og organiseringen og ja... Det gjorde at eg ble veldig interessert i å fortsette, for eg møtte

veldig mange som mente det same som meg, og det var veldig godt. [...] Eg ble veldig nysgjerrig og så ville eg lære mer da. Det var også en grunn til at eg ville fortsette, fordi det gav meg kunnskap. Eg lærte mye av det.

Ingrid fortel at ho etter kvart «oppdaga» at det var samfunnsstrukturen og kvinnesynet i samfunnet som er feil. Denne motstanden meiner Ingrid kan forståast ut i frå moralske og etiske prinsippet om at kvinnekroppen er verdifull, og at «dette med at man skal kunne selge en kropp på ett marked og at noen rike menn skal kunne kjøpe seg tilgang til en menneskekropp», er feil.

Fleire av dagens informantar understrekar viktigheita av ideologi i deira arbeid, som for dei fleste også er noko som kjem etter at dei først er blitt ein del av ein organisasjon eller protestaktivitet generelt. Nokre viser også til at dette påverka kvar dei er aktive, fordi det fell seg meir «naturlig å jobber der» på grunn av ideologiske overtydingar. Lars, slik vi også såg ovanfor, fortalte at hans engasjement fort blei ideologisk, og at det begynte «etter boka» ved at han gjekk på eit møte, og opplevde at dette stemde overeins, men også utvida hans syn og forståing av verda. Lars skildra dette slik:

Eg gjekk frå kun ha eit sånt vag, men frustrerande forståing av korleis verda er urettferdig, til å få ei breiare interesse for ulike saker då, og meir sånn bestemt ideologisk forståing av korleis verden er og korleis den kan forandrast.

Magnus viser til liknande erfaringar, og fortel at han ikkje hugsar noko sak som først gjorde han engasjert, men fortel at han alltid har hatt det han omtalar som eit «passivt politisk engasjement», som kan sporast attende til hans «sosialistiske-oppvekst»:

Den der veldig sånn naive sosialistiske tanken om at det er det riktige å hjelpe de svake[...]. For meg så var det at jeg er blitt oppdratt som sosialist, jeg ble oppdratt... til å støtte de undertrykte osv, og lærte at fattigdom ikke er naturlig, og det var noe som vi hadde påført andre osv.

Han fortel vidare at han først blei aktiv i ein organisasjon, men skifta etter kvart på grunn av det han omtalar som ein «politisk oppvåkning», som sette fingeren på, men også rettferdiggjorde hans meiningar. Magnus skildra denne opplevinga slik:

Det var akkurat sånn, det var det jeg mente! (ler) Det var dette! Det var det som var riktig. Det var en veldig politisk oppvåkning for meg da [...]. Det er en sånn følelse av



at dine litt sånne ‘utenfor meninger’ da, dine meninger, [...] som hele vegen har jobbet i motbakke, [...] det får en ett rom å arbeide innenfor. [...] Det rettferdiggjorde mine meninger da når jeg kom på det møtet. så var det veldig naturlig for meg å bare ‘ jeg vil være med!’ Grep sjansen egentlig.

Nokre viser til at årsaka til at dei byrja ta del var hadde ikkje bakgrunn i saker, men i nettverk som «drog ein med». Pål er ein av desse, som forklarar dette med at «han kjente noen» som fekk han engasjert i eit «program», der sakene han reagerte på kom i etterkant. Pål meiner at han meiner at det er gjerne er urettferda rundt ein som engasjera, men det som får ein til å bli aktive vil i stor grad vere basert på at nokon «drar deg med». Han fortel at ut i frå hans erfaring er at det er «få som går ut av sin vei for å starte et engasjement».

Det er fleire av informantane som viser til korleis det å kome saman med andre og lære av dei, og saman sine egne erfaringar har danna sitt syn på verda og korleis den kan og bør endrast. Dette er noko også fleire av informantane omtalar som ein «politisk skolering», slik vi også såg hjå den andre gruppa. Nokre av informantane viser til at også det ein lærer på studiet både er viktig i deira politiske arbeid, men også er med på å grunnje, forsterke eller utvide deira syn på verda. Fleire fortel at dei bruker dette i sin aktivisme.

Slik Jasper viser utviklar ein også ein «ny» moral og kjensler i forhold til kva ein føler bør vere, og korleis verda slik den er no bryt med denne. Dette kan forståast ut i frå Jasper si framstilling av rammer (ideologi) og delte kjensler. Desse gjev deltakarane ei oppleving av felles meining, men også glede, tilhørsle av at andre meiner nokolunde det same som ein sjølv, men også ei kjensle av å jobbe mot eit felles mål.

Sjølv om det er fleire som viser til samfunn og systemkritikk, og ulike ideologiske samfunnsalternativ, understrekar fleire at det ikkje desse tankane som «får hjertet til å slå». «Man må kjenne det». Det er kjenslene av at det er noko som er feil, eller nokon som blir urettferdig behandla. Dette kan også vere med å forklare kvifor det ikkje er fleire som engasjere seg. Lars han meiner at den framstående forklaringa om at «vi har det for godt i Noreg» ikkje er tilstrekkeleg. Han viser til dette slik:

Vanlegvis tenker en at det som først og fremst mobilisera folk er eiga vinning, at når folk har det verkeleg dårleg, når folk opplever at dei kjem dei ikkje har mat på bordet, eller lever i absolutt fattigdom. Det er først då man mobilisera og går ut i gatene som vi gjer då, når folk føler det på kroppen sjølv, men det trur eg faktisk ikkje stemme, eg

trur det er ei myte då. Eg trur at følelsar mobilisera meir, altså følelsen av å bli sett ned på, følelsen av å vere ufri, eller følelsen av å vere urettferdig behandla då mobilisera meir og at ein kan ha den same følelsen overfor andre då og.

Magnus viser til at i tillegg til at ein må kjenne det, treng ein også å tru at det er mogleg å få til ei endring, eit alternativ for det ein meiner er feil. Han skildra dette slik:

Tror du liksom må kjenne det, det handler om at du må tro at det går... Vi har på en måte bygget vår forståelse av verden rundt kapitalismen, og da er det veldig vanskelig å forestille seg noe annet. Jeg syns det er vanskelig å forestille meg noe annet, og jeg har jo lest masse om det (ler), man kan jo bare tenke seg folk som ikke har lest om det, hvorfor skal de gidde da...

Dette kan forståast saman med Jasper si framstilling om at det er nokre som er meir sensitive for moralske brot enn andre, som gjer biografi til ein viktig faktor for å forstå dette. Dette kan også tenkjast å henge saman med forskjellen mellom sympati og empati, der mange syntes synd i nokon, og deretter går vidare med sine dagelege liv, mens andre agera på vegne av andre fordi dei føler sterkt på urettferda. Slik vi såg i teorikapittelet kan ein skilje mellom kjensler ein som får ein til å bli villige til å ta del i protest, men også kjensler som ein får av å ta del, slik vi skal sjå i neste del av kapittelet.

#### **5.4. Kollektive kjensler, og særeigne opplevingar**

Slik vi såg ovanfor er det ulike aspekt som gjorde/gjer dei ulike informantane villige til å ta del i protestaktivitetar, som har bakgrunn i kultur så vel som biografiske særeigenheiter. Innleiingsvis såg vi korleis desse prosessane også påverkar protestlivsløpet til sekstiåttarane, men også korleis begge generasjonar var/er eller ser for seg framtidig aktivisme. For å forstå kva som gjorde/gjer at dei fortsette, eventuelt slutter eller tyr til nye formar, trenger vi også vite noko om korleis informantane opplever/opplevde det å ta del i protestaktivitetar. Med dette meiner eg både politisk og som sosialt miljø. Informantane frå begge generasjonar viser til at kjensla av fellesskap, og det å vere med i ei rørsle. Slik vi såg ovanfor er aktivismen til sekstiåttarane blitt ein tradisjon som dagens informantar har henta inspirasjon, lærdommar og tradisjonar frå, og delvis byggjer sin aktivisme vidare på. Slik vi skal sjå påverkar dette også korleis begge generasjonane ser på sine kollektive identitetar, men også framtida.

##### **5.4.1. 68-studentane**

Det er fleire som viser til at det å vere ei del av ei verdsomspennande rørsle som viktig for dei på denne tida, der ein hadde moglegheit til å vere med på å forandre verda. Fleire viser til

dette som ei oppleving av å «tilhørsle». Solveig viser til at det var viktig for hennar del å at «du hørte til ein plass, og det at du var ein del av noko større». Fleire viser også til at det var «en del av det normale», som kan forståast som ei oppleving av det var ein viktig del av deira liv på denne tida.

### **Kollektiv og individuell kjensle av plikt**

Opplevinga av det eg vil omtale som *individelle* og *kollektive former* for «plikt» er framstående blant informantane i denne generasjonen. Den første viser til korleis nokre av informantane opplever at «kunnskap forpliktar», og at ein først er klar over ein urettferd måtte ein handle på bakgrunn av den. Fleire viser til dette som eit «standpunkt», og vektlegg at dette var ei tid der ein måtte ta standpunkter og at «det var nesten en skam å bare sitte på gjerdet». Jens skildra eit slik senario slik:

Vet du noe, eller mener du dette her, så må du må også ta konsekvensene av det, på en måte. For da må du gjøre noe, på ett eller annet vis.

Ei slik kjensle av plikt kan også knytast opp mot det moralske, som også gjer at når ein handlar ut i frå denne plikta for ein utløp for det Jasper omtalar som protesterande si «moralske stemme». Kva grad informantane opplevde og framhevar dette er ulikt. Marianne viser til at pliktkjensla var og er framleis sterk for hennar del, og viser til korleis dette var noko ho har heimafrå:

Når du setter deg inn i noko, så kan du ikkje etterpå late som at du ikkje veit det, og det er veldig forpliktande, og det at vi følte oss ikkje berre forplikta til å gjere noko med det vi visste noko om, men og det at du blir forplikta til å sette deg inn i det som er ubehageleg i livet for så å gjere noko med det. [...] at vi var styrt av plikt langt på veg det trur eg nok, men eg trur nok mange av oss hadde det heime ifrå.

Fleire av informantane fortel at dei la mykje tid og energi i dette arbeidet, og nokre viser til at dei brukte store delar av sin ungdomstid på dette. Det er lett å romantiser dette som noko som var stort og flott, noko som nokre av informantane også reflektera over. Denne pliktkjensla var på godt og vondt, sidan det ikkje var alt som var like kjekt. Marianne vektlegg at «viss det er noko som framstiller det slik, er det berre tull». Dette kan forståast som at det ikkje alltid ein har like lyst eller opplever som like bra, eller alt ein var like semd i.

Den kollektive forma for plikt er det fleire som knytt opp mot forpliktingar for andre i rørsla eller organisasjonen, der ein handla ut i frå lojalitet og solidaritet for andre som også tok del i det same fellesskapet. Jens reflektera over dette slik:

Man blir dratt med og jobbe for det, og bruker masse tid. Da er det liksom noe annet som kommer inn, og det er liksom ikke bare for den saken, det er også for de man jobber sammen med, altså det partiet eller den organisasjonen, den gruppa, det er solidarisk. Det blir en slags forpliktelse i forhold til at du har tatt på deg ting, og det opplevde jeg som den samme mekanismen som er i sånne politiske bevegelser, du kan godt kalle det lojal, forplikta eller sånt til den gruppe, organisasjonen eller fellesskapet som man er med i.

Dette kan forståast ut i frå Jasper si framstilling av kollektive kjensler, og kan knytast opp til det han omtalar som resiproke kjenslene, som gjer at ein likar, stolar og generelt vil vere med nokre framføre andre. Dette er kjensler som utviklar seg etter kvart, og vil i stor grad vere knytt opp til den kollektive handlinga som ein utfører saman. Det kan derfor også forståast som ein del av ein kollektiv identitet. Slik vi såg under deltaking hadde også preferansar mykje å seie for kvar nokre av informantane blei aktive, som også må forståast i forhold til biografiske prosessar som gjer at ein opplever ting ulikt. Dette er kjensler som nokre av informantane viser til som årsak til at ein framleis er medlem i ulike organisasjonar. Marianne viser til at ho elles ville «følt seg roten om eg hadde meldt meg ut». Det er ikkje er mange av dei andre informantane som nemner ei slik erfaring, men det kan tenkjast å vere årsaka til at dei held fram som inaktive medlem av organisasjonar/parti.

### **Rørslekultur: Glede og utfordringar**

Informantane skildra ofte dei som ein var aktive saman som «flotte», «fantastiske», «folk med ryggrad», andre viser til at det var mange forskjellige personlegdomar, og derfor også blanda kjensler til desse. Nokre innflyttarane til Bergen viser også til at det politiske miljøet gjorde at ein blei kjende med andre. Sigrid fortel at «det var sånn vi ble venner med folk». Andre slik som Marianne opplevde at dette hjalp ho å finne seg til rette, og gav ho, som tidlegare nemnt, ei kjensle av «å kome heim». Fleire viser til at dette var venskap og aktivitetar som også strekte seg utanfor sjølve protestaktiviteten, og nokre viser til venskap som har helde heilt fram til i dag. Ein kan forstå dette som både det Jasper viser til som ulike gleder med å ta del i protestaktivitetar, men også affektar knytt til dei ein er aktive saman med.

Fleire av informantane fortel om at mange av deira beste minne frå denne tida er knytt til fellesskap, enten det var knytt til det å ta del i protestaktivitetar saman eller det å vere saman. Nokre viser også til aspekt som var fellesskapsfremjande. Med dette er det nokre som omtalar musikk og songar var viktige, der blant anna gamle revolusjonære songar skapte begeistring. Solveig vel å trekke fram dette som eit av hennar beste minne, som var både viktig og kjekt, og fortel at song viktig del av fellesskapet. Ho skildra dette slik:

Åh, så kjekt å synge! Enten det var no målsongar, eller kvinnesongar, eller om det var solidariske, ja det var kjekke greier.

Sigrd viser også til dette som viktig:

Vi sang jo ofte i demonstrasjonstog og på politiske møter. 'Hay fon' [...]. Det er en vietnamesisk sang som vi song mye, som vi fikk frå Vietnam. Og så var det jo visebølgen som kjørte jo også opp til dette her [...]. Men det er klart at det gir en fellesskapsfølelse å synge. Eller det gir fellesskap, ikke bare følelse, men det er faktisk fellesskapsdannende.

Jasper viser også til korleis ritual og song er viktige for å skape og oppretthalde fellesskap innanfor ei gruppe. Slik vi har sett tidlegare er det dette Emile Durkheim omtalar som *collective effervescence*, som er knytt til kjenslefylte opplevingar som kjem når slike grupper kjem saman og deltek i aktivitetar saman. Jens fortel at han opplevde det å ta del som «en begeistring», men viser til at det er vanskeleg å seie kva ein opplevde begeistring for «noen ganger en sånn glede over, men også sinne over det som er urettferdig [...]». Det er liksom den dobbelheten». Informantane fortel om songar som «internasjonale», men også andre songar som ein har henta frå arbeidarrørsla og revolusjonære rørsler, som ein gjerne ser på som same tradisjon som ein sjølve. Jasper meiner i nokre situasjonar kan forståast som ei form for *mektiggjering* (empowerment), som gjev både retning, men også håp om forandring basert på tidlegare sigra, eller andre undertrykka menneskjer sin kamp.

Det å ta del i protestaktivitetar er ikkje berre knytt til gleder og fellesskap, men kan også vere fylte med utfordringar. Til tross for dette er det få som viser til andre utfordringar med sitt engasjement enn at dei hadde dårleg tid. Dei som opplevde negative reaksjonar fortel at dei ikkje brydde seg, eller at dei ikkje hugsar korleis dei opplevde dette. Solveig fortel at ho hugsar best dei som var positive til det ein gjorde framfor dei som «brakte kjekt». Andre utfordringar som blir fortalt om var det å gå på dørene til folk, enten det var

underskriftskampanjar for barnehagar, sal av klassekampen eller andre årsakar. Det er nokre som viser til dette som «ubehagelig», men viser til at dei fann styrkje i å ha andre med seg. Solveig fortel på den andre side om heftige diskusjonar heime, der ho og søstera opplevde at ingen var semde med dei. Det er ingen som nemner noko om negative reaksjonar direkte frå foreldra, oftast blir det fortalt om at dei var «hoderistende», «nøytrale» eller andre gongar «støttande». Sigrid fortel at ho fekk kommentarar frå mange andre enn foreldra for at ho blant anna «en tid gikk med Mao-jakkemerke», men at ho ikkje brydde seg om dette. Marianne fortel om korleis ho nesten blei kasta ut av bestemora si, som var Israel-ven, og korleis Palestina-merkje hadde sin faste plass over brystet på bunaden saman andre «buttons», delvis for provokasjon. Ho fortel på den andre side at ho alltid hadde si mors støtte.

### **Kollektiv identitet og emosjonell habitus**

Til tross for at alle informantane frå denne generasjonen viser til ulike opplevingar knytt til det å vere politisk aktiv på denne tida, viser alle til sterke kjensler knytt til denne perioden og det dei opplevde. Fleire vektlegg eit «vi» når dei fortel, som moglegvis kan forståast som ein kollektiv identitet, både for ulike grupperingar på denne tida, men også for den verdsomspennande rørsla. Det at ein hadde felles overordna «fiende» i USA, EF, og den vesteleg imperialisme generelt, førte til at ein hadde eit kollektivt syn, til tross for at det var intern usemje og konflikhtar mellom grupperingar. Dette, saman med skildringane knytt til gleder, fellesskap, lojalitet og liknande kan forståast som formar for kollektiv identitet. Alle informantane viser til sterke band til venstresidetradisjonen, enten dei den gongen kalla seg *kommunist, maoist, feminist, sosialist, anarkist, marxist-leninist* eller anna. Ein må derfor også ta omsyn til kollektive identitetar knytt til desse nemningane og grupperingane, som eg har valt å utelate i dette prosjektet. Likevel kan det nemnast at det er ingen av desse, som eg har fått fram, som omtalar seg med slike ideologiske identitetar i dag. Jens fortel at det framleis er nokre nemningar som han framleis kan kalle seg, men at han ikkje lenger har noko behov for å ikle seg sjølv noko «ismer».

Fleire av informantane viser også til stoltheitar til det dei rørte ved, eller sigrane dei opplevde, som då USA trakk seg ut av Vietnam, Nei til Eu-sigeren, abort-lov, utbygging av barnehagar, då klassekampen blei dagsavis og liknande. Dette blir ofte skildra gjennom deira ulike erfaringar knytt til blant anna 1 mai feiringa etter Vietnamkrigen sin slutt, eller til «valgvaken da vi sa nei til EF». Fleire viser til dette som «fryktelig spennende». Svein fortel dette som at:

Alle de største avisene sa ja til EU! Til tross for det så klare folket faen meg å si nei!  
(ler godt) Helt utrolig! Det var gøy!

Alle eg har intervjuet fortel at dei ser attende med «glede» eller «stoltheit». Gunnar viser til denne kjensla av stoltheit er knytt til at «vi brydde oss! At vi prøvde å utgjøre en forskjell, prøvde å få til forandring». Fleire viser også til dette, at ein brydde seg om andre enn seg sjølv. Andre viser til denne opplevinga som «meningsfullt», «flott», «kjekt» og liknande. Det er fleire som fortel at dei lærte mykje som dei endå har med seg. Svein fortel at dette også påverka han som menneskje: «Jeg lærte mye om politikk, synes selv jeg vokste som menneske», Svein utdjuer dette slik: «reflektere, tenke gjennom viktige spørsmål, hvem jeg ønske å være, hva som er betydningsfullt og hva som ikke betyr noe».

Dei sterke kjenslene som fleire viser til kan også forståast ut i frå det Gould omtalar som ein *emosjonell habitus*, knytt til deira tilhøyrsla i denne verdsomspennande rørsle, men også til minnet om denne tida då dei var aktive. Til tross for at dette kan seiast å gjelde for informantane som har vore med i dette prosjektet, vil det ikkje vere riktig å generalisere dette for alle som tok del. Dette understreker også Jasper sitt poeng om at alle som tek del har ulike erfaringar og kjensler knytt til same hendingar og opplevingar. Det er allmennkjent at det er personar som tok del som i etterkant har teke avstand frå ulike delar, som kan forståast som ein form for stigma. Dette er noko alle informantane eg har intervjuet tek avstand frå. Dette er noko nesten alle informantane nemner som «eg er ikke en av de som angre», eller at «jeg gjorde aldri noe jeg må angre på». Nokre viser som tidlegare nemnt til at «vi var nok litt naive», eller at «vi hadde ikke det alternativet vi trodde vi hadde». <sup>29</sup> Andre viser til kritiske moment enten ved si eiga eller andre si tilhøyring, men vektlegg at det ikkje er anger å spore. Det er fleire av informantane som viser til at det er veldig lett å sitte no i 60 åra og seie at mykje av det var «naivt», men at det den gangen var «et dyptfølt engasjement der man tenkte med hjertet», og ut i frå den «rettferdssansen» ein hadde som ung. Nokre understreker også til at ein må forstå dette ut i frå den alderen ein var i, men også dei erfaringane og den kunnskapen ein sit inne med når ein er i den alderen.

---

<sup>29</sup> «Naiviteten» er støtta som blei fremma til revolusjonære rørsler i globale sør, som i etterkant har vist seg å blant anna ha vore knytt til folkemord på sivilbefolkning. Blant desse Mao Zedongs og kulturrevolusjonen, som også utgjorde eit form for «alternativ» for nokre (Rognlien og Brandal, 2009). Andre var Pol Pot, som var leiar for den revolusjonære rørsle Røde Khmer frå 1963 til 1997 i Kampuchea (Kambodsja) og. Hans parti styrte landet frå 1975 til 1979, og utførte i løpet av si tid folkemord på millionar av menneskje (Short, 2013).

### 5.4.2. Dagens studentar

Informantane frå dagens generasjon viser også til viktigheita av det å vere ein del av eit fellesskap, og at nokre er semd med eins forståing av verda rundt seg. Fleire viser også til kjensla av å føle seg ein del av noko større, ein tradisjon og ei rørsle. Pål viser til at han meiner at slike tradisjon har mykje å seie, og at denne kjensla av at han er del av ei større rørsle og større kamp er viktig:

Eg tror kamp er ett riktig ord, det er sånn eg oppfatter det... og at den kampen kommer til uttrykk blant annet på 1 mai og 8 mars, og når det foregår en politisk strid da. Og det gir meg fred i sinnet, siden eg mener de forholdene som er er helt uakseptable.

Dette kan forståast som gleda av å få utløp for si «moralske stemme», som også fleire viser til som ein måte å få utløp for sin frustrasjon og sitt sinne. Hanne viser til at det å kunne «gå ut og skrike i gatene når ein er sint på samfunnet» er befriande. Det å føle seg ein del av noko større, og byggje vidare på ein tradisjon, er viktig for mange. Slik vi såg med Stine ovanfor, er dette ein måte å leve livet sitt på som gjev meining. Dette er det fleire som viser til. Blant anna Hanne, som fortel at det å ta del i ulike formar for aktivisme kan samanliknast med «en hobby som man har som er med på å holde livet gående på en måte... men har en meining sant?».

#### Forplikting?

Pliktkjensla som var sterk hos sekstiåttarane blir også nemnt av mange av informantane som er studentar i dag. Korleis dei reflektera over dette er ulikt. Blant desse er Hanne, som viste til ei kjensle av plikt som årsak til at ho tek del, der kunnskapen om urettferd forpliktar:

Av og til så tenker eg sånn att skulle ønske eg ikke visste om dette for då kunne eg bare slappe av og ikke gjøre noe med det. Men no vet eg om det, og eg er nødt til å gjøre noe med det. Det går ikke an å ikke gjøre noe med det når man har den tankegangen som eg har no. Når man ser hvor verden har feil og sånn, da må man gjøre noe med det, viss ikke skyter man seg selv i foten... det blir bare feil, da lever man på ett uetisk grunnlag.

Ingrid viser også til denne kjensla som ein ansvarskjensle til å gjere noko som kjem av at ein er venstreaktivist, som gjer at «man blir jo forpliktet til å gjøre noe». Sidan mange av informantane i begge generasjonar viser til denne opplevinga tenkte eg det ville vere interessant å spørje andre som ikkje nemnte dette også. Dei aller fleste viser til at dei meiner at det har ein stor betyding, både i forhold til at du forpliktar deg til det å ta del, slik som 68-



generasjonen, men også at det er det som driver mange. Andre, som Magnus, meiner plikt ikkje har noko å seie i forhold til kven som blir aktivistar. Han framhevar at det å vise solidaritet for andre menneskjer ikkje handlar om plikt:

Jeg tror ikke solidaritet handler om forpliktelse. Det handler om ett genuint ønske da om å støtte en kamp og om fellesskapet. Den gode fellesskapsfølelsen som er på en måte alfa omega for menneske da... At vi skaper hverandre i felleskap. [...] Vissheten om at de andre er ikke ofre, de er... mennesker som kjemper for sin rett til å gjøre det samme som du kjemper for din rett til... [...] Det er ikke den 'jeg syns synd på deg så jeg gir deg penger', men det er den 'Jeg kjemper din kamp, du kjemper min kamp'.

### **Rørslekultur: Glede og utfordringar**

Det er fleire av informantane som fortel at fellesskap som etter kvart blir danna mellom dei som tek del er viktig for kvifor dei fortsetter. Dei skildra personane dei er aktive saman med på ulike måtar, og viser til at det er ulike personlegdomar, der det er nokon ein likar mens andre ein ikkje likar, slik det er overalt. Desse blir ofte skildra som «sterke personlegdomar», «flinke folk», «modige», «tøffe» og liknande. Nokre viser til skildringar av seg sjølv, som dei også meiner er passande for andre som dei er aktive saman med. Blant desse er Ingrid, som skildra seg sjølv som aktivist slik:

Eg er modig (ler)... og eg har stå-på-vilje [...]. Viss eg først skal gå inn for noe så går eg inn for det for fullt da... viss eg blir bedt om å gjøre noe, så fullfører eg det på en måte... Ikke la det henge igjen sånn halvveis... og man kan jo kanskje si plikttoppfyllende da kanskje... og at eg har evnen til å oppmuntre [...] viss noe blir vanskelig [...].

Lars, som er innflyttar til Bergen, fortel at han kjem sjølv frå ein liten plass, der det er vanskeleg å mobilisere. For han opplevdes det å kome til Bergen som «befriande»:

Det er veldig lett å få til ting, og det er det er lett å få med seg folk og det er eit stort nettverk... ikkje minst ved at du har mange du kan diskutere med og som du dela interesse og meininga med då, og kan bryne deg på, ja utvikle seg samen med

Andre, som Stine fortel at ho opplevde det å bli ein del av eit aktivistmiljø slik:

Det har jo gjort meg mye tryggere... [...] og selvfølgelig når du har ett godt felleskap og ett miljø du kan utvikle deg i, og studere med og sånn, så blir du jo mer engasjert

og... ja, tryggere på deg sjøl for at du har fått utrettet ting og sånt, og så får man jo ikke utrettet noe med mindre man er flere

I likskap med den andre generasjonen viser nokre til at vennskap som kjem av at ein tek del i eit fellesskap, men også deler syn på verda. Stine er ein av desse, som viser til at til tross for at årsaka til at ein tek del er «i utgangspunktet politisk, blir de jo de nærmeste folkene du har i verden, på en måte... så det er klart det har mye å si det og». Hanne fortel korleis det å delta i protestaktivitetar opplevast som ei form for fellesskap. Ho skildra dette slik:

Det skaper ett slags fellesskap! Det er liksom det når du går bak en parole, vifter med flagg og roper slagord, roper av full hals... [...] det er en mestringsfølelse. Du føler liksom at her blir folk undertrykt, her blir du undertrykket, men du har en mulighet til å si i mot det. Det er en deilig følelse. Det er jo derfor man gjør det, fordi man føler man kan bidra. Og da er det veldig viktig med fellesskap. Viss eg skulle gå rundt alene med en megafon på Torgallmenningen, så hadde eg bare følt meg dum sant, men når vi kan stå sammen og rope slagord, så har vi ett samhold som gjør det gøy.

Det er også fleire som viser til liknande erfaringar. Blant desse er Pål, som fortel at det er eit «sosialt engasjement», som der han vektlegg at «folk kjenner hverandre og folk et ansvar for hverandre, og at man gjør ting sammen». Pål fortel vidare at for hans del kan han ta del i ei markering «for å hilse på folk», men også for å vise solidaritet til dei som arrangerer og til saken som blir fremma. Dette kan forståast som formar for resiproke kjensler, som er fremjande for fellesskap. Det er også nokre av informantane som nemner viktigheita av kollektive ritar, der song også her blir framheva. Ein kan også her sjå tradisjonelle arbeidarsongar som er kulturarv frå arbeidarrørsla, blant anna internasjonale. Hanne er blant desse, som vektlegg effekten dette har på fellesskapet:

Det er noe med musikk som er helt fantastisk. Det er liksom når man synger sant, for du vet når man diskuterer sant, så trekker de seg unna de som ikke er helt sikre på hva de mener om noe eller ikke har lest like mye bøker. Men viss man synger, så trenger man bare å lære seg teksten, eller man plukker opp refrenget, ikke sant? Og da kan man være med uansett forskjell i politisk skolering liksom, det er en fin samholdsgreie.

Dette kan forståast som ein form for mektiggjering for dagens generasjon, men også ein av fleire gleder eller tilfredsstillingar av å ta del. Slik vi har sett meiner Jasper at det er viktig å

understreke at gledene ulike individ får av desse aktivitetane vil vere like ulike som deira egne biografier.

Det å vere aktivist i dag er også fylt av utfordringar så vel som fellesskap og gleder. Fleire av informantane viser til korleis ein ofte opplever meir motgang enn sigra. Marie forteller at ho ofte opplever «å stange hodet mot veggen», som somme tider har fått ho til å ville slutte. Opplevinga av det førstnemnde er det fleire som viser til, men færre som viser til sistnemnde. Ingrid fortel om ei sterk oppleving av motgang, som på den eine sida inkludera at ein ikkje får gjennomslag. Ho viser til ein frustrasjon over at det er vanskeleg å mobilisere fordi vi i dag tek for gitt at kvinner og menn er likestilte. Ingrid fortel at det er lettare å mobilisere folk på bakgrunn av rasisme enn sexisme, som for hennar del går hand i hand:

Rasisme og sexisme er veldig lik, altså det har veldig mye av det samme, det går egentlig veldig hånd i hånd. Veldig mange har veldig lett for å kalle seg en anti-rasist, det er veldig... det bare blomstrer når du sier det på en måte, det er noe alle vil være omtrent. Det er like viktig for meg å kalle meg anti-sexist som en anti-rasist. Det der med anti-rasisme er blitt så... det er blitt så vanlig... og eg skulle på en måte ønske at det med anti-sexisme var like vanlig.

Det er fleire som viser til utfordringar i forhold til mobilisering, og skildra dette som både «deprimerende» eller «skuffende». Hanne fortel at det er «mange som blir trøtte av å jobbe som aktivister fordi man får så lite igjen for det man gjør». Eit par av informantane frå dagens generasjon viser også til ulike former for 'stigmatisering' som dei har opplevd. Blant desse er Marie som fortel om opplevingar av å bli kalla «jødehater», og utskjelt av vaksne menneskjer som ofte har vore medlem i organisasjonen 'Med Israel for fred' (MIFF) både på nett og andlet til andlet. Andre viser til det å bli uthengt i media, og at ein somme tider blir utstøtt frå enkelte sosiale kretsar og vener. Somme viser også til uthenging på demonstrasjonar eller aksjonar. Ingrid er ein av desse, som fortel at ho har opplevd å bli kalla mykje stygt:

Man blir jo kalt veldig mange stygge... stygge ting... altså de kaller oss for jævla horer ikke sant og... ja... 'hvorfor er dere imot det her liksom'... ja, det er veldig mye stygt... Mye skjellsord, veldig mye det. Det er veldig vanlig at folk i forbifarten roper stygge ord, og så går de videre... og eg tror det skremte veldig mange fra å være med, fordi at de opplevde det som ubehagelig.

Det er utfordringar som dette informantane gjev som årsakar til at mange sluttar som aktivistar. Fleire av informantane viser til at dei finner styrkje i å vere i eit fellesskap der fleire opplever det same og at ein ikkje er åleine. På den andre side er det fleire som viser til at oppleving av sigra, det å inspirere andre, det å kjempe for andre, og/eller det at ein opplever å «kjenne makten i folket» som viser til ei rørsletilhøyrse. Andre, som Hanne viser til at ein byggjer seg etter kvart opp eit grunnlag, men også at ein grunnleggande eigenskap er «at du tåle en del støyter» og «at du må kunne stå for ditt og ikke vike». Dette kan forståast saman med biografiske ulikskapar, som kan forklare kvifor nokre blir villige til å ta del mens andre ikkje. Personane som er skildra ovanfor viser alle til sterke kjensler knytt til det å vere aktivist, både på godt og vondt, som gjer at ein fortsetter til tross for motgang. Slik vi såg hjå den tidlegare generasjonen viste også nokre av desse til utfordringar, sjølv om dei alle viste til at dei ikkje brydde seg, eller ikkje huska.

### **Kollektiv identitet og emosjonell habitus**

Det å ha eit felles syn på verda, felles oppleving av kven som har skulda for det ein opplever som feil, men også til dels felles syn på kva som bør vere, gjer at vi kan snakke om ein form for kollektiv identitet for dagens generasjon av venstreradikale. Det er ingen av informantane som snakkar om eit «vi», til tross for at fleire viser tilknytning til ei større rørsle og ein tradisjon. På den andre sida viser nokre av informantane til ulike identitetar, eller nemningar. Desse kan forståast som tilsvarande kollektive identitetar, der ein på den eine side har ein tilhøyrande ideologi, og ein sjølvforståing på den andre. Det er fleire som viser til sistnemnde, at ein kan kalle seg ulike nemningar, men at det er knytt til korleis ein oppfattar seg sjølv.

Innleiingsvis i kapittelet såg vi at nokre av informantane fortalte at dei ikkje var blant dei mest aktive og/eller blant dei mest radikale. Dette atterspegla seg også i forhold til at desse ikkje veit kva dei skal kalle seg, eller har lov til å kalle seg. Dette kan forståast i forhold til det Jasper meiner er ein personleg eller aktivist identitet. På den eine sida er denne knytt til at alle protesterande har særigne erfaringar av det å ta del, men også til at dei har unike personlegdomar. Ei utfordring med kollektive identitetar som halvparten av informantane nemner er at ein nokre gongar blir assosiert med grupper ein ikkje vil bli assosiert med, som ikkje står til korleis ein oppfattar seg sjølv. Dette kan forståast som frustrasjon i forhold til korleis andre framstiller ein, til dømes i media, som kan føre til stigmatisering eller at ein blir teke mindre seriøst. Dette er ei oppleving som også kan tenkjast å vere gjeldande for nokre av informantane hjå den andre generasjonen også, sjølv om ingen spesifikt nemner denne.

Det er fleire av informantane som viser til «håp» i at dei er ein del av ein tradisjon, der andre har fått til endring før dei. Dei viser til at «68-erne» representerer dette for dei. Ingrid fortel at for hennar del representera kvinner på 1970 talet viktige sigra, som har gjort det lettare å vere kvinne, men også kjempa fram rettar og moglegheiter. Informantane viser til at dette er den generasjonen som har «lagt rammen» som mange aktivistar handlar innanfor i dag. På den eine sida gjennom lærdomar og inspirasjon, slik vi såg med Palestina-solidaritet ovanfor, og på den andre gjennom at ein blir bevist på at endring er mogleg. Dette kan forståast som emosjonell habitus, der positive kjensler blir generert i identiteten gjennom at ein har tidlegare historier med sigra ein kan sjå opp til. Slik Jasper viser er dette ei kopling mellom kognitivitet og kjensler, som bringer desse historiene til live, og som får personar til å bry seg om kollektive identitetar. Ein kan sjå dette gjennom skildringar av stoltheit og glede av å ta del, og av det å vere med på påverke

Nokre av informantane viser til ei romantisering av denne tida, der ein viser til at dette var ei tida då «folk trodde», «hadde alternativ», og at det var «større fellesskap». Somme viser også til at dei skulle ønskje dei var studentar på denne tida, fordi «alt virket så mye bedre». Lars meiner at det å vere aktivist er «både kjekt, men også deprimerande», og viser til korleis ein heile tida høyrer om kor mykje betre det var før og kor engasjerte alle var før, mens det er nesten ingen i dag. Denne historia kan ut i frå dette også forståast som hemmande, fordi den ofte endar med at «unge i dag er ikkje aktive» eller at radikalismen er død. Dette er ei historie som nokre frå 68-generasjonen til dels viser til, men viser samtidig til at dei veit lite om dette. Nokre viser også til at det nok er forskjellige studentar, både av dei som er aktive og dei som ikkje er det, «slik den var den gangen». Andre viser til at dei følgjer med og ser at unge arbeider, der nye måtar å drive med aktivisme er tekne i bruk. Nokre av informantane viser til at unge er flinke å organisere. Helge er ein av dei som viser til demonstrasjonane mot Irak-krigen i 2003, og til mobiliseringa mot endring i arbeidsmiljølova no nyleg, som døme. Han viser til at begge desse store makinga var under initiativet frå unge. Andre stiller seg meir skeptisk, mens nokre meiner at ein trenger å fornye retorikken sin.

Slik vi såg i kontekstkapittelet, i tillegg til skildringane til dagens engasjerte, er det også aspekt ved verda og systemet vi er ein del av i dag forståast som urettferdige. Dette er noko også den tidlegare generasjonen reflektera over, der auka i ulikskap, nedskjeringar, liberalisering og privatisering, blir vektlagt som «skumle utviklingar». 68-generasjonen er også deltakarar i samfunnet i dag, og ser korleis det også i dag er mange utfordringar, både nasjonalt og internasjonalt, som trengst å endrast ved. Fleire viser derfor til at ein trenger unge

menneskjer og andre som engasjera seg og stiller seg kritisk til samfunnet rundt, så vel, og kanskje også meir enn då dei var unge.

## **Kapittel 6. Avslutning**

Rundt om i verda i dag kan vi sjå menneskjer som tek til gatene for å ytre motstand mot forhold dei meiner er urettferdige eller ønskjer å endre. Dette er menneskjer som opplever misnøye, å ikkje ha noko moglegheiter, og at har mista trua på endring gjennom politiske kanalar. Dette er ikkje noko nytt fenomen, men har sidan tidenes morgon vore eit middel for menneskjer som ønskjer å endre forhold dei er misnøgde med, eller opplever som urettferdig på eigne eller andre sine vegne.

I denne oppgåva har eg utforska og samanlikna korleis ein kan forstå kva som gjer/gjorde studentar ved universitetet i Bergen, både i dag og på 60/70 talet villige til å ta del i politisk protest. Eg har også sett på korleis dei opplever å ta del i protestaktivitetar, og korleis dette verkar inn på korleis ein er aktiv. Dette har eg gjort ved å bruke eit teoretisk rammeverk som legger vekt på kulturelle og biografiske prosessar i allereie eksisterande sosiologiske omgrep (moralsk sjokk, kollektiv identitet, rammer (framing), kollektive kjensler). Ved å inkludere desse prosessane har eg vist korleis både villigheit og deltaking i protesthandlingar kan forståast som både moralske, emosjonelle og individuelle, så vel som kognitive.

Undersøkinga av kva som motivera desse to studentgenerasjonane har gitt eit rikt materiale av historier, erfaringar, men også tolkingar av deira engasjement. Det var fleire i begge generasjonar som fortalte om liknande årsakar til at dei blei aktive, særleg innanfor 68-generasjonen, men viser likevel til ulike opplevingar. Dette er også handlingar som er nært knytt opp mot personars særeigne biografi, men også deira bakgrunn. Dette gjer at vi ikkje kan snakke om ein teori som er dekkjande for alle informantane, verken innanfor eller mellom generasjonar.

Det mest framstående i begge generasjonar er at vi kan forstå villigheita ut i frå ulike formar for moralske sjokk. Dette var for fleire knytt til opplevingar, informasjon eller hendingar, der ein blei bevisste på at noko bryt med eget syn på verda. Eg fann to formar for slike sjokk, sjølv om dei i nokre tilfelle vil vere samanfallande. Den første, og mest framstående, er ei form for moralsk indignasjon eller sinne på andre sine vegne. For sekstiåttarane var dette oftast knytt til ulike erfaringar der ein blei bevisste på at verda ikkje var slik ein trudde. Vietnamkrigen blir ofte framheva, og korleis opplevinga av å sjå usensurerte biletet frå

krigføringa var sterkt for mange. For mange representerte dette starten, eller i alle fall bevisstgjeringa av at verda ikkje var rettferdig. Ein visste også kven som stod bak, og kunne med dette retta sinnet sitt USA, Noreg og NATO, og etter kvart også verdssystemet. For dagens generasjon er årsaka til sjokk meir fleirfaldig, og skjer i større grad på bakgrunn av system og samfunnskritikk som skapar urettferd eller generera diskriminerande haldningar. Den andre forma for sjokk er knytt til motbør på identitet, som er knytt til motbør særleg på kjønn og språk. Denne forma er mest framstående hos kvinner i 68-generasjonen, som kan forståast som eit byrjande sjokk knytt til tradisjonelle eller autoritære samfunnsstrukturar. Dette er sjokk som også er samanfallande med den andre forma for sjokk.

Fleire av informantane viste til erfaringar som kan forståast som sjokk, men alle desse viser også til at dei blei forsterka av påverknad frå andre. Sjokka kan derfor forståast som implisitte, som kan kome av at dei ikkje var sterke nok, eller at dei trengde hjelp til å artikulera desse for så å kunne agera på dei. Dette blir ofte omtalt som at ein blei «dratt med», som ofte heng saman med at ein har eigne meiningar, og møter andre som meinte det same som ein, eller overtyda ein om dette. For fleire av 68-arane heng dette også saman med deira bakgrunn, der nokre standpunkt og menneskjer i større grad appellerte til deira moralske bagasje enn andre. Enten dette var opplevingar som kom før eller etter ein blei ein del, var det viktig for informantar i begge generasjonar å kome saman med andre som meinte/følte (delvis) det same. Dette kan, slik vi såg, forståast som rammer eller delte kjensler, som viser til meiningar og syn på verda (ideologi) som ein deler med andre. Informantane i begge generasjonar viser også her til at ein lærte nye ting, og nye måtar å sjå, vurdere, forstå og løyse problema i verda på, som fleire omtalar som ein «politisk skolering». Dette kan forståast som ein overføring av kunnskap, lærdomar, tradisjonar som skjer frå den eine generasjonen til den andre, som dagens generasjon tilpassar nye aktivismeformar. Eit påfallande aspekt som er meir framstående hos dagens generasjon er viktigheita foreldra spelar i denne overføringa.

I analysen kan vi sjå 14 forskjellige historier og opplevingar knytt det å ta del i protestaktivitetar, der fellesskap og kollektiv identitetar er knytt opp til kjensler informantane har til dei ein tek del saman med. Ved å sjå det i forhold til Browns si framstilling av deltaking og protestløp, har vi sett korleis ulike biografiar og livssituasjonar gjer at informantane deltek/deltok på ulike måtar. Eg har vist korleis dette også heng saman med både preferansar, men også korleis dette gjer/ga meining til liva til mange av informantane. Det at ein fekk/får uttrykke si moralske stemme, eller får utløp for frustrasjon, sinne og liknande. Dette henger også saman med utfordringar, sidan ein opplever/opplevde meir

motgang enn sigr. Dei som ytra slike utfordringar viser også til at det er styrkje å vere i eit fellesskap, og korleis dette for mange var årsaka til at ein fortsatt. For mange i begge generasjonar kan dette sjåast i forhold til ei oppleving av plikt, eller for andre eit genuint ønskje om å vise solidaritet. Det er fleire frå dagens generasjon som vektlegger at det er ikkje tanken på ideologi som får hjartet til å slå, men at «man må føle det». Det er tanken på at noko er urettferdig, og eit fellesskap av andre som meiner det same, som gjer at mange fortsetter.

For å forstå kva som får mange til å fortsette viser fleire også til korleis eit sosialt fellesskap også er viktig, som gjer at ein generera kjensler for kvarandre. Det at ein tek del i eit fellesskap, gjennom demonstrasjonar, felles slagord, song og liknande viste seg å vere viktig. Dette byggjer også på tradisjon, og ei kjensla av å vere med i ei rørsle som arbeida for å endre verda til noko betre. For 68-generasjonen som ser det retrospektivt, var det viktig for mange at dei var ein del av noko større og at dei brydde seg. Dette gjer at alle informantane sitter igjen med ein kjensle av stoltheit av det å ha teke del, men også ein emosjonell tilknytning til tid. For dagens generasjon er dette knytt til overføring av kunnskap, lærdomar, tradisjon og inspirasjon som er overført frå 68-generasjonen. På den andre sida er dette knytt til ei mektiggjering gjennom tidlegare rørsler sine sigr, som generera håp om siger for dagens engasjerte. Ut ifrå funna vil eg sei at dette er viktig for begge generasjonar av venstresidale si oppleving av ein kollektiv identitet, i tillegg til identitetar samanfallande med ideologi. Eg har også argumentert for at det for begge kan forståast ut i frå Deborah Gould sin ide om ein emosjonell habitus, som vil vere knytt stoltheit og glede til det å vere ein del av ein tradisjon på venstresida, og det vidareføre denne.

Den siste forskjellen eg vil framheve er korleis vi kan sjå eit klart sterkare framstilling av eit «vi» hos sekstiåttarane enn hjå dagens. Slik vi såg ovanfor har begge generasjonar ein sterk tilknytning til fellesskapet, som for mange var ein viktig årsak til å fortsette. Likevel er det ingen av dagens informantar som nemner eit «vi» eller eit «oss». Dette kan kome av ulike årsakar, eg vil vise til fire. Først er den meir openbare forklaringar om at dette er sett i eit retrospektiv, og som er knytt til ein emosjonell tilknytning til tid og allereie etablerte kollektive identitetar som «68-ar». Det andre, og litt kyniske, er at den kollektive fortellinga er forsvunne, og at aktivistar og samfunnet generelt i dag er blitt meir individualistiske. Tredje er at gruppene, organisasjonane og miljø på den radikale venstresida er blitt meir differensierte enn kva dei var attende på 60/70 talet. Ein siste årsak, som også er nemnt i metodekapitlet, er at ei gruppe er overrepresentert i utvalet. Dette kan forståast som at ein



kollektiv identitet er meir framståande enn andre i analysen, og at resultatet kunne vore annleis med fleire ulike grupper.

Ved å samanlikne villigheit og opplevingar av å ta del i protestaktivitetar i desse to generasjonane av venstreradikale studentar, har eg vist til viktigheita av å inkludere kjensler og moral, men også sette pris på deira individuelle sær eigenheiter. Eg meiner det er ein fruktbar måte å forstå sosiale rørsler på, men også enkeltpersonar innanfor rørsler.

## Kapittel 7. Litteraturliste

Aakvaag, Gunnar (2013). Hva skal dagens unge bruke stemmeretten til? *Aftenposten* [internett]. 1. September. Tilgjengeleg frå: <http://www.aftenposten.no/meninger/kronikker/Hva-skal-dagens-unge-bruke-stemmeretten-til-7295510.html#.Ui2SM-OTsVc> [Lest 28.09 2015].

Almenningen, Olaf, Hoel, Oddmund Løkensgard, Pilskog, Geir Martin, Tangen, Håvard (2003). *Studentar i målstrid: Studentmållaget i Oslo 1900-2000*. Oslo, Det norske samlaget.

Attac (u.d.). Dette er Attac. Tilgjengeleg frå: <http://www.attac.no/about/> [Lest 11.11.2015]

Attac, *Det du trenger å vite om TISA* [Internett]. Utan dato. Tilgjengelig frå <http://www.attac.no/stopp-tisa/> [Lest 06.11.2015]

Blaikie, Norman (2010). *Designing social research (2 edition)*. Cambridge og Malden, Polity Press.

Blom, Ida, Fløystad Ingeborg, Irgens, kaya, Nagel, Anne-Hilde, Skiftesvik, Kari Hop, Aasen, Elisabeth (2007). *Vi var med... Kvinnekamp I Bergen på 1970 talet*. Bergen, Bodoni forlag.

Brinkmann, Svend og Tanggaard, Lene (red)(2012). *Kvalitativ metode: Empiri og teoriutvikling*. Oslo, Gyldendal Norsk forlag AS

Brown, Cathrine C (2012). *Patterns of Protest: Trajectories of Participation in Social Movements*. California, Standford university Press.

Buvollen, Hans Petter og Julsrud, Ottar (2013). Chiles historie. *Det store norske lesikon (SNL)* [Internett]. Oppdatert 12.november 2013.

Castle, Stephen, Haas, Hein De, og Miller, Mark J (2014). *The age of migration: Fifth Edition: International Population Movements in the Modern World*. USA, The Guilford Press

Crossley, Nick (2002). *Making sense of social movements*. Buckingham og Philadelphia, Open University Press

Fjermeros, Halvor (2014). *Uro i Euroland: Fagelig avmakt og sosial motstand i Eus nye arbeidsliv*. Oslo, Res republica

Frønes, Ivar, Heggen, Kåre og Myklebust, Jon Olav (red) (1997) *Livsløp: oppvekst, generasjon og sosial endring*. Oslo, universitetsforlaget

Førland, Tor Egil, (2015). Cutting the Sixties Down to Size: Conceptualizing, Historicizing, Explainin. *Journal for the Study of Radicalism* [internett], Volume 9, Number 2, haust 2015, side 125-148 (Article). Michigan Press. Tilgjengeleg frå:

[http://muse.jhu.edu/journals/journal\\_for\\_the\\_study\\_of\\_radicalism/](http://muse.jhu.edu/journals/journal_for_the_study_of_radicalism/) [Lest 10.10.2015].

Førland, Tor Egil og Korsvik, Trine Rogg (2008). *Ekte sekstiåttare*. Oslo, Gyldendal forlag AS

Gamson, William A (1992). *Talking politics*. Cambridge, University Press.

Gamson, William A, Fireman Bruce og Rytina, Steven (1982). *Encounters with Unjust Authority*. Homewood III, Dorsey Press.

Globalis (2015). *Palestina* [Internett], Oppdatert 22.10.2015. Tilgjengeleg frå:

<http://www.globalis.no/Konflikter/Palestina> [Lest 23.10.2015]

Goodwin, Jeff, Jasper, James M. og Poletta, Francesca (2014). *Passionate politics – Emotions and social movements*. Chicago and London, The University of Chicago Press

Godbolt, James (2010). Den norske Vietnamrørsla: Tradisjonell folkerørsla eller ny sosial rørsla. I: Helle, Idar, Kjeldstadli, Knut og Sørvoll, Jardar (red). *Historier om motstand: Kollektive bevegelser i det 20-århundret*. Oslo, Abstrakt forlag AS, 59-78.

Gunnesdal, Lars og Marsdal, Magnus E.(2013). Kriseforståelse: Stor ulikhet, dyp krise: Om årsaker til den verste økonomiske nedturen på 75 år. *Manifest analyse* [Rapport], 2-2013.

Tilgjengeleg frå: <http://manifesttankesmie.no/rapport-2-2013/>

Gould, Deborah B (2009). *Moving politics: Emotion and ACT UP's Fight against AIDS*. Chicago, The University of Chicago Press,

Hammersley, Martyn & Atkinson, Paul (1998): ”*Feltmetodikk – Grunnlaget for feltarbeid og feltforskning*”. 2. utgave. London, Routledge

Harvey, David (2005). *A Brief history of neoliberalism*. New York, Oxford.

Haukaa, Runa (1982). *Bak slagordene: Den nye kvinnebevegelsen i Norge*. Oslo, Pax Forlag

Helle, Idar (2006). Det siste store forsøket. *Venstresida* [Internett], 04.12.2006. Tilgjengeleg frå: <http://venstresida.net/?q=node/6> [Lest. 14.10.2015].

Hvidsten, Torkil (2013). Folkets forum. *Utveier* [tidsskrift] Nr. 3 2010. Tilgjengeleg frå: <http://docplayer.no/1785243-Utveiernr-3-2010-new-public-management-offentlig-velferd-og-demokrati-hva-skjer-med-kommunen-nar-velferdstjenestene-selges-til-skatteparadis.html> [Lest 12.11.2015]

Hybertsen, Gunnar (2006). *Vitne: Ein norsk solidaritetsarbeidar blant palestinarane*. Oslo, Samlaget.

Ingham, Geoffrey (2011). *Capitalism: Key Concepts*. Cambridge, Polity Press.

Innset, Olav (2015). Redingsaksjon for velferdsstaten? – høyreretorikk i et historisk perspektiv. *Radikal Portal, meiningar* [Internett], den 8 juni 2015. . Tilgjengeleg frå: <http://radikalportal.no/2015/06/08/redingsaksjon-for-velferdsstaten-hoyreretorikk-i-et-historisk-perspektiv/> [Lest 14.10.2015]

Jasper, James M (1997). *The Art of Moral protest: Culture, Biography and Creativity in Social Movements*. Chicago, The University of Chicago Press.

Jasper, James M (1998). The Emotions of Protest: Affective and Reactive Emotions in and around Social movements. *JSTORE: Sociological Forum* [internett], Vol 13, No 3, side 397-

424. . Tilgjengeleg frå: [http://www.jstor.org/stable/684696?seq=1#page\\_scan\\_tab\\_contents](http://www.jstor.org/stable/684696?seq=1#page_scan_tab_contents)  
[lest 15 mai 2015]

Jasper, James M (2014). *Protest: A cultural Introduction to Social Movements*. Cambridge, Polity Press.

Jasper, James M. og Poulsen, Jane D (1995). Recruiting strangers and friends: Moral shock and social networks in animal rights and anti-nuclear protest. *JSTORE: Social problems* [internett],42 (4), s 493-512. Tilgjengeleg frå:  
[http://www.jstor.org/stable/3097043?seq=1#page\\_scan\\_tab\\_contents](http://www.jstor.org/stable/3097043?seq=1#page_scan_tab_contents) [lest 16.05 2015]

Jupsskås, Anders Ravik (2012). *Ekstreme Europa. Ideologi, årsaker og konsekvenser*. Cappelen Damm, Oslo

Kjeldstadli, Knut (2007). Folkelige bevegelser. I Tidsskriftet *Fortid* [Internett] nr 3: Kollektive bevegelser. . Tilgjengeleg frå: <https://www.duo.uio.no/handle/10852/36299> Oslo, DUO, 14-22. [Lest 14.10.2015]

Kjeldstadli, Knut (2010). *Kollektive bevegelser*. I: Helle, Idar, Kjeldstadli, Knut og Sørvoll, Jardar (red). *Historier om motstand: Kollektive bevegelser i det 20-århundret*. Oslo, Abstrakt forlag AS, 13-32.

Kjernli, Erlend og Håkonsen, Jarle Roheim (2015). FRP fosser fram på ny måling. *Nrk* [Artikkel] 02.desember. 2015. Tilgjengeleg frå: <http://www.nrk.no/norge/frp-fosser-fram-pa-ny-maling-1.12683012> [Lest: 05.12.15]

Kjølleberg , Even og Dahl, Tine (2008). Da 1968 ble '68 . *NRK*, [Internett] Oppdatert 25.05.2010. . Tilgjengeleg frå: ,<http://www.nrk.no/arkiv/artikkel/manedens-tema-mai-2008-1.5524768> [Lest 14.10.2015)

Korsvik, Trine (2010). Kvinnekamp! Politiske spenninger i kvinnefrigjøringsbevegelsene i Norge og Frankrike i 1970 åra. I: Helle, Idar, Kjeldstadli, Knut og Sørvoll, Jardar (red). *Historier om motstand: Kollektive bevegelser i det 20-århundret*. Oslo, Abstrakt forlag AS, 93-122.

Kvale, Steinar og Brinkmann Svend (2009). *InterViews: Learning the Craft of Qualitative Research Interviewing, Second edition*. USA: SAGE Publications, Inc

McAdam, Doug (1982). *Political Process and the Development of Black Insurgency 1930-1970*. Chicago, University of Chicago press.

Mills, Charles Wright (2000). *Sociological imagination*. Oxford, Oxford University Press.

Nielsen, Nils-Fredrik (1984). *Ekte sekstiåttre spiser ikkje seipanetter: Portretter fra 68-generasjonens indre og ytre liv*. Kragerø, Gyldendal Norsk forlag AS.

Nordhaug, Kristen og Bank, Helene (red) (2009). *Fritt fall: Finanskrisen og utveier*. Oslo, Forlaget Res Publica

Norges Sosiale Forum (NSF) (2015). *Plattform for Norges sosiale forum* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://globalisering.no/nsf/plattform-for-norges-sosiale-forum> [Lest 06.11.2015].

Norsk målungdom (2014). *Det store norske leksikon* [Internett], oppdatert 24.11.2014. . Tilgjengeleg frå: [https://snl.no/Norsk\\_M%C3%A5lungdom](https://snl.no/Norsk_M%C3%A5lungdom) [Lest 14.10.2015].

Nærstad, Aksel (2014). *Globaliserings-konferansens historie* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://2013.globalisering.no/Artikler/6016.html> [Lest 04.11. 2015].

Norsk samfunnsvitenskaplig datatjeneste (NSD). *Veiledning til meldeskjema*. [internett] Bergen, NSD. . Tilgjengeleg frå: <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/~veileder.html> [Lest 12.09.2015]

Nupen, Paal og Losnegård, Gaute (2000). *Ordet er fritt. Studentersamfunnet i Bergen 1934-1999*. Bergen, eget Forlag

Omdal, Sven Egil (2015). Gutten, døden og etikken. *Stavanger Aftenbladet, meninger, fripen* [Internett]. . Tilgjengeleg frå: [http://www.aftenbladet.no/meninger/fripen/Gutten\\_-doden-og-etikken-3763054.html](http://www.aftenbladet.no/meninger/fripen/Gutten_-doden-og-etikken-3763054.html) [Lest 13.10.2015].

Pleyers, Geoffrey (2013). A Brief History of the Alter-Globalization Movement. *Academia Edu*. [internett] Artikkel 20. Juni.2013. tilgjengelig frå:

[https://www.academia.edu/6465465/A\\_brief\\_history\\_of\\_the\\_alter-globalization\\_movement](https://www.academia.edu/6465465/A_brief_history_of_the_alter-globalization_movement)

[Lest 10.11.2015]

Potter, Robert B, Binns, Tony. Elliot. Jennifer A og Smith. David (2008). *Geographies of Development: An introduction to development studies (3ed)*. Edinburgh Gate. Pearson Education Limited.

Robinson, Nick (2013). Economy: There is no alternative (TINA) is back. *BBC news*[internett], 7.mars. 2013. . Tilgjengeleg frå: <http://www.bbc.com/news/uk-politics-21703018> [lest 13. oktober 2015].

Rognlien, Jon, og Brandal, Nikolai (2009). *Den store ML-boka. Norsk maoismen sett nedenifra*. Oslo, Kagge forlag.

Ryste, Marte Ericsson (2009). *I tiden: 1970 tallet. Fortellinger om Henne* [internett], publisert 09. september 2009. Tilgjengeleg frå: <http://fortellingeromhenne.no/asta/artikkel/vis.html?tid=58058> [Lest 12.10.2015]

Sejersted, Francis (2015). Norsk historie fra 1970 til 1990. *Det store norske leksikon* [internett], oppdatert den 16.mars 2015. Tilgjengeleg frå: [https://snl.no/Norsk\\_historie\\_fra\\_1970\\_til\\_1990](https://snl.no/Norsk_historie_fra_1970_til_1990) [Lest 12.10.2015]

Short, Phillip (2007). *Pol Pot: The history of a nightmare*. London: John Murray Genera Publishing Division.

Silverman, David (2011). *Interpreting qualitative data (4th edition)*. London: SAGE publications Ltd.

Sletteland, Anja (2013). Yes! Endelig en skikkelig generasjonsstrid. *Sosiologen.no* <http://sosiologen.no/2015/05/yes-endelig-en-skikkelig-generasjonsstrid/>

Sogner, Sølvi (2003). *I gode og vonde dagar: Familieliv i Noreg frå reformasjon til vår tid*. Oslo, Det norske samlaget.

Solstad, Dag (1982). *Gymnaslærer Pedersens beretning om den store politiske vekkelsen som har hjemmøkt vårt land*. Oslo, forlaget Oktober

Steigan, Pål (2013). *En folkefiende*. Oslo, Aschehaug forlag.

Tunzelmann Alex von (2014). The Green Berets: How the war was spun. Artikkel i *The guardian* [internet] 11. juni.2014.Tilgjengeleg frå:  
<http://www.theguardian.com/film/2014/jul/11/the-green-berets-reel-history-john-wayne-vietnam-war> [lest 10.10.15]

Tvedt Knut (2013). Norsk historie fra 1905 til 1939. *Det store norske leksikon* [internett], 25.10.2013. Tilgjengeleg frå: [https://snl.no/Norsk\\_historie\\_fra\\_1905\\_til\\_1939](https://snl.no/Norsk_historie_fra_1905_til_1939) [Lest 14.10.2015]

Unio.no (2015). *Endringer i arbeidsmiljøloven* [internett]. Tilgjengeleg frå:  
<http://unio.no/no/hjem/soek?q=arbeidsmilj%C3%B8loven+&x=0&y=0> [Lest 14.10.2015].

Vliegthart, Rens (2013). *Review: Patterns of protest. Mobilizing ideas* [Internett], 1. Mai. 2013. Tilgjengeleg frå: <https://mobilizingideas.wordpress.com/2013/05/01/review-patterns-of-protest/>

Wallerstein, Immanuel (1989). 1968, Revolution in the world system: Theses and queries. *Theory and Society*. [internett] 18: 431-449. Nederland: Academic Publishers. Tilgjengeleg frå: [http://www.jstor.org/stable/657747?seq=1#page\\_scan\\_tab\\_contents](http://www.jstor.org/stable/657747?seq=1#page_scan_tab_contents) [Lest 04.11.2015].

Watts, Michael (2001). 1968 and all that... *SAGE publications: Progress in Human Geography* [Internett], 25 (2). Side 157-188. Tilgjengeleg frå:  
<http://phg.sagepub.com/content/25/2/157.short> [Lest 03.11.2015]

Werenskjold, Rolf (2010). Opprørsket Aftenposten. *UiO, institutt for medier og kommunikasjon* [internett], 04.07.2006. . Tilgjengeleg frå:  
<http://www.hf.uio.no/imk/forskning/aktuelt/aktuelle-saker/2012/werenskjold.html> [lest 14.10.2015]

Zurutza, Karlos (2015). Refugees: Desperate journeys: Rescued Mediterranean Sea survivors. *Aljazeera* 13.oktober, 2015. Tilgjengeleg frå:  
<http://www.aljazeera.com/indepth/features/2015/10/desperate-journeys-rescued-mediterranean-sea-survivors-151011100855750.html> [Lest 14.10.2015]

Øverland, Arnulf (1937). *Den røde front: Dikt*. Oslo, Tiden norsk forlag



## Vedlegg 1. Informasjonsskriv

---

Eg er masterstudent ved sosiologisk institutt ved universitetet i Bergen, og er på utkikk etter informantar som kan ta del i eit prosjekt. Temaet for prosjektet er engasjementet til studentar ved universitetet i Bergen som er aktive i politisk arbeid på den radikale venstresida, som eg i mitt prosjekt vel å kalle for 'venstreaktivistar'. Dette ønskjer eg å gjere gjennom ein komparativ studie av studentar som er aktive i dag, og dei som var studentar på 1970 talet. Eg er interessert i å 'avdekke' og forstå kva som får/fekk desse studentane til å engasjere seg, og korleis ein kan forstå begge desse formane for engasjementet gjennom emosjonelle og moralske aspekt ved sosial protest. Dette ønskje eg å gjere gjennom kvalitativt djupintervju med 14 personar, sju i frå kvar av desse 'studentgenerasjonane'. For å kunne utføre dette prosjektet treng eg informantar som ønskjer å la seg intervju, som kan gjeve meg innblikk i sine erfaringar og tankar. Dette er personar som studera i dag eller studerte ved universitetet i Bergen på slutten av 60 og på 70 talet, og som er/var aktive på den radikale venstresida (demonstrasjonar, politisk arbeid, solidaritetsarbeid, stands osv) i den same tidsperioden.

Intervjua er lagt opp til å vare i om lag ein til ein og ein halv time. Dette vil bli teke opp på lydband, som sjølvstilt saman med transkripsjonane skal slettast etter at dette prosjektet er over. Spørsmåla vil omhandle ditt engasjement som student og di oppleving av det å vere aktivist. Det er frivillig å delta i studien, og du kan trekke deg når som helst, utan å måtte oppgjewe noko årsak. Intervjuet vil vere anonymt, dette gjeld også alle personlege opplysningar om deg, som vil bli lagra på ei passordbeskytta datamaskin. Prosjektet skal etter planen avsluttast 15 august, og personopplysningane og opptak vil deretter bli slettet eller makulerte. Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS (NSD).

Dersom du ønskjer å delta eller har øvrige spørsmål til studien, ta kontakt med meg, Anette Berge, på telefon 93696499, eller på e-post [anette.berge@student.uib.no](mailto:anette.berge@student.uib.no). Rettleiar for dette prosjektet er Alf Gunvald Nilsen som er førsteamanuensis ved sosiologisk institutt ved SV fakultetet, UIB.

Med venleg helsing

Anette Berge

## Vedlegg 2. Intervjuguide 1. (60/70 tals studentar)

---

- Studieretning

### Engasjementet i Bergen

- Kva studentar i forhold til studieretning vil du seie var dei mest aktive på den radikale venstresiden?
  - Kvifor trur du desse var mest aktive?
- Kva meiner du skapte behovet for engasjementet? (Kva var årsaka til radikaliseringa?)
- Kan du fortelje litt om korleis aktivismen kom til uttrykk i bybiletet i Bergen på 70 talet?

### Engasjementet

- Var du engasjert før du begynte på universitetet?
  - Korleis påverka studenttilværa engasjementet ditt?
- Kva meiner du det var som fekk ulike studentar og andre til å engasjere seg som aktivister på 60/70 talet?
  - Kvifor mobiliserte dette studentar?
  - Kva fekk ein til å fortsette? (ikkje berre knytt til ei enkeltsak)
- Kan du fortelje litt om kva som engasjerte deg den gongen?
  - Kvifor engasjerte dette deg?
  - Hugs du korleis du opplevde dette den gangen?
- **Viktigaste kampene** for deg då du var aktivist?
  - Kan du fortelje om nokre av desse? (**Hjertesaker**)
  - Korleis blei du engasjert i nettopp desse sakene?
  - Følte du deg nokon sinne ei form for tvang eller **plikt** til å engasjere deg? (Både i forhold til organisasjonen og til det å ta del?)
- Opplevde du nokon **utfordringar** med å vere aktivist på denne tida?
  - Påverka dette livet ditt på andre områder? (korleis)
  - Korleis opplevde du dette?
    - **Reaksjonar**? (foreldre, vener, andre studentar osv)
    - Kva reaksjonar?
    - Korleis opplevde du dette?
    -

- Var du med i nokon **politisk organisasjon** eller gruppering som student?
  - Korleis opplevde du det å vere medlem i ein organisasjon der andre meinte det same som deg? (fellesskap?)
  - Korleis opplevde du dei menneskja du var aktive samen med? (som **typar**?)
  - Kvifor var det med akkurat denne organisasjonen som gav deg lyst til å jobbe på vegne av den? (Kva var **tiltalande** med denne/**fråstøytande** med andre org?)
  
- Korleis opplevde du å ta del i **ulike former aktivisme** som student? (demonstrasjonstog, stands, studiesirkklar, aksjonar osv)
  - Kva aktivismeformar likte du best? (kvifor likte du desse best?)
  - Andre erfaringar enn med aktivismen enn at det var politisk? (hyggelig, kjekt, sosialt osv?)
  - (Identifisering med gruppe/rørsle?)
  - Korleis påverka dette din livssituasjon på denne tida?
  - (Dersom ein ikkje kjem frå Bergen) Hjelpte det deg eventuelt til å finne deg til rette som student eller i byen generelt?
    - Vil du seie at dette var avgjerande for kvifor du engasjerte deg? (Viss ja, kvifor?)
  
- Korleis ser du attende på denne tida?
- Kva vil du seie er (eit av) dine **beste minne** frå denne tida som aktivist?
  - Kvifor?
  
- Trur du mange av dei som var aktive den gongen har det same tankesettet i dag?
  - Vil du sei at du sjølv har det same tankesettet i dag?
  - Er du engasjert i dag?

### Dagens aktivistar

- Kva tenkjer du om studentar som er aktive som aktivistar i dag?
  - Kva tenkjer engasjerte unge menneskjer i dag?
  - Kva tenker du om behovet for desse?

## **Vedlegg 3. Intervjuguide 2. (Dagens studentar)**

---

- Studieretning
- Foreldre som er/var aktive?

### Engasjementet i Bergen

- Er det mange av studentane på universitetet som er aktive som venstreaktivistar i Bergen i dag?
  - Kva studentar vil du seie er mest aktive?
  - Kvifor?
- Korleis er det å vere aktivist i Bergen i dag?
  - Miljø, fellesskap/samarbeid osv?
  - Formar for aktivisme?
  -
- Kva trur du er bakgrunnen folk engasjerer seg?
  - Drivkrafta for engasjementet?

### Engasjementet

- Kan du fortelje litt om bakgrunnen for at du sjølv engasjere deg som aktivist på den radikale venstresida i dag?

Kor lenge har du vore aktiv som aktivist i Bergen?

- Aktiv før universitetet?
  - Korleis påverka studentværa engasjementet ditt?
- Kan du fortelje om nokon av dei første sakene som gjorde deg engasjert?
    - Korleis opplevde du dette ?
    - Kvifor engasjerte dette deg?
    - Kva/kven fekk deg opptatt av dette?
  - Kan du fortelje om kva som er det viktigaste med dette arbeidet for deg?
    - Hjertesaker? (kvifor?)
    - Korleis opplever du det å arbeide med dette?
    - Kva får du ut av å vere aktivist?
  - Kva er det som får deg til å fortsette?
    - Oppleving av tvang eller **plikt** til å engasjere deg?  
(Både i forhold til organisasjonen og til det å ta del?)
  - **Utfordringar** med å vere aktivist?
    - Påverka dette livet ditt på andre områder? (korleis)
    - Korleis opplevde du dette?
    - **Reaksjonar**? (foreldre, vener, andre studentar osv)
    - Kva reaksjonar?
    - Korleis opplever du dette?
    - Korleis påverkar ditt engasjement din livssituasjon/ dit daglegliv?
    - Er det vanskelig å leggje frå seg?

- Er du med i nokon politisk organisasjon?
  - Korleis opplever du det sosiale miljøet i denne grupperinga?
  - Korleis opplever du dei folka som du er aktive med som typar?
  - Kvifor er du med i denne organisasjonen og ikkje nokon annan?  
(Kva var det **appellerer** med denne, og kva var det med andre som var **fråstøytande**?)
  - Korleis opplever du det å vere med i ein organisasjon/gruppering der andre meiner det same som deg?
  - Korleis vil du sei dette har virka inn på di erfaring som aktivist?
  - Vil du sei at det politiske miljøet har hjelpt deg til å byggje sosiale band?  
(På kva måte?)
- Kva **aktivistformar** syntes du er det kjekkast å vere med på demonstrasjonar, stands, aksjonar osb?
  - Kvifor likar du denne/desse best?
  - Korleis opplever du det å ta del?
  - Kva er det beste med å vere med på aksjonar?
  - Føler du det at det å delta i dei ulike formane for aktivisme at du identifisera deg med ei gruppe? (på kva måte?)
  - Kva er det kjekkaste med å vere aktivist i Bergen?
- Kva legger du i omgrepa venstreradikal og venstreradikal?
  - Assosiasjonar
  - Er dette ei skildring som du føler du passar til?
  - Kva med andre som er engasjerte på same måte som deg i Bergen?
- Kva tenkjer du om ditt framtidige engasjement?

60/70 tals studentar:

- Kva tenkjer du om årsaka til radikaliseringsen på 60/70 talet?
  - Kva engasjerte?
  - Kva tenkjer du om behovet?
- Kva tenkjer du denne generasjonen har hatt å seie for dagens aktivistar?
- Kva tenkjer du om deira engasjement i dag?

